

NOREGS OFFISIELLE STATISTIKK XI 308



JORDBRUKSSTATISTIKK
1957

Agricultural Statistics 1957

STATISTISK SENTRALBYRÅ
OSLO 1958

Noregs offisielle statistikk, rekke XI

Norway's Official Statistics, series XI

Rekkje XI

Prenta 1957

- Nr. 268 Folkemengden i herreder og byer 1. januar 1956 *Population in rural districts and towns*
— 269 Norges jernbaner 1953—54 *Chemins de fer norvégiens*
— 270 Veterinærvesenet 1954 *Service vétérinaire*
— 271 Folketellingen 1. desember 1950 V Barnetallet i norske ekteskap *Population census December 1, 1950 V Fertility of marriages*
— 272 Sinnssykehusenes virksomhet 1955 *Hospitals for mental disease*
— 273 Norges elektrisitetsverker 1955 *Electricity plants*
— 274 Husholdningsregnskaper for jordbruksfamilier 1954 *Family budgets for farmers' families*
— 275 Norges fiskerier 1955 *Fishery statistics of Norway*
— 276 Jordbruksstatistikk 1956 *Agricultural statistics*
— 277 Norges kommunale finanser 1952—53 til 1954—55 *Municipal finances*
— 278 Norges industri 1955 *Industrial production statistics*
— 279 Statistisk årbok 1957 *Statistical yearbook of Norway*
— 280 Norges handel 1956 Del I *Foreign trade of Norway Part I*
— 281 Kreditmarkedstatistikk 1955 *Credit market statistics*
— 282 Folkemengdens bevegelse 1955 *Vital statistics and migration statistics*
— 283 Alkoholstatistikk 1956 *Alcohol statistics*
— 284 Husholdningsregnskaper for alderstrygdde mai 1955—april 1956 *Family budgets for old age pensioners*

Rekkje XI

Prenta 1958

- Nr. 285 Økonomisk utsyn over året 1957 *Economic survey*
— 286 Skogavirkning 1952—53 til 1954—55 *Roundwood cut*
— 287 Bedriftstelling i Norge 24. april 1953 II Varehandel *Census of establishments April 24, 1953 II Wholesale and retail trade*
— 288 Lønnsstatistikk 1955 og 1956 *Wage statistics*
— 289 Meieribruk i Noreg 1955 *Norway's dairy industry*
— 290 Syketrygden 1954 *Health insurance*
— 291 Veterinærvesenet 1955 *Service vétérinaire*
— 292 Norges jernbaner 1954—55 *Chemins de fer norvégiens*
— 293 Norges fiskerier 1956 *Fishery statistics of Norway*
— 294 Norges bergverksdrift 1956 *Norway's mining industry*
— 295 Norges handel 1956 Del II *Foreign trade of Norway Part II*

NOREGS OFFISIELLE STATISTIKK XI 308



JORDBRUKSSTATISTIKK
1957

Agricultural Statistics 1957

STATISTISK SENTRALBYRÅ
CENTRAL BUREAU OF STATISTICS OF NORWAY
OSLO 1958

Utkomen før:

Representativ landbrukstelling 1923 VII nr. 117.

Landbruksareal og husdyrhold 1924 VII nr. 153, 1925 VII nr. 183, 1926 VIII nr. 28, 1927 VIII nr. 39, 1928 VIII nr. 77, 1930 VIII nr. 140, 1931 VIII nr. 166, 1932 VIII nr. 194, 1933 IX nr. 16, 1934 IX nr. 43, 1935 IX nr. 71, 1936 IX nr. 96.

Jordbruksstatistikk 1937 IX nr. 132, 1938 IX nr. 159, 1939—1944 X nr. 99, 1945 X nr. 117, 1946 X nr. 148, 1947 X nr. 161, 1948 X nr. 195, 1949 XI nr. 44, 1950 XI nr. 69, 1951 XI nr. 108, 1952 XI nr. 127, 1953 XI nr. 176, 1954 XI nr. 202, 1955 XI nr. 235, 1956 XI nr. 276.

Jordbrukstellingen i Norge 1949:

Første hefte. Arealet, husdyrholdet m. v. XI nr. 40.

Annet » Eiendomsforholdene, arbeidsstyrken m. v. XI nr. 71.

Tredje » De naturlige jordbruksområder XI nr. 87.

Fjerde » Oversikt XI nr. 103.

Også i 1907, 1917, 1929 og 1939 var det særskilde jordbrukstellingar. Oppgåver over husdyrhald, utsæde m. m. vart henta inn saman med folketellingane i 1835, 1845, 1855, 1865, 1875, 1890 og 1900. Ein viser også til Beretninger om amternes økonomiske tilstand (1827—1920).

Av statistiske publikasjonar som gjeld jordbruket, kan ein elles nemna meieristatistikken (årleg frå 1925) og veterinærstatistikken (årleg frå 1889) og av serskilde etterrekna:

Husdyrbruket. Produksjon 1927/28 VIII nr. 98.

» » 1946/47 XI nr. 24.

Svineholdet 3. april 1934 og 1933 IX nr. 38.

Pelsdyrtellingen 1. september 1934 IX nr. 65.

» » 1936 IX nr. 115.

» » 1946 X nr. 151.

Beitetellingen 1935 IX nr. 110.

Bureising med statsstøtte 1921—1936 X nr. 1.

Gårdbrukernes og småbrukernes formue og gjeld 1932/33 IX nr. 18.

Bondenes bruttoformue og gjeld 1940, 1944 og 1946 X nr. 183.

Føreord

Dette heftet inneholder resultata frå ei representativ jordbrukssteljing pr. 20. juni 1957. I Statistiske meldinger nr. 12, 1957, gav Byrået ei førebels melding om desse resultata. Omframt oppgåver over areal og husdyrhald, vart det også innhenta oppgåver over tekniske hjelpperåder og arbeidstilhøve for kvinnene på bruket. I dette heftet vil ein elles finna opplysningar om avkastninga i jord- og hagebruket, prisar på produkt og produksjonsmiddel m. m. Ein finn dessutan eit oversyn over verksemda til Jordskifteverket og fjøsrekneskapslaga.

Konsulent Norvald Ones og sekretær Alfred Gustafson har stått for arbeidet med statistikken og utarbeidd manuskriptet.

Statistisk Sentralbyrå, Oslo, 7. juni 1958.

Petter Jakob Bjerve.

Arne L. Aaseth.

Innhold

	Side
Oversyn.	
Det statistiske materialet	7
Areaal	7
Maskinar og reiskapar	12
Jordskifte	13
Avlinga: jordbruket og hagebruket	14
Bruken av kunstgjødsel og kraftfør	22
Husdyrhaldet	25
Fjøskontrollen	31
Husdyrprodukta	31
Lønene i jordbruket 1957–58	37
Prisar på landbruksprodukt og produksjonsmiddel m.m.	41
Arbeidstilhøve og tekniske hjelperåder for kvinnene i jordbruket	56
Tabellar.	
I. Jordbruksarealet 1957. Dekar	74
II. Husdyrhaldet pr. 20. juni 1957	76
III. Avlinga i jordbruket 1957	78
IV. Avlinga i hagebruket 1957	83
V. Utsæde, avl, innførsle m. m. av korn og poteter	86
VI. Jordskifte 1859–1956	88
VII. Oppgåver frå fjøskontroll-laga 1905–1957	89
VIII. Lønene i jordbruket. Menn	90
IX. Lønene i jordbruket. Kvinner	92
X. Lønene i jordbruket 1957–58 jamførde med 1956–57 og 1948–49	94
XI. Arbeidstilhøve og tekniske hjelperåder for kvinnene i jordbruket. Alle bygder. Totaltal	96
XII. Arbeidstilhøve og tekniske hjelperåder for kvinnene i jordbruket. Alle bygder. Relativtal	97
XIII. Arbeidstilhøve og tekniske hjelperåder for kvinnene i jordbruket. Bruk med over 5 dekar jordbruksareal. Dei einskilde fylke. Totaltal	98
XIV. Arbeidstilhøve og tekniske hjelperåder for kvinnene i jordbruket. Bruk med over 5 dekar jordbruksareal. Dei einskilde fylke. Relativtal	100
XV. Arbeidstilhøve og tekniske hjelperåder for kvinnene i jordbruket. Fylkesvis for dei ymse bruksklassar rekna etter jordbruksareal	102
Vedlegg.	
Rundskriv og skjema	110

Contents

	Page
General survey.	
The statistical material	7
Area	7
Machinery and equipment	12
Redistribution of intermixed holdings	13
Crop: agriculture and horticulture	14
Use of commercial fertilizers and feedstuff	22
Number of domestic animals	25
Milk recording	31
Livestock products	31
Wages in agriculture 1957–58	37
Prices for agricultural products, producer goods, etc.	41
Working conditions and technical help for women in agriculture.....	56
Tables.	
I. Agricultural area in 1957. Decares	74
II. Number of domestic animals, June 20, 1957	76
III. Agricultural production in 1957	78
IV. Horticultural production in 1957	83
V. Seed sown, production, imports, a.s.o. of grains and potatoes	86
VI. Redistribution of intermixed holdings 1859–1956	88
VII. Milk recording associations 1905–1957	89
VIII. Wages in agriculture. Men	90
IX. Wages in agriculture. Women	92
X. Wages in agriculture 1957–58 compared with 1956–57 and 1948–49	94
XI. Working conditions and technical help for women in agriculture. All rural districts. Total figures	96
XII. Working conditions and technical help for women in agriculture. All rural districts. Relative figures	97
XIII. Working conditions and technical help for women in agriculture. Holdings with over 5 decares agricultural land. The various counties. Total figures	98
XIV. Working conditions and technical help for women in agriculture. Holdings with over 5 decares agricultural land. The various counties. Relative figures	100
XV. Working conditions and technical help for women in agriculture. Specification by counties for the various groups of holdings classified according to agricultural land	102
Appendices.	
Circulars and questionaries	110

Oversyn

Det statistiske materialet.

Den representative jordbrukssteljinga pr. 20. juni 1957 er gjennomført på same måten som i åra 1946–1948 og 1950–1956. Teljinga skulle femna over ca. 10 prosent av bruken med over 5 dekar jordbruksareal. I utvalet var alle herad og bruksklassar representerte i høve til talet på bruk, men med tilfelleleg utval innan kvar bruksklasse.

I 1946–1948 var det den fullstendige jordbrukssteljinga i 1939 som låg til grunn for utvalet av representative bruk. For 1950 og dei seinare år er det teljinga i 1949 som ligg til grunn for utvalet. Sjå elles «Jordbruksstatistikk 1950».

Utrekningane for 1957 byggjer på oppgåver fra 21 700 bruk. Dette svarar til 10,17 prosent av alle bruken med over 5 dekar jordbruksareal i 1949. Jordbruksarealet ved dei bruken som var med i teljinga, var 1 055 000 dekar i 1949. Det svarar til 10,28 prosent av jordbruksarealet ved alle bruk med over 5 dekar jordbruksareal. Bruka mellom 20 og 100 dekar er etter måten litt sterkare representerte enn dei andre bruksgruppene.

På grunnlag av dei prosentvise brigde i areal og husdyrhald frå 1949 til 1957 ved dei bruken som er med i teljinga, har ein rekna ut arealet og talet på husdyr i dei einskilde fylke. Jeløy er rekna saman med bygdene i Østfold, og Aker er rekna med i Akershus.

Skjema og rettleiling for teljinga er prenta som vedlegg bak i boka.

Areala.

Tabell 1 gjev eit oversyn over åker- og hagearealet.

Tabell 1. Åker- og hagearealet. Bygdene i alt.

	Korn og erter	Poteter	Rot- vokstrar	Grøn- saker	Annan åker og hage	Åker og hage i alt
a) Dekar.						
1939	1 836 741	506 927	225 434	52 787	323 779	2 945 668
1949	1 520 089	582 410	154 379	43 012	401 123	2 701 013
1950	1 567 693	589 605	166 080	47 572	346 808	2 717 758
1951	1 613 629	585 166	165 797	52 526	365 395	2 782 513
1952	1 688 710	579 473	164 783	62 328	361 894	2 857 188
1953	1 744 361	561 483	173 268	64 467	363 599	2 907 178
1954	1 871 034	545 342	166 486	48 632	382 005	3 013 499
1955	1 913 490	561 155	155 638	59 848	406 636	3 096 767
1956	1 992 500	581 455	155 943	65 336	395 174	3 190 408
1957	2 125 660	551 964	152 039	58 565	397 382	3 285 610
b) Relative tal. 1949 = 100.						
1939	120,8	87,0	146,0	122,7	80,7	109,1
1949	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0
1950	103,1	101,2	107,6	110,6	86,5	100,6
1051	106,2	100,5	107,4	122,1	91,1	103,0
1052	111,1	99,5	106,7	144,9	90,2	105,8
1053	114,8	96,4	112,2	149,9	90,6	107,6
1054	123,1	93,6	107,8	113,1	95,2	111,6
1955	125,9	96,4	100,8	139,1	101,4	114,7
1956	131,1	99,8	101,0	151,9	98,5	118,1
1957	139,8	94,8	98,5	136,2	99,1	121,6

Aker- og hagearealet auka frå 2,95 mill. dekar i 1939 til 3,39 mill. dekar i 1942. Deretter var det heller sterkt nedgang framover til 1947, då arealet var 2,67 mill. dekar. Ved den fullstendige jordbrukssteljinga i 1949 var åkerarealet 2,70 mill. dekar. Sidan har det auka frå år til år og var 3,29 mill. dekar i 1957. Åker- og hagearealet var då 11,5 prosent større enn i 1939. Arealet til korn, poteter og grønsaker var større i 1957 enn i 1939, medan arealet til rotvokstrar var mindre. Også grønførarealet var mindre enn i 1939.

I tabell 2 er det meir detaljerte arealoppgåver for åra 1949, 1956 og 1957. Tabell I bak i boka viser arealet i 1957 fylkesvis for dei einskilde vokstrane.

Tabell 2. Bruken av arealet i 1957 samanlikna med 1949 og 1956.

	Arealet i dekar			Brigde 1949–57		Brigde 1956–57		
	1949	1956	1957	I dekar	I pet.	I dekar	I pet.	
Haustkveite	7 133	49 961	19 005	+ 11 872	+ 166,4	30 956	— 62,0	
Vårkveite	301 142	157 476	121 657	— 179 485	— 59,6	35 819	— 22,7	
Haustrug	5 634	6 680	3 339	— 2 295	— 40,7	3 341	— 50,0	
Vårrug	4 264	2 468	2 335	— 1 929	— 45,2	133	— 5,4	
Bygg	399 563	1 086 363	1 352 570	+ 953 007	+ 238,5	266 207	+ 24,5	
Havre	758 499	663 278	605 256	— 153 243	— 20,2	58 022	— 8,7	
Blandkorn	38 982	22 320	18 362	— 20 620	— 52,9	3 958	— 17,7	
Erter	4 872	3 954	3 136	— 1 736	— 35,6	818	— 20,7	
Korn og erter i alt..	1 520 089	1 992 500	2 125 660	+ 605 571	+ 39,8	133 160	+ 6,7	
Grønfør	163 607	109 298	118 558	— 45 049	— 27,5	9 260	+ 8,5	
Poteter	582 410	581 455	551 964	— 30 446	— 5,2	29 491	— 5,1	
Førneppe	47 453	39 282	37 172	— 10 281	— 21,7	2 110	— 5,4	
Kålrøt	71 802	80 766	80 242	+ 8 440	+ 11,8	524	— 0,6	
Förbete	23 861	17 135	14 393	— 9 468	— 39,7	2 742	— 16,0	
Förmergkål	11 263	18 760	20 232	+ 8 969	+ 79,6	1 472	+ 7,8	
Grønsaker	43 012	65 336	58 565	+ 15 553	+ 36,2	6 771	+ 10,4	
Andre vokstrar på åker og i hage ¹ ..	199 338	224 683	219 471	+ 20 133	+ 10,1	5 212	— 2,3	
Brakk	38 178	61 193	59 353	+ 21 175	+ 55,5	1 840	— 3,0	
I alt åker og hage..	2 701 013	3 190 408	3 285 610	+ 584 597	+ 21,6	95 202	+ 3,0	
Eng til slått	{ Eng på dyr- ka jord ... Natureng på innmark Sæterlykkj. Utslätter .	4 864 775	4 474 611	4 435 406	— 429 369	— 8,8	39 205	— 0,9
		1 097 301	842 985	795 708	— 301 593	— 27,5	47 277	— 5,6
		153 033	110 690	109 317	— 43 716	— 28,6	1 373	— 1,2
		225 430	82 359	70 902	— 154 528	— 68,5	11 457	— 13,9
Eng til beite	{ jord..... på natureng	298 487	363 348	362 359	+ 63 872	+ 21,4	989	— 0,3
		362 137	382 645	372 101	+ 9 964	+ 2,8	10 544	— 2,8
Kultur beite	{ jord på overfl.- dyrka jord	258 997	260 381	271 995	+ 12 998	+ 5,0	11 614	+ 4,5
		494 458	609 537	615 389	+ 120 931	+ 24,5	5 852	+ 1,0
I alt jordbruksareal	10 455 631	10 316 964	10 318 787	— 136 844	— 1,3	1 823	—	
Av dette:								
Dyrka jord	8 123 272	8 288 748	8 355 370	+ 232 098	+ 2,9	66 622	+ 0,8	
Innmark	10 077 168	10 123 915	10 138 568	+ 61 400	+ 0,6	14 653	+ 0,1	

¹ Jordbær og bringebær rekna med.

Siste året auka kornarealet med 133 000 dekar eller 6,7 prosent. Det er den største auken på eitt år sidan 1949. I Hedmark og Oppland var det meir enn 10 prosent auke. I dei fleste austlandsfylka elles og i Rogaland og Nord-Trøndelag var auken 5—8 prosent. Eit par fylke med lite korndyrking hadde relativt større auke. Det var også eit par fylke som hadde mindre kornareal i 1957 enn året før. Sidan 1949 har kornarealet auka med over 600 000 dekar eller 40 prosent. I dei fleste fylka på Austlandet har det vori 40—50 prosent auke. I Vestfold og Hedmark var auken noko større. Oppland hadde vel 30 prosent auke. Det hadde Rogaland og Nord-Trøndelag også. I sume fylke, mest på Vestlandet og i Nord-Noreg, var kornarealet mindre i 1957 enn i 1949. Serleg sterkt nedgang har det vori i Troms, Sogn og Fjordane og Hordaland.

Arealet til haustsæde syntre auke i 1955 og 1956, men sterkt nedgang att i 1957. Østfold hadde om lag halvparten av heile haustsædearealet i 1957.

Arealet til vårkveite gjekk tilbake med 22,7 prosent siste året. Det var nedgang i alle fylka på Austlandet og i Trøndelag, men noko auke i Rogaland. Samla areal til haust- og vårkveite var 141 000 dekar i 1957 mot 207 000 dekar i 1956 og 308 000 dekar i 1949. Samla rugareal var knapt 6 000 dekar i 1957, vel 9 000 dekar i 1956 og knapt 10 000 dekar i 1949.

Byggarealet var 266 000 dekar større i 1957 enn året før. Så stor arealauke på eitt år har det ikkje vori tidlegare. Auken svarar til 24,5 prosent. Det var sterkt auke i alle fylka på Austlandet og i Agder. Elles i landet var auken noko mindre. Samla byggareal var 1 353 dekar i 1957, mot 400 000 dekar i 1949.

Havrearealet gjekk tilbake med 58 000 dekar eller 8,7 prosent siste året. Det var nedgang i mest alle fylke, men nedgangen var ikkje like stor overalt. Havrearealet er redusert med 153 000 dekar eller 20,2 prosent sidan 1949.

Arealet til blandkorn syntre ein nedgang på 17,7 prosent siste året. I 1957 var arealet knapt helvta så stort som i 1949.

Potetarealet var knapt 30 000 dekar mindre i 1957 enn i 1956. Det var ein nedgang på 5,1 prosent. I fylka på Austlandet og i Agder var det 7—12 prosent nedgang. Resten av fylka viste mindre brigde i høve til året før. Sume fylke hadde litt auke. Trøndelag hadde såleis 2—3 prosent større potetareal enn i 1956. Sett i høve til 1949, var det ein nedgang i potetarealet på vel 5 prosent. I sume fylke var det litt auke. Auken var størst i Trøndelag.

Samla areal til rotvokstrar og fôrmergkål var 152 000 dekar i 1957. Det var 4 000 dekar mindre enn i 1956 — ein nedgang på 2,5 prosent. Arealet var om lag like stort i 1957 som i 1949. Det har likevel vori ymse brigde. Arealet til fôrnepe og fôrbete var mykje mindre enn i 1949, medan arealet til fôrmergkål har auka relativt sterkt. Kålrotarealet har også auka. I alle fylka på Austlandet, i Trøndelag og Nordland var arealet til rotvokstrar mindre i 1957 enn i 1949. Dei andre fylka har hatt auke. Auken har vori sterkt i sume fylke.

Dei fleste fylka hadde noko mindre grønsakareal i 1957 enn året før. I alt var det ein nedgang på ca. 7 000 dekar eller 10 prosent. Arealet var likevel ein god del større i 1957 enn i 1949.

Grønfôrarealet auka siste året med vel 9 000 dekar eller 8,5 prosent. Auken fall serleg på stroka utanom korndistrikta. Stort sett har det vori nedgang i grønfôrdyrkinga i tida etter 1949.

Arealet til andre vokstrar på åker og i hage gjekk noko tilbake siste året, men var om lag 10 prosent større enn i 1949. Den jorda som blir nytta til frukt- og bærldyrking, er med i dette arealet.

Samla areal til åker og hage har auka kvart år sidan 1949. Siste året var auken 95 000 dekar eller 3,0 prosent. Sidan 1949 har det vori ein auke på 585 000 dekar eller 21,6 prosent. Det har vori 20—30 prosent auke i høve til 1949 i dei

flest fylka på Austlandet, i Rogaland og i Nord-Trøndelag. Elles har auken vori mindre. I nokre fylke har det vori nedgang, såleis i alle fylka i Nord-Noreg.

Engareala til slått har framleis gått tilbake, både på dyrka jord og natureng. Eng til beite gjekk også noko tilbake siste året, medan arealet til varig kulturberte auka. Sidan 1949 har det vori ein nedgang på 430 000 dekar for slåtteng på

Tabell 3. Åker- og hagearealet i 1957 i høve til 1949 og 1956.

	Korn og erter	Poteter	Rot- vokstrar	Annan åker og hage	Åker og hage i alt
a) Relative tal. 1949=100.					
Østfold	143,9	81,5	79,0	117,2	128,3
Akershus	146,4	80,6	92,2	84,5	125,1
Hedmark	155,6	85,1	85,8	89,2	129,1
Oppland	130,9	99,3	79,4	87,8	117,3
Buskerud	141,7	84,7	86,6	124,6	127,7
Vestfold	172,1	89,8	88,5	102,2	140,6
Telemark	147,6	88,0	94,8	126,9	125,0
Aust-Agder	118,5	90,7	157,6	128,4	114,4
Vest-Agder	70,0	90,5	148,9	99,6	87,9
Rogaland	135,8	100,2	135,3	123,2	122,4
Hordaland	46,4	90,2	166,9	119,6	101,3
Sogn og Fjordane	28,6	103,1	184,0	115,3	98,7
Møre og Romsdal	92,4	102,9	139,8	104,3	102,1
Sør-Trøndelag	115,2	109,8	86,9	115,2	112,3
Nord-Trøndelag	132,1	122,6	85,7	87,5	123,1
Nordland	84,7	100,2	53,2	80,0	89,4
Troms	17,5	101,6	106,7	95,2	96,8
Finnmark	—	85,9	—	63,7	69,7
Bygdene i alt.....	139,8	94,8	98,5	102,7	121,6
b) Relative tal. 1956=100.					
Østfold	102,0	88,4	88,6	107,7	100,5
Akershus	104,5	93,1	98,3	95,5	102,1
Hedmark	111,1	88,7	98,7	93,2	105,3
Oppland	110,3	91,6	101,6	104,5	105,8
Buskerud	107,3	91,4	94,6	94,4	102,6
Vestfold	107,3	91,1	97,0	89,5	102,5
Telemark	107,4	91,6	101,5	91,7	100,2
Aust-Agder	153,1	90,3	118,3	108,5	116,3
Vest-Agder	110,6	93,1	92,9	101,2	100,2
Rogaland	107,9	97,6	101,3	97,9	102,4
Hordaland	102,0	98,4	98,9	100,2	99,5
Sogn og Fjordane	95,5	100,5	98,0	90,4	95,5
Møre og Romsdal	100,7	101,0	99,4	107,7	102,3
Sør-Trøndelag	102,7	102,3	95,0	112,6	103,3
Nord-Trøndelag	105,1	103,4	93,8	98,7	103,7
Nordland	95,4	98,9	96,1	101,9	99,4
Troms	139,1	100,6	169,5	115,9	107,0
Finnmark	—	96,4	..	127,9	114,3
Bygdene i alt.....	106,7	94,9	97,5	99,0	103,0

dyrka jord. Naturenga til slått på innmark er redusert med ca. 300 000 dekar, og av utslätter og sæterlykkjer vart det hausta ca. 200 000 dekar mindre i 1957 enn i 1949. Beiteareala på innmark har sedan 1949 auka med bortimot 210 000 dekar. Av denne auken fell knapt 80 000 dekar på dyrka jord og 130 000 dekar på jord som ikkje er fulldyrka.

Areal dyrka jord har auka noko frå år til år, siste året med 0,8 prosent og sedan 1949 med 2,9 prosent. Innmarksarealet har auka mindre — sedan 1949 med 0,6 prosent. Samla jordbruksarealet var om lag det same i 1957 som i 1956. Det var 1,3 prosent mindre enn i 1949. I Rogaland var det over 10 prosent auke i høve til 1949. For dei fleste andre fylke er det litt nedgang, men brigda er små. Tabell 3 syner brigda fylkesvis for korn og erter i alt, poteter, rotvokstrar, annan åker og hage og samla åker- og hageareal.

Tabell 4 som gjeld oppgåver frå Landbruksdepartementet, syner kor store areal det var som vart *nydyrka* (fulldyrka) og *overflatedyrka*, og kor mykje tidlegare dyrka jord som vart *grøfta* ved hjelp av tilskot og lån i åra 1949–1956.

Tabell 4. Dyrking og grøfting med tilskot
og lån 1949–1956.

	Fulldyrka	Overflate-dyrka	Grøfting av tidlegare dyrka jord
	Dekar	Dekar	Dekar
1949	32 732	19 403	17 915
1950	34 831	27 597	19 626
1951	30 823	26 637	15 217
1952	33 043	26 055	19 280
1953	47 732	30 148	47 976
1954	56 212	29 816	64 400
1955	60 911	28 187	90 376
1956	73 784	28 492	93 108

Tala for 1956 viser sterk auke når det gjeld fulldyrka areal. Det har vori heller stor auke heile tida sedan 1951. Det er små variasjonar frå år til år når det gjeld overflatedyrking. I tida etter 1949 har det overflatedyrka arealet vori mellom 26 000 og 30 000 dekar pr. år. Det vart grøfta noko meir dyrka jord i 1956 enn året før. Både i 1955 og 1956 var grøfta areal stort i høve til tidlegare år.

Tabell 5 gjev dei same oppgåvene fylkesvis for 1955 og 1956.

Tabell 5. Dyrking og grøfting med tilskot og lån. Fylkesvis.

	Fulldyrka		Overflatedyrka		Grøfting av tidlegare dyrka jord	
	1955	1956	1955	1956	1955	1956
	Dekar	Dekar	Dekar	Dekar	Dekar	Dekar
Østfold	669,1	829,9	35,6	69,0	21 196,8	20 056,8
Akershus.....	1 904,3	2 114,0	82,4	61,0	10 210,6	12 230,9
Hedmark	11 958,4	12 478,9	705,0	540,8	17 368,4	12 762,4
Oppland	5 711,0	9 214,8	1 629,2	2 556,2	7 709,1	6 986,7
Buskerud	1 116,6	1 283,1	848,8	629,9	3 372,1	3 891,2
Vestfold	493,1	1 108,4	52,0	125,5	11 635,6	14 265,3
Telemark	807,5	1 074,7	707,6	659,8	3 094,4	3 284,3
Aust-Agder.....	567,6	637,2	265,7	257,3	1 721,0	1 395,2
Vest-Agder	1 077,0	1 091,2	751,0	677,4	880,9	958,9
Rogaland	2 460,4	2 967,8	4 863,1	4 025,4	1 633,2	1 939,3
Hordaland	1 542,6	1 566,0	3 046,4	3 130,7	814,0	793,8
Sogn og Fjordane .	1 763,0	1 581,0	3 737,7	3 171,2	269,4	337,7
Møre og Romsdal .	3 510,4	3 852,6	2 342,3	2 011,5	1 279,1	1 541,4
Sør-Trøndelag	3 796,4	5 045,5	1 899,9	2 043,3	1 894,7	2 529,8
Nord-Trøndelag ..	5 437,5	7 364,6	1 248,6	1 326,3	3 890,4	5 517,2
Nordland	6 860,7	9 044,3	3 335,1	3 672,0	1 955,4	2 710,7
Troms	6 078,9	7 062,4	2 388,9	3 303,9	816,4	1 039,1
Finnmark	5 156,9	5 467,1	247,5	231,2	634,1	867,7
Bygdene i alt	60 911,4	73 783,5	28 186,8	28 492,4	90 375,6	93 108,4

Det var Hedmark som hadde fulldyrka størst areal i 1956. Dernest kom Oppland og Nordland. Overflatedyrkinga var størst på Vestlandet og i Nordland og Troms. Grøfting av tidlegare dyrka jord er mest vanleg på Austlandet. I 1956 vart det grøfta mest i Østfold. Etter dette fylket fylgte Vestfold, Hedmark og Akershus.

Maskinar og reiskapar.

Til vanleg blir det samla inn oppgåver over maskinar og reiskapar berre i samband med dei 10-årlege fullstendige jordbrukssteljingane (sjå publikasjonane frå Jordbrukssteljinga 1949).

Tabell 6 viser innførsle av sume landbruksmaskinar.

Tabell 6. Innførsle av landbruksmaskinar. Stk.

	1952	1953	1954	1955	1956	1957
Traktorar i jord- og skogbruk..	4 890	5 155	7 454	6 562	5 731	7 532
Gjødselspreiarar	200	434	337	627
Såmaskinar for hest og traktor..	478	684	480	746
Slåmaskinar for hest.....			661	472	273	177
Slåtteutstyr for traktor	4 222	2 303	2 180	4 148	3 438	4 665
Sjølvbindarar			233	123	245	224
Skurdtreskjurarar	551	728	473	800
Potetopptakarar			215	268	254	235
Treskjeverk	221	207	64	32	17	22
Motordrivne frukttersprøyter	88	105	126	448	327
Mjølkemaskinar		2 474	3 105	2 162	2 115	1 380
Separatorar	200	400	348	303	246	270

Denne tabellen er no noko meir detaljert enn han var tidlegare. I høve til året før, har det vori sterk auke i innførsla av m. a. traktorar, slåtteutstyr for traktor og skurdtreskjarar. Innførsla av t. d. mjølkemaskinar og slåmaskinar for hest var mindre i 1957 enn i 1956.

I tabell 7 er det gjevi eit oversyn over innanlandsk produksjon av sume landbruksmaskinar og reiskapar etter industristatistikken.

Tabell 7. Innanlandsk produksjon av maskinar og reiskapar til landbruket. Stk.

	1951	1952	1953	1954	1955	1956
Vanlege plogar for hest	1 861	1 999	578	439	459	635
Vanlege plogar for traktor	2 892	2 303	3 578	5 136	5 762	5 612
Horver for hest	4 343	3 156	1 981	1 864	1 988	1 008
Traktorhorver	852	1 159	1 871	3 034	4 353	4 201
Hestehakker	813	772	532	535	634	396
Radreinskjarar for hest	2 435	1 462	1 030	722	559	395
Radreinskjarar for traktor	828	477	473
Naturgjødselspreiarar	634	716	455	463	665	835
Kunstgjødselspreiarar	1 289	1 652	1 649	1 404	1 218	1 273
Sleperiver	6 638	3 543	2 866	2 382	2 334	1 321
Potetopptakarar for hest	1 251	907	835	717	550	525
Potetopptakarar for traktor	140	530	896	939
Potetplogar for hest	1 489	1 455	1 222	1 038	630	216
Potetsorterarar	655	590	371	394	464	452
Hakkemaskinar	406	326	137	116	93	28
Treskjeverk	453	257	255	262	185	165
Rotrasparar og rotksjeremaskinar	877	635	1 294	1 122	1 122	896
Frukttre- og ugrassprøyter	1 754	1 259	1 168	1 334	1 617	3 019

Tabellen er brigda litt i høve til året før, og nokre tal frå 1955 er korrigerte.

Mekaniseringa i jordbruket har haldi fram. Ved utgangen av 1957 vart det rekna med ca. 45 000 traktorar i jordbruket. Av desse var ca. 7 000 2-hjuls traktorar. Talet på skurdtreskjarar har auka til ca. 3 500.

Etter oppgåver frå Driftskredittkassen for jordbruket var det i drift 2 669 maskinstasjonar pr. 1. juli 1957. Desse stasjonane hadde m. a. bortimot 3 300 traktorar, 3 100 plogar, vel 3 400 horver og 1 600 traktorslåmaskinar.

Etter ein etterrøknad i samband med den representative jordbrukstellinga pr. 20. juni 1957 skulle det då vera mjølkemaskin ved ca. 39 000 bruk. Sjå bolken «Arbeidstilhøve og tekniske hjelperåder for kvinnene på bruka» side 56 o. flg.

Jordskifte.

I tabell VI bak i boka er det teki inn nokre oppgåver over Jordskifteverket si verksemد i tida 1859–1956.

I denne tida er det slutta av knapt 31 500 jordskiftesaker med 208 200 lott-eigarar. Det arealet som er skifta, svarar til 35 965 km². Av dette er 4 495 km² innmark og 31 470 km² utmark. Dette gjeld areal som jannast er oppmålt og kartlagt. Noko jord blir skifta utan oppmåling og kart — i 1956 såleis 19 700 dekar.

I tida 1859–1956 har det vori i alt 7 124 overjordskiftesaker.

Avlinga.

Fylgjande utrekningar går inn under den offisielle avlingsstatistikken:

I. For kvar månad i mai—september sender landbruksdirektøren ut ei melding om avlingsvонene for dei ymse jordbruks- og hagebruksvokstrar. Ved utgangen av september blir det gjort ei førebels utrekning av avlingsmengda. I 1957 vart innhaustinga seinka på grunn av vanleg bergingsvér. Avlinga vart difor først rekna ut ved utgangen av oktober.

II. Avlingsresultata for jordbruksvokstrane blir til slutt rekna ut av Byrået på grunnlag av oppgåver frå jordstyra i dei einiske herad (frå og med 1925).

III. På grunnlag av oppgåver frå hagebruksfunksjonærane rekner Byrået ut avlinga frå hagebruket (frå og med 1933).

I Statistiske meldinger nr. 12, 1957, gav Byrået eit førebels oversyn over avlingane i Noreg i 1957 på grunnlag av meldingane frå landbruksdirektøren. Dette oversynet kom ein månad seinare enn vanleg (sjå pkt. I). Melding om hagebruksavlinga — på grunnlag av oppgåvene frå hagebruksfunksjonærane — vart send ut som pressemelding 29. oktober 1957. Dessutan er det gjevi eit oversyn i Statistiske meldinger nr. 12, 1957. Meldingar om avlinga av jordbruksvokstrane, rekna ut på grunnlag av oppgåvene frå jordstyra, er tekne inn i Statistiske meldinger nr. 1, 2 og 3 for 1958.

a) Jordbruket.

Tabell 8 syner avlingane i tonn og prosent av medelsår for åra 1955–1957.

**Tabell 8. Avlinga av dei ymse jordbruksvokstrar i 1957
samanlikna med 1956 og 1955.**

	Avling i tonn			Avling pr. dekar i prosent av medelsåret		
	1955	1956	1957	1955	1956	1957
Korn og erter.....	362 302	545 446	487 494	74,7	105,1	86,4
Poteter	980 648	1 392 375	1 010 035	76,7	104,0	79,6
Fôrnepe	187 565	166 418	166 007	84,3	86,1	89,5
Kålrot	291 261	378 215	346 124	73,5	99,2	90,9
Fôrbete	68 260	78 136	61 116	83,1	90,7	82,3
Fôrmergkål	49 506	100 761	103 604	80,5	98,0	91,0
Høy	2 444 469	2 858 577	3 061 657	81,5	97,6	105,3
Halm	401 554	666 794	623 437	67,5	106,5	94,3
Grønfôr (tørt).....	50 303	59 878	65 805	80,7	97,1	99,4
I alt 1000 f.e.....	1 717 690	2 229 684	2 162 574	78,5	100,6	96,2

Ved omrekninga til føreiningar har ein rekna: 1 f.e. = 1 kg kveite, rug, bygg og erter, 1,2 kg havre, 1,1 kg blandkorn, 4,5 kg poteter, 9 kg kålrot, fôrbete og fôrmergkål, 12 kg fôrnepe, 2,5 kg høy, 4,1 kg halm og 2,5 kg tørt grønfôr. Desse omrekningsfaktorane er nytta for alle år, utan omsyn til kvaliteten av avlinga. Avkastninga frå beita er ikkje med i den avlingsmengda tabell 8 syner. I 1949 vart det rekna med ca. 850 mill. føreiningar frå beita.

Når ein skal døme om prosenttala i høve til medelsåret, må ein vera merksam på at nemninga «medelsår» gjeld den avlingsmengd ein reknar med å få i eit vanleg godt år, når det ikkje er noko serleg som skiplar avlingsvонene. Det er

berre den mest årsikre voksteren, høyet, som gjennom ei lengre árrekke kjem opp i om lag 100 prosent av medelsårsavling. For åkervokstrane ligg medelprosentane for åra etter 1900 mellom 88 og 92 prosent, og for samla avling på 95 prosent.

Tabell 9 gjev meir detaljerte oppgåver over avlinga i 1957. Tabell III bak i boka viser avlinga i dei einskilde fylke.

Tabell 9. Avlinga av dei einskilde jordbruksvokstrar i 1957.

	Areal i 1957 Dekar	Avling i kg pr. dekar	Samla avling i 1957		Prosent av medels- år	Kvali- tet ¹
			Tonn	1000 f.e.		
Haustkveite	19 005	246,5	4 685	4 685	86,7	2,7
Vårkveite	121 657	208,0	25 301	25 301	84,7	2,8
Haustrug	3 339	256,7	857	857	95,3	2,8
Vårrug	2 335	190,7	445	445	86,1	2,6
Bygg	1 352 570	233,3	315 563	315 563	86,6	3,1
Havre	605 256	224,1	135 662	113 052	86,1	3,0
Blandkorn	18 362	238,9	4 386	3 987	87,9	3,0
Erter	3 136	189,8	595	595	81,0	2,9
Korn og erter i alt	2 125 660	229,3	487 494	464 485	86,4	2,9
Poteter	551 964	1 829,9	1 010 035	224 452	79,6	3,4
Fôrnepe	37 172	4 465,9	166 007	13 834	89,5	3,9
Kålrot	80 242	4 313,5	346 124	38 458	90,9	3,6
Fôrbete	14 393	4 246,2	61 116	6 791	82,3	3,8
Fôrmergkål	20 232	5 120,8	103 604	11 512	91,0	4,1
Grønfôr (tørt)	118 558	555,0	65 805	26 322	99,4	3,4
Høy { eng på dyrka jord	4 435 406	610,8	2 708 997	1 083 599	105,6	3,1
frå { natureng på innmark	795 708	374,0	297 556	119 022	103,5	3,0
sæterlykkjer	109 317	363,6	39 753	15 901	104,0	3,0
utslätter	70 902	216,5	15 351	6 140	102,0	3,1
Halm	2 125 660	293,3	623 437	152 058	94,3	3,2
I alt 1000 f.e.				2 162 574	96,2	

¹ Kvalitetsgradering: 5=sers god, 4=mykje god, 3=god, 2=mindre god, 1=dårleg.

Vinteren 1956–57 var mild, med heller lite snø. I midten av april såg det ut til å bli tidleg vår. Men i fyrste halvparten av mai var det kaldt og regnfullt. Våronna vart seinka med 8–14 dagar på Austlandet, i Møre og Romsdal og Trøndelag. Sørlandet, Vestlandet og Nord-Noreg fekk stort sett normal vår. Dei siste dagane i mai var det fint og varmt vær over det meste av landet, med gode vilkår for våronnarbeidet.

I juni var det skiftande temperatur. Det var heller kaldt i slutten av månaden. Stort sett var det likevel bra vokstervilkår sønnafjells. Det var normal nedbør, med unnatak for Sørlandet, der det var noko tørt. I Nord-Noreg var det lite sol, låg temperatur og mykje nedbør. Det var därlege vilkår for plantevoksteren i denne landsluten.

Det vart varmare vær frå ca. 10. juli. Det var mykje nedbør over heile Sør-Noreg. På sume stader, serleg på Austlandet, vart det skadeverknad av lokale regn- og haglbyer. I slutten av månaden var det varmt og drivande vær, serleg i Nord-Noreg. I august var det framleis mykje nedbør sønnafjells. Lokale byer førde til skadeflaum fleire stader på Austlandet. Nordafjells var det meir normal nedbør og periodar med varmt, drivande vær. Utover i september var det framleis

våtsamt vær og mykje nedbør sønnafjells. Det var få dagar med sol og vind. Det vart vanskeleg å koma ut på den blaute jorda med tung reiskap. Serleg ille var det på Austlandet og i Rogaland. Trøndelag hadde mindre nedbør enn normalt i september, men i oktober var det mykje nedbør og dårlig bergingsvêr der òg. Nord-Noreg hadde mindre nedbør i september og oktober, så bergingsvêret var betre der.

Dei store nedbørsmengdene over det meste av landet førde til at høy og grønfôr gav store avlingar, medan korn, poteter og rotvokstrar gav langt under medelsår. Vêrtihøva var slik at kvaliteten av avlinga vart sett ned, både for eng- og åkervokstrane.

Samla avling (beita er haldne utanfor) er utrekna til 2 163 mill. føreiningar. I 1956, som var eit rekordår, var avlinga 2 230 mill. f.e. Tørkeåret 1955 gav ei avling på 1 718 mill. f.e.

Avlinga i 1957 svarar til 259 f.e. pr. dekar. Det er rekna som 96 prosent av medelsår. I 1956 var medelsavling pr. dekar 267 f.e., som vart rekna som 101 prosent av medelsår. Tilsvarande tall for 1955 var 206 f.e. og 79 prosent.

Kravet til medelsårsavling pr. arealeining har auka sterkt. Utviklinga når det gjeld dyrkingsteknikk m. m. har ført til større avlingar av dei einskilde vokstrar. Brigde i bruken av arealet, t. d. større areal til åkervokstrar og mindre natureng, har verka i same leid. Når det gjeld samla avling, vart medelsåret rekna til 205 f.e. pr. dekar i 1939, 232 f.e. i 1949 og 269 f.e. pr. dekar i 1957.

Avlinga av *korn og erter* er utrekna til i alt 487 000 tonn i 1957, mot 545 000 tonn i 1956. Kornarealet var større i 1957 enn året før, men avlinga pr. dekar var mykje mindre. Alle kornslaga, sett under eitt, gav i medel 229 kg pr. dekar eller 86 prosent av medelsår i 1957. Året før var avlinga 274 kg pr. dekar. Det vart rekna som 105 prosent av medelsår.

Relativt minst kornavlingar fekk Hedmark med 73 prosent av medelsår. Østfold, Akershus, Oppland, Møre og Romsdal, Trøndelag og Nordland fekk 85—88 prosent. I dei andre fylka vart det vel 90 prosent av medelsår.

For heile landet under eitt gav vårkveiten 208 kg pr. dekar. Det var 85 prosent av medelsår. I 1956 var avlinga 260 kg pr. dekar — 108 prosent av medelsår. Det var berre i få bygder vårkveiten nådde opp i full medelsårsavling i 1957. På Austlandet og i Trøndelag, der korndyrkinga er størst, vart det noko under 90 prosent av medelsår i alle fylke. Hedmark fekk berre 76 prosent. Det vart dyrka lite haustkveite i 1957. Avlinga vart 247 kg pr. dekar for heile landet under eitt. Det var 87 prosent av medelsår. Samla kveiteavling var 30 000 tonn i 1957, mot 56 000 tonn i 1956.

Det har i lang tid vori lite rugdyrkning her i landet. Areala har blitt mindre og mindre. Hastrugen gav etter måten bra avling i 1957 med 95 prosent av medelsår. Vårrugen gav 86 prosent.

I medel for heile landet gav bygget 233 kg pr. dekar. Det var knapt 87 prosent av medelsår. I 1956 var avlinga 274 kg pr. dekar og 103 prosent av medelsår. Også bygget slo serleg dårlig til i Hedmark, der det berre vart 72 prosent av medelsår. Elles vart det mellom 87 og 97 prosent i fylka på Austlandet, vel 90 prosent i Agder og på Vestlandet og litt under 90 prosent i Trøndelag. På grunn av auken i arealet vart samla byggavling likevel større i 1957 (316 000 tonn) enn i 1956 (297 000 tonn).

Havren gav 224 kg pr. dekar i 1957 for heile landet sett under eitt. Det var 86 prosent av medelsår. Året før var avlinga 275 kg og 108 prosent av medelsår. I Hedmark vart det berre 78 prosent av medelsår. Elles vart det 85—89 prosent i fylka på Austlandet, men Telemark nådde opp i 92 prosent av medelsår. Det var i det heile berre få fylke der havren gav meir enn 90 prosent. I Trøndelag

vart det mindre enn 90 prosent. Samla havreavling for heile landet vart 136 000 tonn i 1957 mot 182 000 tonn i 1956.

Blandkornet gav 239 kg pr. dekar. Det var 88 prosent av medelsår. For erter til mogning var avlinga 190 kg pr. dekar og 81 prosent av medelsår. Areala er små, og avlingsoppgåvene er få og usikre.

Kornkvaliteten var for alle kornslaga därlegare i 1957 enn til vanleg. Mykje korn hadde stort vassinnhald, og det var heller vanleg med grodde korn, både på rot og i hesje. Ein del korn gjekk tapt på grunn av därlege beringstilhøve.

Det vart noko skiftande halmautvalingar i 1957, men for heile landet under eitt vart avlinga 293 kg pr. dekar og 94 prosent av medelsår. Auka bruk av skurd-treskjær gjør avlingstala for halmen meir usikre. Mykje halm blir brunnen eller nedpløgd, men det er òg mykje halm som blir luta og såleis får større förverde.

Potetavlinga i 1957 er utrekna til 1 010 000 tonn. Det var 382 000 tonn mindre enn i 1956 og 29 000 tonn meir enn i tørkeåret 1955. Avlinga pr. dekar var 1 830 kg i 1957. Det var 80 prosent av medelsår. I 1956 vart det 2 395 kg pr. dekar og 104 prosent av medelsår.

Over det meste av landet var avlingane svært skiftande. Medeltala for herada varierte mellom 50 og 100 prosent av medelsår innan dei einskilde fylke sønnafjells. Fylka på Austlandet og i Agder fekk frå 68 til 89 prosent av medelsårsavl — minst i Hedmark og mest i Østfold og Vestfold. På Vestlandet låg fylkestala mellom 63 prosent (i Møre og Romsdal) og 82 prosent (i Sogn og Fjordane). Trøndelag og Nord-Noreg fekk relativt større avlingar, men der òg var det stor skilnad mellom dei einskilde bygder. Finnmark var det einaste fylket som fekk meir enn medelsårsavl — 104 prosent.

Det var åtak av tørr-røt over store delar av landet. Det gjorde seg serleg gjeldande sønnafjells, men òg i ein skilde bygder i Trøndelag. I Nord-Noreg var det lite tørr-røt i 1957.

Rotvokstrar og førmergkål gav jamnare avlingar enn potetene. I mange bygder vart det medelsårsavling eller vel så det, men det var berre få fylke som nådde opp i fullt medelsår for dei einskilde vokstrar. Det var ein del åtak av insekt og klumprot i 1957.

Samla avling av rotvokstrar og førmergkål var 677 000 tonn i 1957. Det var 47 000 tonn mindre enn i 1956. Førnepe gav noko større avling pr. dekar enn året før, medan dei andre vokstrane synte noko nedgang.

For heile landet sett under eitt gav førnepe 4 466 kg pr. dekar. Det er rekna som 90 prosent av medelsår. Kålrota gav 4 314 kg pr. dekar — 91 prosent av medelsår. Fôrbeteavlinga vart 4 246 kg pr. dekar og 82 prosent av medelsår. Førmergkålen gav 5 121 kg pr. dekar, rekna som 91 prosent av medelsår.

Rotvokstrane slo godt til i Vestfold, medan dei gav därlege avlingar i Hedmark. Rogaland har halvparten av fôrbetearealet, men fekk relativt sett sers därleg avling av betene i 1957.

Grønføret gav ei samla avling på 66 000 tonn i 1957. Det vart 555 kg pr. dekar og 99 prosent av medelsår. Både arealet og avlinga pr. dekar var større enn i 1956. Det vart bra avling i alle fylka sønnafjells, noko därlegare nordafjells. Kvaliteten var skiftande og i mange høve mindre god.

Høyavlinga er utrekna til 3 062 000 tonn. I 1956 var avlinga 2 859 000 tonn. Avlinga pr. dekar slåtteng var større i 1957 enn noko år tidlegare, men areaala har vori større før, og i 1953 og 1954 var totalavlinga over 3,1 mill. tonn. Slåttengarealet var 100 000 dekar mindre i 1957 enn året før. Sidan 1949 har det vori ein nedgang på 900 000 dekar. Høyavlinga er utrekna på grunnlag av heile engarealet til slått. Avling frå slåtteng, der fyrste slått blir nytt til silo, er såleis òg rekna med.

For heile landet under eitt gav eng på dyrka jord 611 kg høy pr. dekar. Det var 106 prosent av medelsår. I 1956 var avlinga 563 kg pr. dekar og 98 prosent av medelsår. Kravet til medelsår har i medel for dei siste åra auka med noko over 1 prosent pr. år.

Det vart store avlingar — 105—114 prosent av medelsår — i alle fylka på Austlandet, i Agder og på Vestlandet. Det var berre få bygder som fekk mindre enn medelsårsavling. Slåtten vart sterkt seinka mange stader. Mykje høy stod lenge ute og vart meir eller mindre skadd. Noko høy vart heilt øydelagt, og sjølv velberga høy var ikkje av serleg god kvalitet.

I Sør-Trøndelag var høyavlingane ujamne og gav knapt medelsår for heile fylket under eitt. Kvaliteten var òg skiftande, men stort sett betre enn sønna-fjells. Nord-Trøndelag fekk i det store og heile større høyavlingar enn Sør-Trøndelag. Kvaliteten var òg betre. Både i Nordland og Troms var enga fleire stader sterkt skadd av isbrann, men elles var det bra vilkår for voksteren. Avlingane vart difor svært skiftande. For heile fylket sett under eitt vart det 95 prosent av medelsår i Nordland og 93 prosent i Troms. Også der var det sein slått, og mange bygder hadde dårlig bergingsvær. Einskilde bygder fekk både mykje og godt høy. I Finnmark var enga noko skadd etter overvintringa. Våren var sein, men det var uvanleg drivande vær i veksetida. Det vart store avlingar og bra kvalitet. For heile fylket under eitt vart det 106 prosent av medelsår.

Natureng på innmark gav 374 kg høy pr. dekar — heile landet sett under eitt. Det var 104 prosent av medelsår. I 1956 var det 343 kg pr. dekar og 96 prosent av medelsår. Også naturenga gav jamt store avlingar sønna-fjells. Fylkes-

Tabell 10. Avlinga i jordbruket rekna i 1000 f.e.

	Avling i 1000 f.e.				I prosent av medelsår		
	1936-1940 ¹	1955	1956	1957	1955	1956	1957
Østfold	146 438	103 377	204 348	171 842	60,4	115,1	96,4
Akershus	171 619	119 570	210 037	177 907	64,3	110,7	92,3
Hedmark	192 612	187 243	249 158	216 799	79,3	102,3	86,4
Oppland	170 604	157 271	217 059	213 589	74,6	101,2	98,4
Buskerud	96 736	72 635	116 112	114 492	68,0	107,0	102,3
Vestfold	100 250	74 138	135 384	121 787	61,9	112,7	97,7
Telemark	62 067	46 284	65 986	64 210	71,8	101,0	98,7
Aust-Agder	31 630	24 380	33 230	32 774	76,8	98,6	98,0
Vest-Agder	39 591	34 827	42 337	44 424	79,9	101,7	104,7
Rogaland	105 719	123 025	144 733	135 296	90,4	102,4	94,4
Hordaland	85 756	86 074	95 309	100 351	86,7	99,6	103,8
Sogn og Fjordane.....	73 749	79 018	92 660	101 695	81,7	96,5	107,1
Møre og Romsdal	103 019	112 801	117 375	125 727	86,4	92,5	98,0
Sør-Trøndelag	140 667	145 753	140 563	155 097	90,4	87,2	95,1
Nord-Trøndelag	133 638	155 834	146 094	165 832	95,9	85,9	95,8
Nordland	106 447	111 896	127 583	126 187	84,5	96,7	94,7
Troms	49 184	67 462	73 524	74 197	83,6	92,9	93,1
Finnmark	9 114	16 102	18 192	20 368	84,4	93,4	104,5
Bygdene i alt	1 818 840	1 717 690	2 229 684	2 162 574	78,5	100,6	96,2

¹ Utan grønför, forbeter og förmergkål.

vis skifta det mellom 104 og 115 prosent av medelsår. Nordafjells, med unnatak av Finnmark, vart det under medelsår.

Avlinga frå sæterlykkjene var 364 kg pr. dekar i 1957, og utslåttene gav 217 kg. Det var litt over medelsår. Det blir hausta mindre og mindre av slike engareal.

Tabell 10 gjev eit oversyn over samla avling i jordbruket i dei einskilde fylke for dei siste tre åra, og medeltal for 1936–1940.

Tabell 11 gjev oversyn over avling pr. dekar av dei ymse vokstrar for heile landet under eitt i tida 1925–1957.

Tabell 11. Avling i kg pr. dekar.

	Kveite	Rug	Bygg	Havre	Bland-korn	Po-teter	Før-nepe	Kål-rot	Høy frå	
									eng på jord	natur- eng på innm.
1925—1929.....	171	173	187	187	197	1 777	3 985	3 509	422	222
1930—1934.....	167	177	189	186	191	1 800	3 920	3 652	417	230
1935—1939.....	202	194	206	219	224	1 736	3 920	3 561	459	226
1940—1944.....	167	174	182	177	199	1 709	3 759	3 282	398	217
1945—1949.....	199	190	218	209	229	1 879	3 765	3 202	494	275
1949.....	217	208	216	215	248	1 887	4 104	3 923	547	299
1950.....	209	214	237	231	250	1 892	4 270	4 166	578	314
1951.....	165	185	224	220	230	1 735	3 839	3 848	505	279
1952.....	193	214	231	201	231	2 049	4 206	4 199	550	310
1953.....	225	221	254	248	258	2 225	5 284	5 081	590	322
1954.....	205	219	240	228	245	2 072	4 756	4 188	595	339
1955.....	174	197	207	167	193	1 748	4 139	3 498	473	291
1956.....	269	270	274	275	288	2 395	4 237	4 683	563	343
1957.....	213	230	233	224	239	1 830	4 466	4 314	611	374

Hagebruket.

Utrekningar over hagebruksavlinga har ein for alle år frå og med 1933. Grunnlaget for utrekninga vart revidert i 1950. Tala for medelsårsavling vart då auka. Dette gjorde seg serleg gjeldande for frukt, der dyrkinga har gjort store framsteg i dei seinare år. Også for bær og grønsaker vart medelsårsavlinga auka noko. Dei avlingsmengdene ein har komi fram til ved utrekningane for 1950 og seinare år, kan ein difor ikkje utan vidare samanlikna med utrekningane frå åra før (sjå Jordbruksstatistikk 1950).

Utrekninga av grønsakavlinga gjeld som før berre hovudkulturane. Grønsakarealet i småhagar (kjøkenhagar) som ikkje er spesifisert for dei einskilde grønsakslag, er heller ikkje med i utrekninga. Slik spesifikasjon har ein heller ikkje for byane.

Dei grønsakareaala som er med i utrekninga, svara i 1949 til ca. 75 prosent av heile grønsakarealet. Om lag 23 prosent fall på «kjøkenhagane», og ca. 2 prosent var småkulturar som raudbete, nepe, salat o. a.

For frukt og bær derimot er utrekninga fullstendig, og tek også med byane.

Avlingsoppgåvene skal for alle voksterslag gjelda slik vare som ein kan rekna som godt brukande i hushaldet, eller som god torgvare ved sal. Under «kål» er rekna med dei ymse slag i høve til det arealet dei blir dyrka på i distriktet.

Av tomatene reknar ein med det som når mogning (også ved «ettermogning»). Av dei grøne tomatane tek ein med det som ein reknar blir nytta til sylting.

Heile kålrotavlinga blir i statistikken rekna med under jordbruksvokstrane. Til vanleg går det meste av kårota til fôr, og ein har ikkje materiale som syner kor mykje det er som blir nytta til mat.

Tabell 12 viser utrekna avling i 1957 samanlikna med 1956.

Tabell 12. Avlinga i hagebruket i 1957 samanlikna med 1956.

	Talet på tre og buskar, areal i dekar, m ² 1957		Medels-årsavling pr. eining Kg	Samla medels-års-avling Tonn	Avling i 1957 i pct. av medels-års-avling	Samla avling	
	I pct. av 1949	Utrekna absolutte tal				1956	1957
Tre:							
Eple, summar- og haust- » vinter-	123,3	1 110 244	20	22 205	74,7	22 403	16 595
Pærer	136,4	1 977 373	20	39 547	71,6	44 207	28 307
Plomer	115,7	416 534	22	9 164	72,8	6 687	6 673
Kirsebær og morellar .	122,7	912 202	16	14 595	65,5	16 699	9 562
	105,4	386 783	12	4 641	77,0	4 917	3 574
Buskar:							
Rips	113,4	1 893 835	6	11 363	102,7	11 518	11 667
Stikkelsbær	118,8	1 133 239	4	4 533	101,4	4 741	4 595
Solbær	135,3	1 855 511	3	5 567	101,9	5 521	5 673
Dekar:							
Jordbær	122,8	11 678	500	5 839	93,7	4 390	5 472
Bringebær	112,0	5 687	450	2 559	99,0	2 211	2 533
Kål	138,0	21 147,2	3 200	67 671	105,4	77 189	71 296
Gulrot	135,8	12 261,1	2 800	34 331	107,9	40 190	37 052
Bønner	135,4	1 006,5	650	654	101,9	553	667
Hageerter	216,8	3 980,3	650	2 587	106,9	3 865	2 766
Matlauk	138,6	2 359,3	2 000	4 719	99,8	5 524	4 707
Purre	138,4	853,6	2 500	2 134	109,3	2 249	2 333
Selleri	123,1	620,8	1 500	931	91,2	918	849
Persillerot	117,3	199,3	1 200	239	110,8	243	265
Rabarbra	97,5	513,6	4 000	2 054	103,7	2 077	2 130
Agurkar på friland....	134,5	2 178,3	500	1 089	96,6	641	1 052
Tomatar på friland...	53,1	267,3	1 000	267	71,2	160	190
^{m²}							
Agurkar under glas ...	147,4	154 458	15	2 317	102,2	2 488	2 367
Tomatar under glas ..	192,4	691 071	12	8 293	100,6	8 547	8 341

Frukttrebløminga i 1957 vart noko seinka på grunn av det kalde været i mai. Bløminga var ujamn, og då tilhøva for pollineringa mange stader var mindre gode, vart kartsetjinga ujamn og. Mange stader var det sterke åtak av skurv og rognbærmòl, og lokale haglskader.

Fruktavlinga er utrekna til 64 700 tonn i 1957. Det er noko mindre enn i 1955. I 1954 og 1956 var fruktavlinga ca. 95 000 tonn.

Avlinga av sumar- og hausteple er rekna til 16 600 tonn eller 75 prosent av medelsår. I 1956 var avlinga 22 400 tonn, som då var 104 prosent av medelsår. Det var berre Oppland og Telemark som nådde opp i medelsårsavling i 1957. I Rogaland og Møre og Romsdal vart det ikkje meir enn halv medelsårsavling, og i Nord-Trøndelag fekk dei berre 10 prosent av medelsår.

Avlinga av vintereple er utrekna til 28 300 tonn. Det var 72 prosent av medelsår. I 1956 gav vinterepla 44 200 tonn, som var 115 prosent av medelsår. Berre Telemark fekk full medelsårsavling i 1957. Fleire fylke fekk berre halv medelsårsavling, og i Nord-Trøndelag vart det ikkje meir enn 5 prosent.

Pærene gav 73 prosent av medelsårsavling i 1957. Avlinga er utrekna til 6 700 tonn. Det er det same som i 1956. I 1955, då pærene slo betre til enn dei andre fruktslaga, var avlinga 9 000 tonn. I Sogn og Fjordane gav pærene 110 prosent av medelsår i 1957. Året før var det dette fylke som fekk relativt minst pæreavling. Det var ikkje noko anna fylke som nådde opp i medelsårsavling i 1957. I Østfold og Rogaland vart det berre 40 prosent av medelsår.

Plomeavlinga er rekna til 9 600 tonn i 1957. Det var 66 prosent av medelsår. I 1956 gav plomene 16 700 tonn, som var 116 prosent av medelsår. Sogn og Fjordane var det einaste fylket som fekk medelsårsavling i 1957. Elles var det ikkje noko fylke som fekk meir enn 85 prosent (Hordaland). Relativt minst vart avlinga i Nord-Trøndelag med 15 prosent av medelsår. Rogaland — det fylket som har flest plometre — nådde berre 40 prosent av medelsår.

Kirsebær og morellar gav i alt 3 600 tonn — 77 prosent av medelsår. I 1956 var avlinga 4 900 tonn eller 108 prosent. Østfold og Sogn og Fjordane fekk medelsårsavling i 1957, medan det i Nord-Trøndelag berre vart 15 prosent.

Samla bæravling er utrekna til 29 900 tonn, mot 28 400 tonn i 1956. Ripsen gav 103 prosent av medelsår. I Nordland vart det 120 prosent av medelsår. Dei fleste fylka fekk medelsårsavling eller vel så det. Det vart 102 prosent av medelsår for solbær. Buskerud fekk 125 og Nordland 120 prosent. Elles var det 100—110 prosent i dei fleste fylke. Stikkelsbæravlinga vart 101 prosent av medelsår. Avlingane var jamne. I 4 fylke vart det 110 prosent av medelsår, 9 fylke hadde 100 prosent og resten fekk 90 prosent. Bringebæra gav 99 prosent av medelsår. Dei slo best til i Vestfold med 115 prosent. I Sør-Trøndelag vart det 60 og i Nord-Trøndelag 75 prosent av medelsår. Resten av fylka fekk 90—110 prosent. Jordbæravlinga er utrekna til 94 prosent av medelsår. I Nordland gav jordbæra 115 prosent av medelsår og i 8 andre fylke 100—110 prosent. Det vart relativt minst avling i Akershus, Buskerud og Møre og Romsdal med 80 prosent. Buskerud og Akershus er mellom dei fylka som har størst jordbærareal. Av samla bæravling i 1957 var 11 600 tonn rips, 5 700 tonn solbær, 5 500 tonn jordbær, 4 600 tonn stikkelsbær og 2 500 tonn bringebær.

Avlinga av grønsaker på friland er for 1957 utrekna til vel 123 000 tonn mot knapt 134 000 tonn i 1956. Grønsakarealet var noko mindre i 1957 enn i 1956, men dei fleste grønsakene slo godt til over heile landet.

Av samla grønsakavling i 1957 fall 71 300 tonn på kål. Kålen gav 105 prosent av medelsår. Nordland nådde opp i 140 prosent, og Østfold fekk 120 prosent av medelsår. I dei fleste fylka elles vart det 100—110 prosent. Gulrotavlinga er utrekna til 37 000 tonn, 108 prosent av medelsår. Gulrota slo serleg godt til i Nordland, der det vart 150 prosent av medelsår. Rogaland og Sogn og Fjordane fekk 120 prosent, og elles vart det 100—115 prosent i dei fleste fylka. Bønnene gav 102 prosent av medelsår. Det var heller stor skilnad fylkesvis — mellom 115 prosent i Vestfold og 50 prosent i Møre og Romsdal.

Hageerter slo betre til og gav jamnare avlingar. For heile riket under eitt vart det 107 prosent av medelsår. I Vestfold vart det 125 prosent. Storparten

av fylka fekk medelsårsavling. Matlauken gav medelsårsavling. I Buskerud vart det 115 prosent av medelsår. Elles skifta det mellom 110 prosent i Østfold og 80 prosent i Møre og Romsdal og Sør-Trøndelag. Purren slo godt til og gav 109 prosent av medelsår. Østfold fekk 125 prosent. Elles var det ikkje noko fylke som fekk meir enn 110 prosent, men berre tre fylke med lite purreareal nådde ikkje opp i fullt medelsår. Selleri gav 91 prosent av medelsår i 1957, medan persillerot gav 111 prosent. Rabarbraavlinga svara til 104 prosent av medelsår. Ikkje noko fylke fekk mindre enn medelsår. Agurkar på friland gav 97 prosent av medelsår. Tomatar på friland gav berre 71 prosent. Avlingane var ujamne.

Agurk og tomat under glas gav vel medelsårsavling — 102 og 101 prosent. Avlingane var bra jamne. Dei fleste fylka fekk mellom 90 og 110 prosent av medelsår. Avlinga av agurkar under glas er utrekna til 2 400 tonn i 1957, og tomatavlinga til 8 300 tonn. I 1956 gav agurkane 2 500 tonn og tomatane 8 500 tonn.

Tabell 13 gjev eit oversyn over hagebruksavlinga i åra 1950–1957.

Tabell 13. Avlinga i hagebruket. Tonn.

	Frukt	Bær	Grønsaker
1950	87 086	26 269	105 822
1951	62 581	24 266	93 167
1952	69 138	25 008	98 914
1953	46 691	26 578	148 819
1954	95 581	27 766	105 686
1955	67 428	22 496	109 825
1956	94 913	28 381	144 644
1957	64 711	29 940	134 015

Tabell IV bak i boka viser avlinga av dei ymse hagebruksvokstrar i dei einskilde fylke.

Brukten av kunstgjødsel og kraftfør.

Innhaldet av fosfor og kalium i gjødsel skal ein (sidan 1. juli 1947) gjeva opp som prosentinnhaldet av grunnstoffa fosfor (P) og kalium (K). Dette er i samsvar med den nemninga ein nyttar for kvæve (N). Etter kongeleg resolusjon av 18. april 1947 om handel med kraftfør og kunstgjødsel gjeld dette for all offentleg landbruksverksemd.

Tabell 14. Forbruk av kunstgjødsel rekna i tonn grunnstoff.

	Kvæve (N)	Fosfor (P)	Kalium (K)
1939	10 270	6 464	12 305
1949	25 216	14 108	35 056
1950	36 864	16 171	41 837
1951	30 699	14 949	34 433
1952	33 397	15 490	37 378
1953	36 009	16 558	39 639
1954	34 078	16 252	38 826
1955	35 242	15 832	38 757
1956	37 936	16 047	41 091
1957	43 508	17 910	44 440

Tala i tabell 14 byggjer på dei omsette mengder i dei innkjøpsperiodane som svarar til dei respektive forbruksår. Pris- og værtihøva og andre årsaker kan føra til at ein del kunstgjødsel som er kjøpt med tanke på bruk eitt år, fyrst blir nytta året etter.

Forbruket var om lag 10 prosent større i 1957 enn året før. I høve til 1949 er det ein auke på 72 prosent for kvæve og 27 prosent for fosfor og kalium. Kunstgjødsel med heller høgt innhald av plantenæringsemne er blitt relativt meir vanleg dei siste åra. Rekna som varemengd, var forbruket av kunstgjødsel 437 000 tonn i 1957. Medels prosentinnhald av kvæve, fosfor og kalium sett under eitt var 24,2. I 1950 var varemengda 493 000 tonn, men med eit medels innhald på 19,2 prosent.

Innførsla av reine kraftfôremne auka fram til 1956, då det vart innført 280 000 tonn. I 1957 var innførsla 138 000 tonn.

Tabell 15. Innførsle av kraftfôr i tonn (heil kveite, rug, bygg og havre til fôr ikkje rekna med).

	Mais	Kli	Eggekviterikt (oljemjøl o. l.)	Andre kraftfôremne	Til saman
1939	148 129	59 269	97 067	24 728	329 193
1949	135 111	2 914	30 546	21 742	190 313
1950	131 208	1 499	76 433	39 677	248 817
1951	53 074	—	46	36 348	89 468
1952	93 698	—	14 143	48 998	156 839
1953	105 902	—	48 910	24 503	179 315
1954	49 699	170	52 008	45 695	147 572
1955	89 194	361	82 389	80 029	251 973
1956	58 595	222	99 421	121 809	280 047
1957	44 022	475	49 627	44 260	138 384

I tillegg til dette vart det i 1957 innført i alt 13 000 tonn fôrkorn av kveite, bygg og havre (90 000 tonn i 1956). Omsetnaden av norskprodusert kraftfôr auka frå 294 000 tonn i 1956 til 367 000 tonn i 1957. Ein del av dette vart produsert av innførde råemne, såleis 61 000 tonn kli o. l. og ca. 58 000 tonn kraftfôr frå oljemylnene. Det vart innført ca. 117 000 tonn oljefrø til mylnene i 1957. Av det norske kraftfôret var det elles 47 500 tonn sildmjøl og knapt 200 000 tonn norskavla fôrkorn.

Samla omsetnad av kraftfôr til grossist kom såleis opp i 519 000 tonn i 1957, mot 663 000 tonn i 1956 og 563 000 tonn i 1955. Også i rekneskapsåret 1956–57 var omsetnaden 519 000 tonn, mot vel 700 000 tonn i 1955–56. På grunn av små fôravlingar hausten 1955 var forbruket av kraftfôr serleg stort det året.

Tabell 16 gjev eit oversyn over kraftfôromsetnaden etter oppgåver frå Statens Kornforretning.

Tabell 16. Kraftfôromsetnaden til grossist (i tonn).

	Kolhydratrikts		Eggekviterikts		Til saman
	I alt	Av dette heil kveite, rug, bygg og havre til før	I alt	Av dette sildmjøl	
1939-40	299 219	40 724	173 503	¹ 26 874	472 722
1948-49	217 377	36 463	142 744	74 705	360 121
1949-50	328 704	73 796	197 560	79 108	526 264
1950-51	235 854	45 237	112 396	45 483	348 250
1951-52	282 482	73 231	139 446	62 959	421 928
1952-53	289 878	109 280	138 645	51 536	428 523
1953-54	231 637	99 104	164 107	62 829	395 744
1954-55	316 258	108 676	180 312	51 819	496 570
1955-56	472 648	153 212	235 023	49 316	707 671
1956-57	350 539	198 143	168 692	51 726	519 231

¹ Gjeld også fiskemjøl i 1939-40.

Tabell 17 syner omsetnaden månadsvis for dei to siste åra til grossist, og samla omsetnad frå grossist.

Tabell 17. Kraftfôromsetnaden i dei einskilde månader i 1956 og 1957 (i tonn).

	Omsetnad til grossist					Omsetnad frå grossist I alt	
	Eggekviterikts		Kolhydratrikts ²		I alt		
	Innført	Norsk ¹	Innført	Norsk ¹			
1956							
Januar	9 352	9 873	23 052	11 588	53 865	62 308	
Februar	17 908	13 250	46 103	9 925	87 186	62 876	
Mars	16 597	12 855	54 498	9 235	93 185	66 988	
April	12 281	11 883	44 347	11 435	79 946	87 207	
Mai	15 546	8 479	27 370	8 503	59 898	48 848	
Juni	3 979	9 841	12 122	8 485	34 427	46 444	
Juli	-	5 900	32 522	5 310	43 732	31 118	
August	-	6 644	3 236	7 498	17 378	38 493	
September	-	7 463	14 413	10 876	32 752	37 279	
Oktober	3 332	8 533	3 206	32 914	47 985	44 582	
November	9 236	10 424	402	36 730	56 792	51 086	
Desember	11 152	10 526	8 588	19 662	49 928	36 633	
Året	99 383	115 671	269 859	³ 177 695	³ 662 608	613 862	
1957							
Januar	7 899	11 061	11 443	16 416	46 819	52 516	
Februar	3 910	10 171	5 282	19 287	38 650	46 572	
Mars	7 408	10 636	23 227	13 747	55 018	52 133	
April	8 891	10 376	11 473	14 612	45 352	54 948	
Mai	1 103	11 243	19 246	15 055	46 647	49 524	
Juni	4 343	8 441	676	19 440	32 900	30 765	
Juli	-	5 555	774	17 450	23 779	30 345	
August	4 905	6 261	100	20 017	31 283	36 344	
September	1 189	6 957	9 146	31 402	48 694	38 304	
Oktober	4 182	7 454	2 777	46 016	60 429	47 567	
November	7 386	9 758	3 689	28 096	48 929	47 036	
Desember	442	10 172	11 731	17 874	40 219	44 141	
Året	51 658	108 085	99 564	259 412	518 719	530 195	

¹ Gjeld også norsk produksjon av innførte råemne. Fra 1. juli 1955 er sal av kraftfôr frå bygdemylnene teki med.

² Heil kveite, rug, havre og bygg til før er rekna med.

³ 5 534 tonn utanom månadsoppgåvane er rekna med.

Det fyrste halvåret av 1956 var kraftfôret rasjonert etter dei same retningslinjer som i åra før, men på grunn av tørken i 1955 vart det gjevi ekstrarasjonar vinteren 1955–56.

Fra 1. juli 1956 vart det slutt på kraftfôrrasjoneringa. Prisane på kraftfôret vart då auka, samstundes som eit rabattsystem vart gjort gjeldande. Bruk med over 10 dekar jordbruksareal fekk rett til kjøp av kraftfôr etter redusert pris. Tilvising på slikt kjøp vart gjevi i samsvar med jordbruksarealet og dyretalet på bruket. Dei kraftfôrmengder som kunne kjøpast på denne måten, svara for mjølkekynne om lag til dei tidlegare kraftfôrerasjonar. For svin og høns vart satsane for tilvising av kraftfôr til redusert pris sette relativt lågt. Satsane pr. dyr er avmåta etter bruksgrupper, slik at dei blir mindre med aukande storleik på bruka. Prisreduksjonen vart dessutan avgrensa til 120 kg kraftfôr årleg pr. dekar jordbruksareal som blir drevi i samband med husdyrhald.

Mengdene av rabattkraftfôr pr. dyr vart sette noko ned frå 1. april 1957 for svin og høns, men avgrensinga etter arealet vart sett opp til 150 kg pr. dekar. Samstundes vart prisrabatten redusert frå 22 øre til 20 øre pr. kg. I bolken om prisar m. m. er det gjevi ein noko breiare omtale av kraftfôrprisane.

I rekneskapsåret 1956–57 vart det frå grossist omsett 291 000 tonn kraftfôr mot prisrabatt. Det svarar til vel 55 prosent av samla omsetnad, som var 526 000 tonn.

På Austlandet og i Rogaland var det prisrabatt på knapt halvparten av dei omsette mengder, og i resten av landet på to tredjeparter av omsetnaden.

Husdyrhaldet.

Tabell 18 syner talet på husdyr i åra 1949–1957 samanlikna med 1939.

Tabell 18. Talet på husdyr pr. 20. juni. Bygdene i alt.

	Hestar	Storfe	Sauer	Geiter	Svin	Vaksne høns
1939	203 931	1 455 016	1 743 802	248 916	361 953	3 422 368
1949	198 266	1 224 133	1 735 623	146 594	418 840	3 710 906
1950	190 514	1 236 600	1 811 748	130 045	422 156	3 911 996
1951	183 828	1 230 532	1 928 948	118 828	386 120	3 320 489
1952	175 356	1 151 830	1 986 726	115 417	418 435	3 197 045
1953	167 748	1 150 035	1 985 284	119 092	379 035	3 384 750
1954	158 676	1 180 894	1 952 016	122 693	405 804	3 562 480
1955	150 342	1 171 280	1 921 897	115 557	464 004	3 482 101
1956	142 247	1 111 812	1 825 908	110 378	506 597	3 954 212
1957	133 015	1 103 218	1 820 865	109 918	459 270	3 837 475
Relative tal. 1949 = 100.						
1939	102,9	118,9	100,5	169,8	86,4	92,2
1949	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0
1950	96,1	101,0	104,4	88,7	100,8	105,4
1951	92,7	100,5	111,1	81,1	92,2	89,5
1952	88,4	94,1	114,5	78,7	99,9	86,2
1953	85,6	93,9	114,4	81,2	90,5	91,2
1954	80,0	97,5	112,5	83,7	96,9	96,0
1955	75,8	95,7	110,7	78,8	110,8	93,8
1956	71,7	90,8	105,2	75,3	121,0	106,6
1957	67,1	90,1	104,9	75,0	109,7	103,4

Ved jordbruksteljinga i 1949 var talet på hestar, storfe, sauher og geiter mindre enn i 1939. Nedgangen var serleg stor for geitene. Talet på svin og høns var større enn i 1939. Etter 1949 har det framleis vori nedgang for hest, storfe og geit. Sauetalet synte auke fram til 1952, men har sedan gått tilbake. For svin og høns har det skifta mellom auke og nedgang i åra etter 1949.

Tabell 19 gjev meir detaljerte oppgåver over husdyrhaldet. Talet på husdyr i dei einskilde fylka i 1957 ser ein av tabell II bak i boka.

Tabell 19. Talet på husdyr i 1957 samanlikna med 1949 og 1956.

	Husdyrhaldet 20. juni			Brigde 1949–57		Brigde 1956–57	
	1949	1956	1957	I tal	I pct.	I tal	I pct.
Hestar:							
Under 1 år	8 218	2 608	2 022	—	6 196	75,4	—
1 og 2 år	9 948	4 515	3 505	—	6 443	64,8	1 010
3 og 4 år	24 959	5 919	5 197	—	19 762	79,2	722
5–16 år	134 898	96 919	88 322	—	46 576	34,5	8 597
Over 16 år	20 243	32 286	33 969	+ 13 726	+ 67,8	+ 1 683	+ 5,2
I alt	198 266	142 247	133 015	—	65 251	32,9	9 232
Storfe:							
Under 1 år	269 696	276 924	284 995	+ 15 299	+ 5,7	+ 8 071	+ 2,9
Oksar { 1–2 år	35 128	48 618	44 991	+ 9 863	+ 28,1	3 627	7,5
{ over 2 år	5 783	6 037	5 150	—	633	10,9	887
Kviger (som ikkje har hatt kalv)	144 275	140 594	138 265	—	6 010	4,2	2 329
Kyr (som har hatt kalv)	769 251	639 639	629 817	—	139 434	18,1	9 822
I alt	1 224 133	1 111 812	1 103 218	—	120 915	9,9	8 594
Sauer:							
Under 1 år (lam)	843 589	946 007	948 137	+ 104 548	+ 12,4	+ 2 130	+ 0,2
Over 1 år	892 034	879 901	872 728	—	19 306	2,2	7 173
I alt	1 735 623	1 825 908	1 820 865	+ 85 242	+ 4,9	5 043	0,3
Geiter:							
Under 1 år (kje)	41 810	26 442	24 722	—	17 088	40,9	1 720
Over 1 år	104 784	83 936	85 196	—	19 588	18,7	+ 1 260
I alt	146 594	110 378	109 918	—	36 676	25,0	460
Svin:							
Under 4 månader ...	249 281	283 074	256 748	+ 7 467	+ 3,0	26 326	9,3
Over { slaktesvin ..	111 954	157 952	142 503	+ 30 549	+ 27,3	15 449	9,8
{ ale- { rånar	2 250	3 328	2 928	+ 678	+ 30,1	400	12,0
mndr. { svin { purker	55 355	62 243	57 091	+ 1 736	+ 3,1	5 152	8,3
I alt	418 840	506 597	459 270	+ 40 430	+ 9,7	47 327	9,3
Høns:							
Vaksne	3 710 906	3 954 212	3 837 475	+ 126 569	+ 3,4	116 737	3,0
Kjuklingar	3 031 531	2 286 620	1 789 504	-124 2027	-41,0	497 116	-21,7

Hestetalet gjekk tilbake med 9 200 eller 6,5 prosent siste året. Det er framleis føl og unghest som syner relativt sterkest nedgang, medan talet på hestar over 16 år har auka. Hestetalet var mindre enn i 1956 i alle fylka. Talet på føl

og unghest var 75 prosent mindre i 1957 enn i 1949, og aldersgruppa 5—16 år var redusert med 35 prosent. Rekna i absolutte tal, er det denne gruppa som har størst reduksjon. Talet på hestar over 16 år har auka med 68 prosent sidan 1949. Samla hestetal er redusert med ein tredjedel i dette tidsrommet. Hestehaldet har no ein slik aldersstruktur, at dyretalet i gruppa 5—16 år (dei mest arbeidsføre hestane), framleis vil bli sterkt redusert i dei fyrste åra framover. Talet på eldre hestar vil vera relativt stort. Alle fylke hadde færre hestar i 1957 enn i 1949. I Vestfold er hestetalet redusert med knapt 50 prosent. I Østfold er det òg meir enn 40 prosent reduksjon. Hordaland har minst nedgang, men sjølv der er dyretalet redusert med ca. 25 prosent.

Talet på storfe i alt syntre ein liten nedgang (0,8 prosent) i høve til 1956. For mjølkekyr var det ein nedgang på 1,5 prosent og for kviger 1,7 prosent. Talet på oksar var ca. 9 prosent mindre enn i 1956, medan talet på kalvar under 1 år hadde auka med 2,9 prosent. Nedgangen i storfetalet siste året var størst i Buskerud med knapt 8 prosent. Det var nedgang i dei fleste fylka, men nokre fylke hadde litt auke. Auken var størst i Rogaland med knapt 4 prosent. Sidan 1949 er storfetalet redusert med ca. 10 prosent. Kutalet har minka mest, med 140 000 eller 18 prosent. Talet på kviger har gått tilbake med 4 prosent. Det var såleis fleire kviger pr. 100 mjølkekyr i 1957 (22,0) enn i 1949 (18,8). Talet på oksar har auka sidan 1949. Det er auke for kalvar under 1 år òg. Nedgangen i storfetalet sidan 1949 har stort sett vori sterkest på Austlandet. Tala for Trøndelag syner ein liten auke, og i Rogaland har storfetalet auka med 22 prosent. Rogaland syner ein liten auke i høve til 1949 når det gjeld talet på mjølkekyr òg. I alle dei andre fylka har det vori nedgang. Fylka på Austlandet har hatt relativt størst nedgang, 22—35 prosent.

Talet på sauvar viser noko nedgang for kvart år sidan 1952, men siste året var nedgangen berre 0,3 prosent. Halvparten av fylka hadde litt fleire sauvar i 1957 enn i 1956, andre halvparten syntre litt nedgang. I alle fylka der det er noko nemnande sauehald, var det små brigde frå året før. Trass i nedgangen i dei siste åra, var sauetalet i 1957 knapt 5 prosent større enn i 1949. Talet på lam har auka med vel 12 prosent, medan talet på vaksne sauvar var 2,2 prosent mindre. I 1957 var det 109 lam pr. 100 vaksne, mot 95 i 1949. I Buskerud var sauetalet over 30 prosent større i 1957 enn i 1949. Elles på Austlandet har det vori nedgang. Litt nedgang har det vori i Trøndelag òg. Dyretalet har auka i Nord-Noreg, på Vestlandet (med unnatak av Møre og Romsdal) og i Agder.

Geitetalet har gått noko tilbake dei siste åra, men nedgangen frå 1956 til 1957 var berre 0,4 prosent. Det var litt auke i talet på vaksne geiter, men færre kje. I sume fylke var det fleire geiter i 1957 enn i 1956, i andre fylke var talet mindre. Sidan 1949 er geitetalet redusert med 25 prosent, men reduksjonen har vori mindre for vaksne geiter enn for kje. Det var berre Buskerud og Troms som hadde fleire geiter i alt i 1957 enn i 1949, men talet på vaksne geiter har auka i Møre og Romsdal òg.

I 1956 var svinetalet uvanleg stort. Det var ein nedgang på 47 000 dyr eller 9,3 prosent i 1957. Både smågrisar, slaktesvin og alesvin syntre nedgang siste året. Sume fylke hadde fleire svin i 1957 enn året før. Auken var størst i Østfold med vel 13 prosent. Dei fleste fylka hadde nedgang. Nedgangen var sterkt i sume fylke. Det var likevel ca. 10 prosent fleire svin i 1957 enn i 1949. Serleg stor auke har det vori i Rogaland, der dyretalet er dobla sidan 1949. Østfold, Nord-Trøndelag og Troms hadde meir enn 20 prosent auke. Om lag halvparten av fylka hadde mindre svinehald i 1957 enn i 1949.

Talet på vaksne høns var 3,0 prosent mindre pr. 20. juni 1957 enn året før. Det har vori litt nedgang i dei fleste fylka. I sume fylke har det vori auke —

mest i Troms med vel 28 prosent. Talet på kjkulingar var knapt 22 prosent mindre pr. 20. juni 1957 enn året før, men kjkulingtalet var heller stort i 1956. I ein skilde fylke var det ein nedgang på 30—40 prosent i høve til 1956. For heile landet var det ein nedgang på nær ein halv million kjkulingar. Talet på vaksne høns var vel 3 prosent større i 1957 enn i 1949. Auken har vori relativt størst i Troms og Finnmark. Elles har det vori auke på Austlandet (med unnatak av Hedmark og Oppland), i Hordaland og Nord-Trøndelag. Kjkulingtalet var serleg stort i 1949. Då var det vel 3 millionar kjkulingar pr. 20. juni. I 1957 var talet knapt 60 prosent av dette.

Tabell 20 viser husdyrtalet i 1957 i høve til 1949 og 1956 i dei einskilde fylke.

Tabell 20. Husdyrhaldet i 1957 utrekna som relativtal
i høve til 1949 og 1956.

	Hestar	Storfe	Mjølkekyr	Sauer	Geiter	Svin	Vaksne høns
a) Relative tal. 1949=100.							
Østfold	58,3	83,0	74,9	46,9	—	126,0	120,1
Akershus	61,4	81,1	73,6	56,4	—	96,0	124,9
He..mark	64,9	77,6	69,8	77,0	72,6	86,2	90,8
Oppland.....	69,0	86,5	77,9	94,1	85,5	110,5	85,7
Buskerud	66,1	70,1	64,9	132,7	143,9	85,0	125,3
Vestfold	53,4	80,2	69,2	54,0	—	113,7	110,9
Telemark	64,8	77,9	73,3	96,5	71,1	92,2	107,7
Aust-Agder	70,5	76,2	74,2	103,0	—	94,2	84,8
Vest-Agder	75,7	86,4	81,9	104,1	4,8	114,9	97,3
Rogaland	70,8	122,3	103,5	117,7	54,1	200,0	91,6
Hordaland	76,0	92,4	82,4	105,0	45,8	90,5	123,7
Sogn og Fjordane	68,7	97,3	89,3	109,8	85,8	112,3	96,9
Møre og Romsdal	67,9	97,1	87,4	97,6	98,8	84,7	98,2
Sør-Trøndelag	72,1	101,9	92,7	99,2	24,6	75,4	79,4
Nord-Trøndelag	64,7	102,6	91,1	88,6	57,3	121,1	105,4
Nordland	70,9	87,6	81,5	109,6	74,4	83,4	93,3
Troms	72,5	84,0	84,4	122,3	102,7	125,6	185,3
Finnmark	67,5	80,3	93,0	140,5	15,3	11,2	146,7
Bygdene i alt	67,1	90,1	81,9	104,9	75,0	109,7	103,4
b) Relative tal. 1956=100.							
Østfold	93,6	100,8	99,1	148,9	—	113,3	98,4
Akershus	93,9	97,8	96,8	104,1	—	94,0	97,7
Hedmark	95,2	94,3	93,3	94,1	97,3	86,4	91,7
Oppland.....	95,3	100,4	100,1	97,2	94,7	82,4	96,9
Buskerud	93,3	92,2	92,2	101,8	127,3	74,8	104,6
Vestfold	90,8	96,7	94,8	80,5	—	103,4	104,9
Telemark	93,8	94,5	96,7	101,8	113,0	101,5	89,2
Aust-Agder	93,4	93,5	94,8	97,5	—	100,2	105,7
Vest-Agder	93,0	98,1	96,2	101,3	63,0	76,2	101,8
Rogaland	95,7	103,9	102,8	101,3	103,5	93,8	91,2
Hordaland	94,0	99,7	97,1	101,6	73,1	84,0	95,9
Sogn og Fjordane	89,7	99,5	99,3	99,5	99,4	86,0	111,0
Møre og Romsdal	95,8	100,4	99,5	99,2	98,8	75,1	101,7
Sør-Trøndelag	94,0	99,0	98,8	96,3	104,9	80,7	98,8
Nord-Trøndelag	90,7	99,8	100,0	92,9	105,3	92,3	94,7
Nordland	92,1	101,5	100,7	102,9	109,7	109,9	97,0
Troms	92,3	101,1	98,6	101,1	108,5	103,6	128,5
Finnmark	86,1	103,0	108,9	99,4	138,8	21,4	71,8
Bygdene i alt	93,5	99,2	98,5	99,7	99,6	90,7	97,0

Det var ei representativ husdyrteljing pr. 31. desember 1957, på same måten som i åra 1953–1956. Teljinga femnde over ca. 2 prosent av bruken med over 5 dekar jordbruksareal. Om lag 4 450 bruk var med i teljinga i 1957.

Tabell 21 syner dyretalet i prosent av sumarbuskapen i åra 1953–1957 og 1929. Tala for 1907 og 1918 gjeld buskap ved årsskiftet i prosent av buskap pr. 30. september.

Tabell 21. Vinterbuskap i prosent av sumarbuskap.

		Hestar	Storfe	Sauer	Geiter	Svin	Vaksne høns
31/12 1907 i prosent av 1/1 1918	30/9 1907 ..	98,9	94,0	71,2	75,1	51,3	..
1/1 1929	» 30/9 1917 ..	99,0	94,1	72,5	77,5	51,6	..
31/12 1953	» 20/6 1953 ..	97,7	91,3	54,6	63,9	52,5	..
31/12 1954	» 20/6 1954 ..	95,9	96,9	53,4	84,1	81,2	120,4
31/12 1955	» 20/6 1955 ..	97,1	97,0	54,0	78,2	96,4	121,3
31/12 1956	» 20/6 1956 ..	95,9	91,1	50,3	72,5	88,3	128,7
31/12 1957	» 20/6 1957 ..	96,9	95,3	52,5	81,7	83,0	115,5
		96,1	96,7	53,5	80,8	86,7	110,3

Buskapen er jamt over noko mindre om vinteren enn i sumartida, med unntak for vaksne høns. For hest, storfe, sau og geit var sesongnedgangen i 1957 om lag som i 1956 og 1954. I 1955 var nedgangen noko sterkare enn vanleg på grunn av tørken. For svin var det relativt sterkt sesongnedgang i 1956.

Tabell 22. Sumar- og vinterbuskap 1954, 1955, 1956 og 1957.

	1954		1955		1956		1957	
	20. juni	31. des.						
Tusen stk.								
Hestar i alt	159	154	150	144	142	138	133	128
Storfe:								
Under 1 år	307	273	301	227	277	240	285	258
Oksar over 1 år ...	53	58	60	54	55	51	50	48
Kviger.....	142	149	152	148	140	137	138	137
Kyr	679	665	658	638	640	632	630	625
I alt storfe	1 181	1 145	1 171	1 067	1 112	1 060	1 103	1 068
Sauer og lam	1 952	1 055	1 922	967	1 826	958	1 821	974
Geiter og kje	123	96	116	84	110	90	110	89
Svin:								
Under 4 mndr.....	225	197	258	200	283	218	257	236
Slaktesvin over 4 mndr.....	127	133	140	144	158	140	142	102
Alesvin over 4 mndr.	54	61	66	66	66	62	60	61
I alt svin	406	391	464	410	507	420	459	399
Vaksne høns.....	3 562	4 322	3 482	4 483	3 954	4 569	3 837	4 232

Talet på hestar gjekk ned ca. 10 000 frå desember 1956 til desember 1957. Året før var nedgangen ca. 6 000.

Storfetalet var litt større i desember 1957 enn på same tid året før. I alt var det ein auke på 8 000 dyr. Talet på kalvar under 1 år auka med ca. 18 000, medan det var ein nedgang på ca. 3 000 for oksar og ca. 7 000 for kyr. Kvigetalet var om lag som i 1956.

Talet på sauvar var noko større ved utgangen av 1957 enn året før. Geitetalet syntet ein liten nedgang.

Svinetalet pr. 31. desember 1957 var vel 20 000 mindre enn på same tid året før. For slaktesvin over 4 månader var nedgangen 38 000, men talet på yngre svin hadde auka med 18 000.

Talet på vaksne høns var bortimot 340 000 mindre enn ved førre årsskifte.

Frå og med 1936 har Byrået gjennom jordstyra henta inn oppgåver over talet på purker som er para. I 1956 vart inseminasjon teken i bruk i svinealet. Talet på inseminasjoner var knapt 3 000 det året. I 1957 hadde det auka til vel 8 500.

Tabell 23 syner talet på paringar som relativtal i høve til same månad året før. Talet på inseminasjoner er teki med.

Tabell 23. Svinehaldet. Talet på paringar i dei einskilde månader i høve til same månad året før.

	Jan.	Feb.	Mars	April	Mai	Juni	Juli	Aug.	Sept.	Okt.	Nov.	Des.
1945	86	83	78	59	53	68	78	80	96	162	163	117
1946	106	111	117	167	177	129	110	104	92	85	91	97
1947	99	78	73	78	74	75	67	67	76	80	102	109
1948	86	110	134	140	136	113	130	161	177	201	166	137
1949	148	173	175	139	132	138	140	124	119	99	99	99
1950	88	71	63	52	48	57	62	78	85	81	81	87
1951	88	92	89	123	137	146	146	124	106	111	101	97
1952	101	108	127	110	99	98	93	106	101	97	97	98
1953	94	89	84	86	98	99	111	112	131	128	110	100
1954	98	113	140	138	131	108	130	145	135	114	103	102
1955	121	131	115	110	106	118	126	109	94	87	92	95
1956	113	106	103	95	92	93	84	88	87	83	89	104
1957	113	110	101	97	110	118	120	111	109	103	101	109

Når ein skal døma om desse tala, må ein vera merksam på dei store sesongsvingninga i talet på paringar. Det er flest paringar i desember, og dernest i november, januar og mai, medan det til vanleg er færrest i juli-september. Tala byggjer på oppgåver over bortimot 62 000 paringar i 1957 (inseminasjoner medrekna). Det var 8 prosent meir enn tilsvarande oppgåver i 1956.

Tabell 24 gjev eit oversyn over pelsdyrhaldet.

Tabell 24. Talet på pelsdyr.

	Sølvrev	Blårev	Platinarev	Mink
20. juni 1939	493 000	29 000	5 000	26 000
1. sept. 1946	217 000	107 000	13 000	39 000
20. juni 1949	124 000	88 000	10 000	85 000
» » 1950	130 000	73 000	6 500	87 000
» » 1951	129 000	85 000	4 900	145 000
» » 1952	102 000	65 000	3 000	210 000
» » 1953	56 000	38 000	3 000	270 000
» » 1954	29 000	50 000	1 400	360 000
» » 1955	24 000	80 000	1 000	500 000
» » 1956	14 000	51 000	600	715 000
» » 1957	5 500	38 000	350	780 000

Fjøskontrollen.

I tabell VII bak i boka er det gjevi eit oversyn over fjøskontrollen i tida 1905–1957. Der finn ein også oppgåver for dei einskilde fylke i 1957.

Talet på buskapar og kyr under kontroll var noko mindre i 1957 enn året før. Det har vori nedgang sidan 1951. Samstundes har talet på kyr i alt gått attende. Relativt sett har det dei siste åra vori om lag like mange kyr under kontroll (29–30 prosent).

Kontroll-laga hadde til saman 26 945 buskapar med 185 714 årskyr i 1957. I 1956 var det 27 488 buskapar og 187 274 kyr.

Medels mjølkemengd pr. årsku under kontroll var 3 404 kg i 1957. Det var 130 kg meir enn i 1956. Medels feittprosent var 4,21 i 1957 mot 4,17 i 1956. I 1957 skifta mjølkemengda pr. årsku mellom 3 824 kg i Vestfold og 2 765 kg i Nordland. Feittprosenten skifta mellom 4,45 i Vest-Agder og 4,07 i Østfold og Buskerud. Tabell VII syner församansetjinga også. Relativt sett vart det nytta noko mindre beite og kraftfôr og meir stråfôr og saftig fôr i 1957 enn i 1956. Av samla førmengd i 1957 var 3,3 prosent luta halm, som er rekna med i stråfôret, og 6,9 prosent surfôr, som er rekna med under saftig fôr.

I «Jordbruksstatistikk 1952» er det gjevi ein noko breiare omtale av fjøskontrollverksemda.

Husdyrprodukta.

I samband med den representative jordbrukssteljinga pr. 20. juni 1955 var det ein etterrøknad over husdyrproduksjonen i teljingsåret 20. juni 1954–20. juni 1955. I «Jordbruksstatistikk 1955» er det gjevi eit oversyn over resultata frå denne etterrøknaden. Der finn ein produksjonstal for dei einskilde fylka også.

Tabell 25 viser utrekna produksjon i bygdene sidan 1900. For åra før og mellom produksjonsteljingane (1927–28, 1946–47 og 1949–50) er tala utrekna på grunnlag av desse teljingane og husdyrtala for dei einskilde åra. Tala gjeld samla produksjon utan omsyn til korleis han er nytta. Når det gjeld kjøt og flesk, blir såleis ein auke i buskapen rekna med i produksjonen. Dei siste åra har det stort sett vori nedgang i buskapen. Utrekna produksjon («tilvokster») i året har då vori mindre enn det som er teki ut til slakt m. m.

Tabell 25. Husdyrproduksjonen i tonn. Bygdene i alt.

	Kjøt ¹	Flesk	Kumjølk	Geitmjølk	Egg	Ull (uvaska)
1900	36 500	23 500	885 000	25 800	7 138	2 139
1907	38 698	31 000	1 038 448	26 930	6 756	2 127
1917	44 120	24 000	1 137 040	23 876	9 240	1 981
1929-30	54 388	32 509	1 222 578	31 165	16 333	2 346
1939-40	64 226	37 674	1 522 363	32 132	21 007	2 677
1946-47	49 053	26 589	1 333 851	19 870	9 816	2 618
1947-48	46 876	27 021	1 397 672	19 618	14 640	2 717
1948-49	51 287	19 979	1 477 753	19 568	21 175	2 770
1949-50	54 066	42 628	1 609 024	21 120	26 665	3 067
1950-51	58 394	42 296	1 618 000	19 250	25 823	3 225
1951-52	58 268	41 073	1 578 000	18 250	23 943	3 434
1952-53	57 943	41 983	1 597 000	18 400	24 918	3 536
1953-54	60 288	41 549	1 560 000	18 670	26 942	3 534
1954-55	63 034	49 924	1 547 562	19 741	27 959	3 599
1955-56 ²	60 543	54 243	1 559 000	19 135	29 520	..
1956-57 ²	59 148	53 184	1 617 000	20 630	30 929	..

¹ Kjøt av hest, storfe, sau og geit. ² Førebels oppgåve.

I åra etter 1954-55 har kjøtproduksjonen gått noko ned, medan produksjonen av flesk, mjølk og egg har auka. Tala for åra etter 1954-55 er førebelse og vil bli reviderte ved hjelp av seinare etterrøknader.

I samband med totalrekneskapen for jordbruket set Budsjettetnemnda opp mengdene av husdyrprodukt på ein noko annan måte. Produksjonsteljingane og statistikk over salsproduksjon er lagde til grunn for utrekningane. Tala viser då kva som er teki ut frå buskapen (slakt m. m.). Utrekninga gjeld heile jordbrukssektoren (også byane) og er rekna ut for driftsåret 1. april—31. mars. Av omsyn til nasjonalrekneskapen er det òg gjort utrekning for kalenderåret. Også på andre måtar skil desse utrekningane seg ut frå dei som ligg til grunn for tala i tabell 25. Difor kan ein ikkje utan vidare jamføra desse oppgåvene. Tabell 26 viser husdyrproduksjonen etter totalrekneskapen. Svinn er ikkje medrekna.

Tabell 26. Husdyrproduksjon etter totalrekneskapen for jordbruket. Nettoproduksjon (til sal, heimeforbruk og fôr).

	Kjøt ¹	Flesk	Kumjølk	Geitmjølk	Egg	Ull
	Tusen tonn		Mill. liter		Tusen tonn	
<i>Driftsår</i>						
1954-55	71,7	46,0	1 501	20,7	26,6	4,1
1955-56	79,8	51,5	1 514	21,4	29,3	4,0
1956-57 ²	71,9	54,0	1 573	22,1	31,0	3,8
<i>Kalenderår</i>						
1954	69,7	44,2	1 541	21,3	26,6	4,1
1955	79,0	50,0	1 544	21,9	29,3	4,0
1956	71,9	53,4	1 607	22,8	31,1	3,8
1957 ²	72,8	52,4	1 661	23,1	29,4	3,8

¹ Kjøt av storfe og kalf, sau, geit, hest, fjørfe, rein og kanin. ² Førebels oppgåve.

Tabell 27 gjev eit oversyn over meieridrifta. Ein viser elles til den årlege publikasjonen «Meieribruket i Noreg».

Tabell 27. Oversyn over meieridrifta.

	Innvegen mjølkemengd. Tonn	Produsert i alt i tonn						Nettovinning i øre pr. kg mjølk
		Smør	Mager ost	Feit ost	Kasein	Geit- og fløyte- mysost	Mager mysost og prim	
1939	792 621	17 589	1 926	8 678	2 598	5 965	1 834	18,49
1949	890 569	10 716	1 759	9 486	3 303	8 621	1 419	46,73
1950	991 411	11 532	1 655	12 473	4 056	10 954	447	47,09
1951	1 006 770	11 206	2 176	13 697	4 824	12 884	532	48,83
1952	997 084	10 246	1 443	16 860	4 348	12 411	412	53,73
1953	1 064 231	12 834	1 047	16 425	4 476	9 763	276	55,31
1954	1 052 175	10 636	1 194	16 837	4 571	11 700	350	58,80
1955	1 060 699	10 517	1 223	16 079	4 681	11 497	398	63,11
1956	1 136 120	12 487	1 201	19 641	5 415	11 954	455	71,52
1957	1 196 717	15 655	1 014	18 502	5 858	11 484	459	71,76

Etter månadsrapportane i 1957 var innvegen mjølkemengd ved meieria (og kondenseringsfabrikkane) knapt 1,2 mill. tonn, utrekna som heilmjølk. Det var ein auke på vel 5 prosent i høve til 1956.

Det var sterkt auke i smørproduksjonen i 1957, medan produksjonen av ost var litt mindre enn i 1956.

Tabell 28 gjev eit oversyn over innvegen mjølkemengd månadsvis. Desse tala er korrigerte, og difor fell dei ikkje alltid heilt saman med dei månadsrapportane som blir sende ut etter kvart.

Tabell 28. Innvegen mjølkemengd for kvar månad. Tonn.

	Jan.	Feb.	Mars	April	Mai	Juni	Juli	Aug.	Sept.	Okt.	Nov.	Des.
1939	56 828	55 573	66 944	67 791	79 388	78 521	70 047	63 869	60 828	58 145	53 245	55 554
1949	57 232	56 310	69 726	81 259	95 681	95 055	82 939	78 179	69 433	63 435	60 376	65 463
1950	70 888	69 027	85 259	91 597	106125	106628	95 188	86 924	76 746	65 136	60 186	63 750
1951	71 868	70 387	82 427	97 246	105059	109401	103238	89 381	74 421	68 539	60 208	63 558
1952	69 508	68 338	80 695	91 047	107794	109476	99 265	84 898	76 828	66 473	62 516	71 729
1953	77 769	74 020	92 079	105624	117287	120050	103618	92 970	79 458	67 343	61 574	67 094
1954	71 296	70 143	91 124	102784	114648	119024	105544	92 393	81 160	67 153	65 891	71 461
1955	75 272	73 279	90 610	104500	115228	119615	106321	90 567	72 735	70 148	67 778	73 724
1956	80 527	79 912	95 225	111781	126203	123937	111283	98 046	80 604	75 239	72 668	79 695
1957	86 010	83 703	100900	123046	137565	131096	122307	104181	86 639	74 051	70 189	76 097

I månadene januar—september var innvegen mjølkemengd 5—10 prosent større enn i dei same månader året før. I månadene oktober—desember var det nedgang i høve til året før.

Mjølkemengda til meieria er størst i tida april—juli. Juni var toppmånaden i åra 1950–1955, men i 1956 og 1957 var det mai som hadde størst mjølkemengd. Det er så nedgang fra månad til månad til og med november. Deretter følger litt auke i desember og januar, og sterkt auke i mars, april og mai.

Ein må ikkje rekna med at brigde i innvegen mjølkemengd skriv seg frå tilsvarende brigde i den totale mjølkeproduksjonen. Serleg gjeld dette når ein samanliknar med åra før krigen. Det har vori stor auke i talet på leverandørar. Mykje av det mjølkesalet som før gjekk beinveges frå produsent til konsument, går no om meieria.

Tala for dei einskilde mjølkesentralar syner slik auke i innvegen mjølkemengd i 1957 i høve til 1956: Nord-Norges 14 prosent, Vestlandske, Møre og Romsdal og Trøndelag 5—7 prosent, Østlandets og Vest-Agder ca. 4 prosent, Aust-Agder 3 prosent og Telemark knapt 1 prosent.

Tabell 29 viser meieriproduksjonen av smør og ost (etter månadsrapportane).

Tabell 29. Produksjon av smør og ost ved meieria i dei einskilde månader. Tonn.

	Jan.	Feb.	Mars	April	Mai	Juni	Juli	Aug.	Sept.	Okt.	Nov.	Des.
Smør.												
1939	1 212	1 175	1 470	1 565	1 794	1 923	1 831	1 431	1 411	1 324	1 220	1 201
1949	708	559	818	1 243	1 595	1 610	1 250	817	699	509	474	446
1950	652	607	903	1 148	1 547	1 710	1 444	1 109	941	586	516	392
1951	650	604	846	1 208	1 374	1 627	1 605	1 068	813	601	429	346
1952	605	526	698	971	1 303	1 623	1 296	881	822	562	493	458
1953	702	652	917	1 615	1 987	2 049	1 548	1 235	916	504	376	340
1954	501	549	834	1 101	1 310	1 672	1 316	998	810	471	435	388
1955	612	577	916	1 271	1 474	1 678	1 364	839	540	423	421	392
1956	619	588	839	1 447	1 819	1 894	1 607	1 144	789	542	579	633
1957	992	966	1 401	1 982	2 347	2 427	2 012	1 269	903	529	459	408
Kvit ost.												
1939	805	703	831	965	1 051	1 057	898	767	852	871	712	643
1949	578	477	758	1 233	1 435	1 513	1 229	1 037	824	652	553	659
1950	864	753	1 165	1 514	1 735	1 924	1 580	1 371	1 244	778	605	645
1951	917	849	1 186	1 674	1 830	2 017	1 981	1 589	1 293	1 106	696	663
1952	953	862	1 204	1 709	2 119	2 370	2 213	1 729	1 653	1 127	970	1 065
1953	1 318	1 221	1 696	1 866	2 017	2 207	1 881	1 687	1 468	824	545	624
1954	846	818	1 410	2 002	2 204	2 429	2 203	1 784	1 589	921	690	752
1955	902	880	1 369	1 956	2 153	2 401	2 033	1 520	1 325	1 077	777	849
1956	1 112	1 064	1 473	2 162	2 582	2 707	2 382	1 951	1 551	1 277	1 111	1 115
1957	1 170	963	1 325	1 962	2 404	2 464	2 269	1 995	1 671	1 125	810	816
Brun ost.												
1939	550	564	711	688	799	808	725	607	554	570	500	483
1949	539	532	821	1 066	1 300	1 285	1 068	900	677	556	555	663
1950	917	897	1 228	1 218	1 362	1 369	983	791	692	598	574	673
1951	946	970	1 188	1 433	1 470	1 508	1 428	1 134	901	804	668	749
1952	1 035	1 022	1 237	1 333	1 467	1 387	1 365	1 058	763	516	671	876
1953	1 065	968	1 140	993	1 026	1 052	877	660	572	523	458	593
1954	765	759	1 228	1 286	1 363	1 400	1 370	1 030	853	645	634	761
1955	876	881	1 061	1 177	1 286	1 392	1 262	973	714	623	617	800
1956	1 072	1 047	1 093	1 256	1 333	1 416	1 261	1 036	818	684	641	511
1957	759	795	989	1 148	1 370	1 328	1 286	1 070	895	715	694	806

Produksjonen av smør og ost aukar i tida frå januar—februar og framover til mai—juni, då produksjonen er størst. Deretter er det nedgang til november—desember.

Tabell 30 syner talet på kontrollerte slakt i dei einskilde månader i 1957 samanlikna med dei tilsvarende månader i 1954, 1955 og 1956.

Fyrst frå og med juli månad 1951 har ein fått oppgåver frå Veterinærdirek-

Tabell 30. Talet på kontrollerte slakt. Fyrstegongskontroll.

	1954	1955	1956	1957	1954	1955	1956	1957
Storfe.								
Januar	12 863	16 753	21 387	21 935	688	741	892	1 083
Februar.....	11 847	14 801	20 538	15 449	590	469	793	600
Mars	16 804	19 889	19 034	14 997	659	444	490	509
April	18 129	18 756	16 176	15 331	640	344	424	370
Mai	19 189	23 127	16 572	20 339	474	355	328	370
Juni	17 196	23 825	13 382	18 981	514	389	355	459
Juli	10 345	13 339	6 785	9 249	368	241	265	308
August	14 894	18 741	11 003	11 493	519	267	450	403
September	17 979	26 867	19 466	17 112	858	648	661	560
Oktober	25 062	37 175	34 271	32 871	2 060	1 478	1 669	1 398
November	21 249	36 025	17 285	24 179	1 902	1 652	1 215	1 636
Desember	16 490	19 748	29 463	16 222	803	670	836	764
Til saman	202 047	269 046	225 362	218 158	10 075	7 698	8 378	8 460
Svin.								
Januar	20 554	23 158	36 705	44 323	10 070	9 556	11 498	9 078
Februar	23 120	36 242	47 713	45 222	5 358	4 995	5 899	5 533
Mars	38 797	51 486	54 073	48 438	3 060	4 418	2 733	2 881
April	38 075	35 689	56 928	52 164	2 743	2 595	2 254	2 460
Mai	31 190	38 951	50 917	43 028	2 902	2 853	2 738	3 243
Juni	26 404	36 610	30 236	33 187	3 009	3 199	2 496	2 548
Juli	24 029	31 205	30 899	32 666	13 364	11 537	5 565	6 634
August	25 012	34 599	34 081	28 583	44 256	46 151	36 906	34 680
September	23 651	30 908	28 074	26 023	84 332	85 347	71 338	67 755
Oktober	23 293	30 519	33 315	33 549	176 820	193 854	195 449	207 486
November	26 635	41 721	29 510	35 377	53 007	85 349	53 498	60 987
Desember	47 288	61 290	75 022	61 601	9 679	10 808	18 205	8 307
Til saman	348 048	452 378	507 473	484 161	408 600	460 662	408 579	411 592
Spekalv.								
Januar	14 685	14 893	18 353	17 366	1 082	1 014	1 137	1 118
Februar	15 090	15 029	19 087	15 836	1 227	1 030	1 312	1 102
Mars	25 810	28 488	24 545	25 958	1 771	1 806	1 361	1 295
April	24 012	33 003	30 439	27 414	2 107	1 888	1 405	1 622
Mai	14 504	16 498	18 172	16 868	2 037	2 256	1 683	2 052
Juni	9 462	11 896	10 643	10 373	2 232	2 638	1 721	2 088
Juli	6 257	7 559	6 325	6 636	1 667	1 721	1 134	1 267
August	4 424	6 060	4 472	4 271	1 420	1 813	1 181	1 227
September	6 515	9 254	7 126	5 741	1 662	2 149	1 683	1 441
Oktober	11 761	15 452	14 801	13 411	1 860	2 265	1 744	2 182
November	12 207	17 386	9 963	14 235	1 160	1 349	736	1 030
Desember	11 166	14 248	13 457	11 333	969	870	1 238	811
Til saman	155 893	189 766	177 383	169 442	19 194	20 799	16 335	17 235

toratet over talet på slakt som er synfari på ny. Tidlegare fekk ein berre oppgåver over kor mykje det var kontrollert i alt. Slakt som var synfari på ny, vart registrert som kontrollert kvar gong det gjekk gjennom kontrollen.

Tala i tabell 30 gjeld slakt som er kontrollert for fyrste gong. Talet på kontrollerte slakt av storfe, spekalv og svin var noko mindre i 1957 enn i 1956. For sau, gjøkalv og geit var det litt auke.

Tabell 31 gjev eit oversyn over kor mykje slakt det er som er synfari på ny.

Tabell 31. Talet på slakt som er synfari på ny.
Prosent av fyrstegongskontroll.

	Storfe	Hest	Svin	Sau *	Geit	Spekalv †	Gjøkalv
Året 1952	16,8	9,2	22,0	24,2	9,4	4,8	6,9
» 1953	20,2	12,8	26,3	34,0	24,6	5,7	8,6
» 1954	20,0	16,1	22,7	31,9	22,3	6,3	7,3
» 1955	14,1	17,4	23,8	22,7	35,6	12,4	12,2
» 1956	25,1	20,1	29,3	43,0	37,2	12,4	10,0
» 1957	27,9	29,2	33,8	41,2	40,5	15,4	12,9

Ny synfaring var — relativt sett — meir vanleg i 1957 enn i dei tidlegare år ein har oppgåver for. Einaste unnataket er saueslaktet. Det var etter måten litt fleire saueslakt som vart synfari på ny i 1956. Tabellen syner at det kan vera store variasjonar frå år til år.

Det slaktet som går gjennom ny synfaring, er i fyrste rekjkje slikt som er sendt vidare til ein annan stad der det er kontrollstasjon, og slikt som blir marknadsført etter at det har legi på fryselager.

Tabell 32 gjev eit oversyn over talet på skinn som vart produserte i pelsdyrgardane.

	Sølvrev	Blårev	Platinarev	Mink
1939–40	370 000	21 000	2 000	16 000
1948–49	107 000	70 000	9 000	55 000
1949–50	80 000	71 000	7 500	58 000
1950–51	70 000	56 000	4 500	55 000
1951–52	88 000	72 000	4 900	85 000
1952–53	83 000	58 000	2 400	145 000
1953–54	46 000	28 000	2 700	181 000
1954–55	20 000	33 000	1 200	231 000
1955–56	18 000	62 000	800	350 000
1956–57	8 000	42 000	450	515 000
1957–58	3 500	27 000	300	515 000

Eit oversyn over utførsla av pelsskinn finn ein i tabell 33.

Tabell 33. Utførsle av ureidde pelsskinn.

	Sølvrev		Blårev		Platinarev		Mink	
	Talet på skinn	Verde i 1000 kr.	Talet på skinn	Verde i 1000 kr.	Talet på skinn	Verde i 1000 kr.	Talet på skinn	Verde i 1000 kr.
1949–50	109 357	12 857	93 416	8 084	9 175	1 318	63 856	4 906
1950–51	73 352	9 712	54 305	5 195	6 078	977	48 744	6 568
1951–52	103 923	9 682	78 204	5 200	4 232	497	74 257	7 646
1952–53	39 363	3 219	27 744	1 797	958	132	138 303	11 957
1953–54	58 571	4 383	64 033	4 846	1 559	180	175 094	17 912
1954–55	42 697	3 644	24 510	3 652	3 093	298	242 509	29 197
1955–56	12 873	1 065	53 677	4 601	676	81	330 427	38 702
1956–57	11 771	830	64 626	5 077	396	41	501 972	45 907

Tala i tabell 33 samsvarar til dels dårleg med oppgåvene i tabell 32. Dette skriv seg mellom anna frå at det til sine tider blir ført ut berre ein del av skinnproduksjonen i året. Til andre tider blir det ført ut skinn som har legi over frå tidlegare år, ved sida av ein større del av det som er produsert i året.

Utførsla av mink- og blårevskinn var mykje større i 1956–57 enn året før. For skinn av sølvrev og platinarev har det vori nedgang. Rekna etter verd, fall 89 prosent på minkskinna i 1956–57, mot 87 prosent i 1955–56 og 18 prosent i 1949–50.

Lønene i jordbruket 1957–58.

Kwart år frå og med driftsåret 1915–16 er det henta inn oppgåver over lønene i jordbruket. Dei fyrste åra var det Selskapet for Norges Vel som henta inn oppgåvene. Frå og med 1923–24 er det Byrået som har denne statistikken. Dei oppgåvene ein hadde tidlegare, var fem-årlege.

Opgåvene blir henta inn på spørjeskjema som kvart år i januar blir sende til fire gardbrukarar i quart herad. For driftsåret 1957–58 har det komi inn ca. 1 100 oppgåver.

Opgåvene skal gjelda den arbeidsløn som ålement blir betalt i heradet. Det er altså ikkje individuelle lønsoppgåver. Ein spør etter lønene for menn og kvinner, serskilt for sumar- og vinterhalvåret, både for meir faste arbeidarar (tenrarar

Tabell 34. Arbeidsløn i kroner.

	I sumarhalvåret								I vinterhalvåret		
	Månadsłon på arbeids- gjevars kost		Dagløn på eigen kost						Dagløn for		
			I våronna		I slåttonna		I skurdonna		Skogsarbeid	Skogs- køy- ring (mann og hest)	
	Ten- nest- gutar	Ten- nest- gjenter	Menn	Kvin- ner	Menn	Kvin- ner	Menn	Kvin- ner	På arbgi. kost	På eigen kost	
1938–39	55	35	5,23	3,46	5,68	3,65	5,35	3,59	3,79	5,41	8,84
1948–49	245	142	17,44	11,49	18,44	12,01	17,53	11,72	14,90	19,10	29,44
1949–50	263	156	18,27	12,32	19,25	12,80	18,44	12,52	15,59	19,63	29,88
1950–51	284	173	19,62	13,26	20,59	13,77	19,64	13,42	16,97	21,39	31,10
1951–52	313	190	21,94	14,91	22,98	15,53	22,14	15,29	19,97	24,80	36,99
1952–53	341	208	24,11	16,28	25,11	16,85	24,34	16,50	21,58	26,66	38,90
1953–54	349	217	25,23	17,13	26,09	17,82	25,24	17,54	22,34	27,77	40,47
1954–55	374	236	26,49	18,38	27,52	18,93	26,94	18,83	24,03	29,11	42,40
1955–56	398	250	27,89	19,47	28,87	20,14	28,19	19,85	25,29	30,78	45,18
1956–57	434	266	29,91	20,52	31,08	21,21	30,34	21,09	27,26	32,78	47,68
1957–58	453	282	30,95	21,78	32,07	22,68	31,26	22,30	28,42	33,97	51,00

og fjøsrøktarar) og for dagarbeidrarar. Under dagarbeid skil ein mellom ymse arbeid, både på arbeidsgjevaren sin kost og på eigen kost. Når det gjeld skogsarbeid, spør ein òg etter prisen for hogging av tømmer og ved på akkord. På grunnlag av dei oppgåvane som kjem inn, reknar ein ut lønene som medeltal. Både fylkes- og rikstala er uvegne medeltal av tala frå dei herad som har gjevi oppgåver. Dei oppgåvane som kjem inn på denne måten, ymsar mykje. Medeltala dekkjer såleis over store variasjonar.

Tabellane VIII og IX bak i boka viser medellønene for bygdene dei to siste åra og fylkestal for 1957–58 for alle dei grupper av lønsmottakarar som ein har oppgåver for. I tabell X er tala jamførde med oppgåvane for 1948–49 og 1956–57. Utviklinga for bygdene under eitt ser ein av tabell 34.

Løna til fast hjelpe blir gjevi opp som månadsløn på arbeidsgjevaren sin kost i sumarhalvåret og i vinterhalvåret. Medels månadsløn sumaren 1957 var 453 kroner for gardsarbeidrarar. Det var 4,4 prosent meir enn året før. Mannlege fjøsrøktarar hadde 551 kroner pr. månad, 6,6 prosent meir enn sumaren 1956. Månadsløna i sumartida var i medel 282 kroner for tenestgjenter. I høve til 1956 var det ein auke på 6,0 prosent. Løna til kvinnelege fjøsrøktarar var 353 kroner. Det var 7,0 prosent meir enn året før. Frå 1955 til 1956 var auken i månadslønene i sumartida 9–12 prosent for menn og 6–9 prosent for kvinner.

Månadsløna om vinteren er noko lægre enn lønene i sumartida. Auken siste året var om lag den same som for sumarlønene — 5–7 prosent.

Som i tidlegare år er lønene stort sett høgst på Austlandet og i Rogaland og lægst i Nord-Noreg. På Austlandet, i Agder og Rogaland var medellønene for gardsarbeidrarar om lag 500 kroner pr. månad sumaren 1957. På Vestlandet, med unnatak av Rogaland, og i Trøndelag var løna stort sett 400–450 kroner pr. månad og i Nord-Noreg litt under 400 kroner.

Månadsløna for tenestgjenter var i sumartida 310–330 kroner på Austlandet, i Agder og Rogaland, 200–220 kroner i Nord-Noreg og 260–310 kroner i resten av fylka.

Brigda frå året før ymsar noko frå fylke til fylke. I sume fylke er ikkje auken nemnande, i andre fylke er det meir enn 10 prosent. Dette ser ein av tabell 35.

For dagarbeidrarar får ein oppgåver over løna både på arbeidsgjevaren sin kost og på eigen kost. I 1957 var medels dagløn for menn på arbeidsgjevaren sin kost: våronn kr. 25,84, slåttonn kr. 27,27 og skurdonn kr. 26,25. Dagløna på eigen kost var i same rekjkjefylgje: kr. 30,95, kr. 32,07 og kr. 31,26. I høve til året før, er dette ein lønsauke på kr. 1,00–kr. 1,10. Det svarar til 3–5 prosent.

Medels dagløn for kvinner på arbeidsgjevarens kost var sumaren 1957: våronn kr. 17,30, slåttonn kr. 18,38 og skurdonn kr. 17,97. Dagløna på eigen kost var i same rekjkjefylgje: kr. 21,78, kr. 22,68 og kr. 22,30. Auken frå året før var ca. 80 øre pr. dag på arbeidsgjevarens kost og kr. 1,30 på eigen kost. Dette svarar til 4–7 prosent auke.

Dagløna for anna gardsarbeid er noko lægre enn for onnearbeid, medan dagløna for grøfting er noko høgre. For handverksarbeid var dagløna sumaren 1957 i medel ca. 32 kroner på arbeidsgjevaren sin kost og ca. 37 kroner på eigen kost. I høve til året før, var dette ca. 5 prosent auke.

For skogsarbeid på dagløn var medelløna i vinterhalvåret 1957–58 kr. 28,42 på arbeidsgjevarens kost og kr. 33,97 på eigen kost, ein auke på ca. 4 prosent frå året før. Dagløna for skogskøyring (mann og hest) auka med 7,0 prosent til kr. 51,00.

Tabell 35. Arbeidsløn 1957–58 jamførd med 1948–49 og 1956–57.

	Menn						Kvinner											
	1948–49			1956–57			Brigde i prosent frå			1948–49			1956–57			Brigde i prosent frå		
	Kr.	Kr.	Kr.	1948–49 til 1957–58	1956–57 til 1957–58		Kr.	Kr.	Kr.	1948–49 til 1957–58	1956–57 til 1957–58		Kr.	Kr.	Kr.	1948–49 til 1957–58	1956–57 til 1957–58	
Månadsløn i sumarhalvåret. Tenestefolk på arbeidsgjøvers kost.																		
Østfold	278	460	497	+ 78,8	+ 8,0		163	317	313	+ 92,0	- 1,3							
Akershus	270	482	518	+ 91,9	+ 7,5		155	321	331	+ 113,5	+ 3,1							
Hedmark	234	469	477	+ 103,8	+ 1,7		141	292	327	+ 131,9	+ 12,0							
Oppland	263	487	530	+ 101,5	+ 8,8		159	303	332	+ 108,8	+ 9,6							
Buskerud	289	482	526	+ 82,0	+ 9,1		174	296	329	+ 89,1	+ 11,1							
Vestfold	264	464	474	+ 79,5	+ 2,2		153	267	318	+ 107,8	+ 19,1							
Telemark	272	512	516	+ 89,7	+ 0,8		172	295	320	+ 86,0	+ 8,5							
Aust-Agder	270	454	495	+ 83,3	+ 9,0		139	292	308	+ 121,6	+ 5,5							
Vest-Agder	261	467	510	+ 95,4	+ 9,2		140	283	313	+ 123,6	+ 10,6							
Rogaland	278	488	498	+ 79,1	+ 2,0		171	302	335	+ 95,9	+ 10,9							
Hordaland	238	391	404	+ 69,7	+ 3,3		150	270	286	+ 90,7	+ 5,9							
Sogn og Fjord.	254	426	462	+ 81,9	+ 8,5		159	292	313	+ 96,9	+ 7,2							
Møre og Romsd.	214	365	367	+ 71,5	+ 0,5		136	252	265	+ 94,9	+ 5,2							
S.-Trøndelag	213	415	464	+ 117,8	+ 11,8		120	244	261	+ 117,5	+ 7,0							
N.-Trøndelag	219	431	447	+ 104,1	+ 3,7		122	255	274	+ 124,6	+ 7,5							
Nordland	218	372	383	+ 75,7	+ 3,0		110	196	201	+ 82,7	+ 2,6							
Troms	251	381	382	+ 52,2	+ 0,3		116	193	198	+ 70,7	+ 2,6							
Finnmark	187	381	383	+ 104,8	+ 0,5		97	217	219	+ 125,8	+ 0,9							
Bygdene i alt	245	434	453	+ 84,9	+ 4,4		142	266	282	+ 98,6	+ 6,0							
Dagløn i slåttonna på eigen kost.																		
Østfold	19,24	32,29	33,06	+ 71,8	+ 2,4		13,48	23,33	23,75	+ 76,2	+ 1,8							
Akershus	17,25	32,56	31,48	+ 82,5	- 3,3		13,01	23,75	24,68	+ 89,7	+ 3,9							
Hedmark	16,72	30,38	31,46	+ 88,2	+ 3,6		11,73	21,12	22,70	+ 93,5	+ 7,5							
Oppland	16,04	30,27	31,41	+ 95,8	+ 3,8		10,98	21,59	20,96	+ 90,9	- 2,9							
Buskerud	19,30	32,14	33,31	+ 72,6	+ 3,6		12,62	21,10	24,03	+ 90,4	+ 13,9							
Vestfold	18,55	32,48	33,64	+ 81,3	+ 3,6		13,41	23,71	25,39	+ 89,3	+ 7,1							
Telemark	19,85	34,02	34,88	+ 75,7	+ 2,5		11,38	23,36	23,08	+ 102,8	- 1,2							
Aust-Agder	18,47	32,93	33,50	+ 81,3	+ 1,7		10,47	20,82	21,35	+ 103,9	+ 2,5							
Vest-Agder	19,83	32,52	33,93	+ 71,1	+ 4,3		11,31	19,94	21,60	+ 91,0	+ 8,3							
Rogaland	19,02	31,07	32,28	+ 69,7	+ 3,9		12,87	22,31	23,26	+ 80,7	+ 4,3							
Hordaland	17,76	29,26	30,39	+ 71,1	+ 3,9		11,18	19,60	21,58	+ 93,0	+ 10,1							
Sogn og Fjord.	16,57	28,77	30,30	+ 82,9	+ 5,3		10,97	20,12	22,63	+ 106,3	+ 12,5							
Møre og Romsd.	17,99	29,53	31,24	+ 73,7	+ 5,8		11,66	20,50	21,52	+ 84,6	+ 5,0							
S.-Trøndelag	18,61	30,83	32,02	+ 72,1	+ 3,9		13,50	22,03	24,60	+ 82,2	+ 11,7							
N.-Trøndelag	17,34	30,95	30,54	+ 76,1	- 1,3		10,88	20,89	21,79	+ 100,3	+ 4,3							
Nordland	18,48	30,57	31,68	+ 71,4	+ 3,6		11,82	20,16	21,53	+ 82,1	+ 6,8							
Troms	20,83	31,58	31,28	+ 50,2	- 0,9		14,86	22,06	22,76	+ 53,2	+ 3,2							
Finnmark	21,13	33,42	34,91	+ 65,2	+ 4,5		12,41	23,72	26,80	+ 116,0	+ 13,0							
Bygdene i alt	18,44	31,08	32,07	+ 73,9	+ 3,2		12,01	21,21	22,68	+ 88,8	+ 6,9							

Frå 1955–56 til 1956–57 auka dagløna for gardsarbeid, handverksarbeid og skogsarbeid stort sett med 5–7 prosent.

Medels hogstpris vinteren 1957–58 var kr. 16,88 pr. m³ berkt tømmer og kr. 11,46 pr. m³ uberkt tømmer. Auken frå vinteren før er 2,6 prosent. Hogst-

prisen for ved var i medel kr. 37,53 pr. 60 cm famn og kr. 3,21 pr. 1 m reis. Det var ikkje nemnande auke frå året før.

Jamførd med lønene i 1948–49 er månadsløna om sumaren auka med om lag 90 prosent for menn og 100 prosent for kvinner. Dagløna har auka med 80–90 prosent på arbeidsgjевaren sin kost og med 70–80 prosent på eigen kost. Høgstprisane er auka med om lag 80–95 prosent for tømmer og noko mindre for ved.

Verdsetjinga av kosten hjå arbeidsgjevaren får ein eit uttrykk for ved å samanlikna løn på eigen kost og løn på arbeidsgjevaren sin kost. For 1957–58 var skilnaden mellom desse lønene kr. 4,80–5,60 for menn og kr. 4,30–4,60 for kvinner, rekna som medeltal for heile landet. Året før var kostdagsverdet kr. 4,65–5,60 for menn og kr. 3,70–4,00 for kvinner.

Lønsavtalen frå 1. mars 1956 mellom Jordbruks Arbeidsgiverforening og Norsk Skog- og Landarbeiderforbund gjekk ut i januar 1958, då ny avtale vart gjord gjeldande. Den leiane lønssatsen vart auka med 30 øre pr. time. Sidan 1954 har det vori eit tillegg på 8 øre pr. time — som eit serskilt vederlag for skiftande helgedagar. Ved den siste avtalen er dette tillegget rekna med i dei nye satsane. Nettotillegget blir då 22 øre pr. time. Tariffsatsane er normallønssatsar, som før.

Satsane for timelønt arbeid vart sette til kr. 2,25 for menn i alderen 16–18 år, med auke til kr. 3,55 for menn over 21 år med 4 års praksis. Dette gjeld fast arbeid. For sesongarbeid o. l. er det eit tillegg på kr. 2,00–3,00 pr. dag. Det er ikkje gjevi satsar for månadsløn når det gjeld vanleg gardsarbeid, men ein kan likevel gjera avtale om månadsløn på grunnlag av satsane for timeløn og 200 timer pr. månad.

For fjørsrøktarar aukar satsane frå 705 kroner pr. månad for fjøs med 10–14 kyr, til 815 kroner for større fjøs med minst to underordna arbeidarar. Røktarar med minst 4 års praksis på same gard skal ha eit tillegg på 200 kroner pr. år.

For kvinner i timelønt jordbruksarbeid er satsen kr. 2,05 (16–18 år), aukeande til kr. 2,75 (over 20 år med 4 års praksis). For kvinneleg innehjelp er det framleis lønssatsar pr. månad. Satsen er 380 kroner for innehjelp i alderen 16–18 år og aukar til 500 kroner for dei som er over 20 år. For kokkegjenter over 20 år er satsen 530 kroner.

Alle lønssatsane gjeld bruttoløn. For kost på garden blir det gjort eit frådrag på kr. 4,50 pr. dag for timelønte og kr. 135,00 pr. månad for månadslønte. Frådraget for losji er kr. 50,00 pr. månad for eige rom og kr. 35,00 når det er to som deler rom. Arbeidarar med eige hushald skal ha høve til å kjøpa det dei treng av brensel og andre produkt frå garden, verdsett etter vanleg pris ved sal frå bruket.

Lønsavtalen frå januar 1958 har indeksføresegner på same måte som i industrien. Partane kan krevja at det blir teki opp tingingar om regulering av lønene når levekostnadsindeksen syner brigde som går over visse grenser som er avtala.

I lønsavtalen er ordinær arbeidstid for vanleg jordbruksarbeid sett til 48 timer pr. veke. For røktarar skal den vanlege arbeidstida ikkje vera over 9 timer pr. dag og ikkje over 220 timer i eit tidsrom av 4 veker. Det er serskilde satsar for overtidsarbeid. Avtalen har òg føresegner om ferie i samsvar med ferieloven. Medlemer av Jordbruks Arbeidsgiverforening skal (frå 17. februar 1958) vera med i sams trygdetiltak eller annan godkjend skipnad som gjev rett til dagpengar under sjukdom for dei einskilde arbeidarar.

Tabell 36 viser nokre av dei vanlege lønssatsane.

Tabell 36. Nokre tariffsatsar frå lønsavtalane.

	Gardsarbeidar over 21 år med 4 års praksis		Fjøsrøktar ved fjøs med 15–19 kyr	Kvinnelég innehjelp over 20 år
	med månadsløn	med timeløn (fast arbeid)		
Frå 15. jan. 1950..	Kr. pr. mnd.	Kr. pr. time	Kr. pr. mnd.	Kr. pr. mnd.
» 15. okt. 1950..	337,00	1,80	385,00	1 140,00
» 15. april 1951..	372,00	1,98	425,00	1 168,00
» 15. okt. 1951..	406,00	2,15	464,00	1 199,50
» 15. jan. 1952..	448,00	2,36	510,00	1 227,50
» 15. jan. 1953..	488,00	2,56	554,00	1 255,00
» 14. april 1954..	496,00	2,60	563,00	1 264,00
» 1. mars 1956..	536,00	2,80	607,00	1 264,00
» 15. jan. 1958..	..	3,25	707,00	2 470,00
		3,55	750,00	2 500,00

¹ Med fri kost og losji.

² Kost og losji rekna med.

Lønsavtalen for gartneri og hagebruk har andre satsar enn jordbruksavtalen. Frå 16. januar 1956 var lønssatsen kr. 3,60—kr. 3,65 pr. time for gartneriarbeidrarar over 21 år med 2 års praksis. Frå 16. januar 1958 vart satsen auka til kr. 3,85 pr. time for arbeidrarar over 19 år med 2 års praksis. For yngre folk er satsane lægre og for utdana gartnerar er dei høgare.

Lønsavtalen for skogbruket har normaltariffar for hogst av tømmer og ved. For driftsåra 1956–57 og 1957–58 var satsane for berkt tømmer kr. 9,85 pr. m³ med tillegg på kr. 0,53 for rotstokk og kr. 0,20 for mid- og toppstokk. Normaltariffen for vedhogst var kr. 2,80 pr. 1-meters reis og kr. 31,75 pr. meterfamn for barved frå rot. Ved sida av normaltariffen er det visse tillegg. Der tilhøva ligg slik til, er det tillegg for vanskelege hogsttilhøve, for strok som ligg avsides til, og gangtillegg. For timelønt arbeid som ikkje kjem inn under satsane, var løna kr. 3,85 pr. time for menn over 18 år og kr. 5,90 for mann og hest.

Frå 1. april 1958 vart satsane auka med 18 øre pr. time.

Prisar på landbruksprodukt og produksjonsmiddel m. m.

Avtalen av 19. april 1956 om prisar og tiltak til fremjing av jordbruksavtalen galdt fram til 1. juli 1958. Denne avtalen hadde vedtak m. a. om auka prisar på mjølk og mjølkeprodukt, brigde i kraftførskipnaden og korntrygda, finansiering av driftsbygninga og reguleringsfond for å sikra avsetnaden av jordbruksvarer. Mjølkeprisen vart justert i avtaleperioden. Tinginga om ny jordbruksavtale tok til i mars 1958.

Det var stort sett rolige pristilhøve i 1957. Engrosprisindeksen frå Statistisk Sentralbyrå steig noko frå hausten 1955 og frametter året 1956, men var på det nærmeste ubrigda i 1957. Hausten 1956 var det noko prisauke på importvarer, men seinare var det noko nedgang att. Engrosprisindeksen for 1957 var 112, mot 108 for 1956. 1952 er basisår (100).

Prisane på jordbruksprodukt og produksjonsmiddel var øg for det meste stabile i 1957. Tabell 37 viser prisindeksen for jordbruket. Det er Norges Landbrukskole som utarbeider denne. Tidlegare var det stort sett Osloprisar som var grunnlaget for denne prisindeksen, og driftsåret 1938–39 var basisår. Indeksen bygger no på vegne meddeltal av distriktsprisar frå heile landet og har kalenderåret 1952 som basisår. Dei einskilde produkt er gjevne vekt etter verdesummane i totalrekneskapen for jordbruket.

Tabell 37. Prisindeks for jordbruket — frå Norges Landbrukskole. Årsindeks. 1952 = 100.

	1952	1953	1954	1955	1956	1957
I. Jordbruksprodukt i alt.....	100	99	106	109	111	114
A. Planteprodukt.....	100	93	100	118	105	104
1. Korn	100	102	104	105	105	105
2. Poteter	100	83	102	126	108	100
3. Hagebruksprodukt	100	93	97	123	105	105
4. Stråfør	100	82	63	87	91	85
B. Husdyrprodukt	100	100	107	107	113	117
1. Mjølk.....	100	97	103	106	120	122
2. Kjøt	100	110	119	115	114	121
3. Flesk	100	100	111	100	96	105
4. Ull	100	110	121	118	118	129
5. Egg	100	88	85	93	91	94
II. Produksjonsmiddel og produksjonstjenester.....	100	103	103	105	115	121
A. Uvarige produksjonsmiddel	100	101	102	104	118	127
1. Kunstgjødsel og kalk	100	100	99	103	107	107
2. Innkjøpt fôr	100	100	101	101	125	137
a. Kraftfôr	100	100	100	101	124	140
b. Skuma mjølk	100	98	108	108	123	112
3. Såvarer	100	116	116	120	126	131
4. Traktorbrensle	100	100	100	100	97	109
5. Ymse	100	99	102	111	119	128
6. Produksjonstjenester	100	105	105	105	108	112
B. Varige produksjonsmiddel	100	106	106	108	110	113
1. Bygningar	100	109	107	108	111	116
2. Maskinar og reiskapar	100	102	102	105	109	108
3. Grøftemateriale	100	111	111	111	115	117
III. Arbeidsløn.....	100	105	111	118	127	135

Indekstalet for jordbruksprodukt i alt gjekk opp frå 111 i 1956 til 114 i 1957. Auken skriv seg frå husdyrprodukta, medan talet for planteprodukt synte noko nedgang.

Tabell 38 viser indekstala månadsvis for hovudgruppene.

Tabell 38. Prisindeks for jordbruksproduktet — fra Norges Landbrukshøgskole. Månadsindeks. 1952 = 100.

	Jordbruksprodukt i alt			Plante-produkt			Husdyr-produkt			Produksjonsmiddel og produksjons-tjenester		
	1955	1956	1957	1955	1956	1957	1955	1956	1957	1955	1956	1957
Januar	110	109	115	107	119	97	111	107	119	104	107	122
Februar.....	108	108	113	109	123	97	108	105	117	104	107	122
Mars	106	108	113	112	127	98	105	104	117	105	108	123
April	105	110	112	113	130	99	104	103	115	105	108	123
Mai	106	114	112	114	129	99	104	110	115	105	119	123
Juni	108	114	112	119	128	99	105	110	115	104	119	123
Juli	111	114	115	131	121	111	106	112	117	104	120	122
August	112	113	114	134	103	93	107	116	120	105	119	120
September	109	116	116	108	98	93	109	121	121	106	120	121
Okttober	109	114	117	107	90	102	110	120	121	106	120	122
November	111	115	118	111	92	112	111	120	120	106	121	122
Desember	112	117	119	115	96	114	111	122	120	106	121	122

Indekstalet for planteproduktene gjekk sterkt ned hausten 1956 på grunn av dei store avlingane. Dei siste månadene i 1957 var det auke. Tala for husdyrproduktene syner mindre brigde. Det var noko auke i kjøt- og fleskeprisane hausten 1956. Sesongrørslene for mjølk, sauekjøt og egg har òg verknad på månadstala.

Kornprisane for året 1957 var dei same som året før: 90 øre pr. kg for kveite, 83 øre for rug, 70 øre for bygg og 61 øre for havre. Som før var det eit tillegg på 4 øre pr. kg bygg for visse fjell- og fjordbygder. På grunn av dei vanskelege bergingstilhøva for kornet, vart det maksimale frådraget for redusert kvalitet sett noko ned. Korn som berre er skikka til før, har Statens Kornforretning teki mot etter lægre prisar: 75 øre pr. kg for kveite, 65 øre for bygg og 56 øre for havre. Desse prisane er 2 øre høgre enn for førkorn av 1956-avlinga.

Korntrygda var den same som året før, då trygda vart brigda i samband med den nye kraftførskipnaden. For matkorn av kveite og rug er trygda 19 øre pr. kg for inntil 1 000 kg pr. bruk. Utanom dette er trygda for kveite, rug, bygg og erter 14 øre pr. kg og 10 øre pr. kg for havre og blandkorn. Samla mengd som det blir gjevi trygd for, er avgrensa i høve til budskapen på bruket pr. 1. juli (for slaktegris og pr. 1. februar), men utan omsyn til bruksstorleik. For kyr t. d. er mengda 250 kg, for slaktegris 50 kg og for fjørfel 10 kg. Berre korn som er skikka til mat eller har fullt verde som før er rettkomi til trygd. Føresegna om at norsk salskorn må leverast til Statens Kornforretning eller annan godkjend kjøpar vart bort i oktober 1957, men Statens Kornforretning har som før plikt til å kjøpa norsk korn.

Fra og med 1948 har det vori potettrygd. Dei siste åra har denne trygda stort sett vori knytt til den potetmassen som blir nytta til siloför. For avlingsåret 1956 var satsane 12 øre pr. dm³ kokt silomasse og 8 øre pr. dm³ rå masse for inntil 10 000 dm³ pr. bruk. I Nord-Noreg og i dei fjell- og fjordbygder i Sør-Noreg som har sertillegg i prisen på bygg, vart det gjevi arealtrygd også. Trygda var kr. 30,00 pr. dekar for inntil 5,5 dekar, men med halv trygd for fyrste dekaret. Arealtrygda var avgrensa i høve til korntrygda, slik at det vart gjevi arealtrygd for poteter berre i den mon samla korn- og arealtrygd ikkje var større enn 500 kroner pr. bruk. Dette var dei same satsane som galdt for avlinga i 1955.

Satsane for avlinga i 1957 er dei same som før, men med høve til å redusera silotrygda med inntil 2 øre pr. dm³, slik at utgiftene til potettrygd ikkje blir meir enn 36 mill. kroner for avlinga frå 1956 og 1957 til saman.

Etter jordbruksavtalen skulle det nyttast inntil 18 mill. kroner til potettrygd for kvart av avlingsåra 1956 og 1957. For avlingsåret 1956 vart 139,5 mill. dm³ kokt og 1,6 mill. dm³ rå potetsilomasse og 116 000 dekar potetareal godkjent til trygd. Utgiftene til potettrygda vart då meir enn 18 mill. kroner.

Tabell 39 gjev eit oversyn over korn- og potettrygda for avlingsåra 1950–1955.

Tabell 39. Korn- og potettrygd 1950–51 til 1955–56
(avlingsåra 1950–1955).

	I alt bruk med trygd	Trygd i 1000 kroner			Prosentvis delt på fylka		Prosentvis delt på korntrygd og potettrygd	
		Korn- trygd	Potet- trygd	Til saman	Korn- trygd	Potet- trygd	Korn- trygd	Potet- trygd
<i>Rekneskapsår:</i>								
1950–51	143 450	22 984	10 460	33 444	—	—	68,7	31,3
1951–52	152 580	25 520	14 963	40 483	—	—	63,0	37,0
1952–53	146 483	23 415	15 639	39 054	—	—	60,0	40,0
1953–54	144 692	25 485	21 447	46 932	—	—	54,3	45,7
1954–55	141 238	25 929	15 930	41 859	—	—	61,9	38,1
1955–56	117 363	23 684	9 871	33 555	—	—	70,6	29,4
<i>Fylka 1955–56:</i>								
Østfold	5 817	2 185	64	2 249	9,2	0,6	97,2	2,8
Akershus	6 668	2 550	192	2 742	10,8	1,9	93,0	7,0
Hedmark	11 688	3 942	757	4 699	16,6	7,7	83,9	16,1
Oppland	12 659	3 987	1 155	5 142	16,8	11,7	77,5	22,5
Buskerud	6 185	1 244	229	1 473	5,3	2,3	84,4	15,6
Vestfold	4 615	1 558	412	1 970	6,6	4,2	79,1	20,9
Telemark	4 151	407	209	616	1,7	2,1	66,1	33,9
Aust-Agder	2 328	170	168	338	0,7	1,7	50,3	49,7
Vest-Agder	2 610	137	172	309	0,6	1,8	44,3	55,7
Rogaland	6 590	1 962	886	2 848	8,3	9,0	68,9	31,1
Hordaland	7 083	86	556	642	0,4	5,6	13,4	86,6
Sogn og Fjordane	6 248	67	767	834	0,3	7,8	8,0	92,0
Møre og Romsdal	9 661	555	879	1 434	2,3	8,9	38,7	61,3
Sør-Trøndelag	8 335	2 320	860	3 180	9,8	8,7	72,9	27,1
Nord-Trøndelag	8 985	2 460	1 865	4 325	10,4	18,9	56,9	43,1
Nordland	8 773	53	461	514	0,2	4,7	10,3	89,7
Troms	4 121	1	188	189	—	1,9	0,5	99,5
Finnmark	846	—	51	51	—	0,5	—	100,0

Tabell 40 viser kjøp og leigemaling av norsk korn og utgiftene til trygd m. m. for kornet.

Omsetnaden av norsk korn var stor i 1956–57, både på grunn av dei store avlingane og fordi korntrygda var avgrensa. Utgiftene til innkjøp, frakt m. m. var i medel kr. 5,66 pr. 100 kg i 1956–57, mot kr. 4,36 året før. Det var serleg fruktutgiftene som auka, men det var òg større utgifter enn før til lagringstillegg.

Tabell 40. Kjøp og leigemaling av norsk korn, utgifter til trygd o. a.

	Statens kjøp av norsk korn ¹	Bygdemynlene: Leigemaling og kjøp ²	Statens utgifter til:	
			Trygd	Innkjøp, frakt o. a. for norsk korn
	Tonn	Tonn	Mill. kr.	Mill. kr.
1938–39	72 293	206 711	11,2	1,8
1939–40	51 743	201 545	11,6	1,5
1948–49	84 893	190 619	24,5	2,5
1949–50	45 174	182 056	23,7	1,6
1950–51	52 471	186 163	23,7	2,0
1951–52	65 812	181 204	26,1	3,0
1952–53	80 407	166 986	23,8	3,5
1953–54	128 154	176 112	26,6	5,4
1954–55	146 186	179 201	26,7	6,3
1955–56	121 112	159 128	24,6	5,3
1956–57	257 544	172 787	21,6	14,6

¹ Frå 1948–49 også bygdemynlene sitt kjøp.² Frå 1948–49 berre leigemaling.

Tabell V bak i boka gjev eit oversyn over samla tilgang og avgang av korn og poteter, rekna etter forbruksår. Tabellen viser sterkt nedgang i innførsla av korn og kornvarer siste året.

Tabell 41 viser medelprisar til produsent for sume jordbruksvarer, ved levering på hovudmarknad.

Tabell 41. Prisar til produsent.

	1 Høy			2 Poteter			3 Egg		
	Kr. pr. 100 kg			Kr. pr. 100 kg			Kr. pr. kg		
	1955	1956	1957	1955	1956	1957	1955	1956	1957
Januar	16,20	25,00	19,00	29,00	33,50	19,00	3,30	3,30	3,07
Februar	17,00	28,00	21,00	29,00	37,40	19,00	3,40	3,80	2,87
Mars	19,00	28,00	24,00	29,00	38,00	19,00	3,80	4,28	3,43
April	23,00	28,00	22,00	29,75	40,00	19,00	4,20	4,25	4,32
Mai	26,00	28,00	21,00	32,50	40,00	19,00	4,90	4,25	4,53
Juni	28,00	28,00	20,00	38,00	37,75	19,00	5,20	4,23	5,17
Juli	28,00	23,00	20,00	52,00	35,75	32,00	4,95	4,75	5,20
August	25,00	21,50	22,50	62,20	20,20	20,00	4,80	4,77	5,20
September	25,00	19,60	24,00	30,40	17,20	22,50	4,81	5,20	5,15
Okttober	25,00	19,00	22,00	26,00	17,00	24,00	4,81	5,03	5,12
November	25,00	19,00	21,50	27,53	17,00	31,00	4,81	4,30	4,42
Desember	25,00	19,00	21,50	28,50	19,00	32,00	4,21	3,40	4,08
Året	23,52	23,84	21,54	34,49	29,40	22,96	4,43	4,30	4,38

¹ Pressa høy fritt levert grossist, Trondheim.² Vanlege kvite matpoteter fritt levert grossist, Oslo, ekskl. emballasje.³ Netto avrekningspris til produsent, Austlandet.

Tabell 41 (framh.). Prisar til produsent.

	1 Oksekjøt			1 Saukjøt			1 Flesk		
	Kr. pr. kg			Kr. pr. kg			Kr. pr. kg		
	1955	1956	1957	1955	1956	1957	1955	1956	1957
Januar	6,15	5,50	6,00	5,50	5,00	5,65	5,40	4,72	5,30
Februar	5,88	5,50	6,00	5,50	5,00	5,65	5,01	4,60	5,30
Mars	5,56	5,50	6,00	5,50	5,00	5,65	4,66	4,60	5,30
April	5,50	5,50	6,00	5,50	5,00	5,65	4,70	4,60	5,30
Mai	5,50	5,50	6,00	5,50	5,00	5,65	4,79	4,60	5,30
Juni	5,50	5,50	6,00	5,50	5,00	5,65	4,90	4,60	5,30
Juli	5,50	5,50	6,00	5,84	5,00	5,72	4,90	4,60	5,30
August	5,50	5,50	6,00	5,00	5,40	6,40	4,90	4,60	5,30
September	5,50	5,50	6,00	5,00	5,25	5,89	4,95	5,00	5,30
Oktober	5,50	5,50	6,00	5,00	5,25	5,53	5,10	5,00	5,30
November	5,50	5,60	6,00	5,00	5,30	5,75	5,18	5,05	5,30
Desember	5,50	6,00	6,00	5,00	5,65	5,75	5,35	5,30	5,30
Året	5,59	5,55	6,00	5,32	5,15	5,75	4,99	4,77	5,30

¹ Brutto avrekningsspris til produsent for slakt i heile skrottar levert Oslo, klasse I etter notering frå Norges Kjøtt- og Fleskesentral.

På grunn av store avlingar i 1956 var prisane på dei fleste planteprodukt heller låge frå hausten 1956 og i fyrste halvår av 1957.

Produsentprisane for poteter på Oslo-marknaden var kr. 19,00 pr. 100 kg, mot 30—40 kroner i fyrste halvår 1956. Utover hausten 1957 gjekk prisane opp og var kr. 32,00 i medel for desember, mot kr. 19,00 i desember 1956.

Prisane til produsent for hovudkål og gulrot var om lag dei same hausten 1957 som hausten 1956. Prisane på norsk frukt var mykje høgre hausten 1957 enn på same tid året før.

Prisane på kjøt og flesk vart auka noko hausten 1956. For storfekjøt vart pristillegget dekt ved statstilskot. Seinare var det berre små prisbrigde. Det var nokre prisreguleringar for flesk i lægare kvalitetklassar, og elles var det vanleg sesongauke for sau og lam kring månadsskiftet juli—august. I ei veke, frå 16. september, vart prisnoteringane frå Norges Kjøtt- og Fleskesentral sette ned med inntil kr. 1,50 pr. kg for storfe og svin i samband med eit realisasjonssal av lagervare. Seinare på hausten var det noko knapp tilgang på svineslakt.

Eggprisane gjekk sterkt ned i dei siste månadene av 1956 og i januar—februar 1957. Det var stor eggproduksjon og låge eksportprisar. Produksjonen gjekk sterkt ned i dei fylgjande månader. Prisane gjekk opp og vart etter kvart høgre enn i dei tilsvarannde månader året før. Eksporttilhøva vart òg noko betre. Samla utførsle av egg var 2 237 tonn i 1957 mot 2 583 tonn i 1956. Ved årsskiftet 1957–58 var det sesongnedgang i eggprisane, men dei var ikkje så låge som året før.

Utsalsprisane for mjølk og fløyte vart auka frå 11. mars 1957 ved ei justering av jordbruksavtalen. Detaljprisen for heilmjølk vart auka med 2 øre pr. liter og prisen på fløyte med 5—10 øre pr. liter. Grunnlaget for denne auken var ein inntektsauke for industriarbeidarane på 3 øre pr. time utover ramma for tariffoppgjerdet våren 1956. Utsalsprisane for fløyte vart òg auka i mai på grunn av auka avansesatsar. I juni vart utsalsprisane sett ned med kr. 0,50—1,75 pr. liter for fløyte og med kr. 1,25 pr. kg for ost. Noko seinare vart smørprisen sett ned med kr. 1,25 pr. kg. Desse prisreduksjonane var ein lekk i ei

regulering' av levekostnadene. Det vart gjevi kompensasjon ved tillegg til det generelle statstilskotet til mjølk og mjølkeprodukt, regulert etter omsett varemengd. Frå 1. april 1958 vart utsalsprisane auka som ein lekk i ei nedskjering av samla subsidiesum.

Tabellane 42 og 43 viser utsalsprisane for mjølk og fløyte og prisane på smør og ost ved sal frå meieri til detaljist.

Tabell 42. Prisar på mjølk og fløyte. Sone I, laust mål. Øre pr. liter.

	Heilmjølk	Skuma- mjølk	Kremfløyte (35 pct. feitt)
Frå 18. februar 1949	45	20	475
» 1. januar 1951	45	20	490
» 25. april 1951.....	¹ 47	21	510
» 2. mai 1951	¹ 49	21	550
» 17. desember 1951	54	24	595
» 3. juli 1952	56	26	595
» 1. desember 1952 (til vanlege hushald)	45	26	595
» 1. juli 1954 —»—	53	27	655
» 23. april 1956 —»—	64	32	770
» 1. september 1956 —»—	56	32	770
» 11. mars 1957 —»—	58	32	780
» 3. mai 1957 —»—	58	32	790
» 5. juni 1957 —»—	58	32	615
» 1. april 1958 —»—	68	32	790

¹ + 1 øre i Oslo og Bergen meieriområde.

Tabell 43. Prisar på smør og ost, frå meieri til detaljist. Kr. pr. kg.

	Smør	Heilfeit gauðaost	Halvfeit nøkkelost	Blanda geitmýsost	Mager mýsost
Frå 3. april 1950.....	6,60	2,90	2,30	2,90	1,20
» 1. januar 1951	6,60	3,55	2,65	3,60	1,35
» 18. mai 1951	6,60	3,85	3,00	3,80	1,45
» 1. januar 1952	6,60	4,35	3,50	4,15	1,80
» 3. juli 1952	6,60	4,55	3,70	4,35	1,95
» 1. juli 1954	7,05	5,20	4,45	5,00	2,65
» 23. april 1956.....	8,05	6,35	5,60	6,20	3,80
» 7. juni 1957.....	8,05	5,00	4,25	4,85	2,45
» 1. juli 1957	6,92	5,00	4,25	4,85	2,45
» 1. april 1958	8,05	5,00	4,25	4,85	2,45

Statstilskotet til mjølkeprisen er dels eit grunntilskot som blir rekna med i grunnprisane når mjølkesentralane gjer opp med produsentane, dels eit driftstilskot som blir rekna ut serskilt for dei einskilde produsentar. Etter avtalen frå april 1956 skal grunntilskotet vera 12,7 øre pr. liter i medel for året. Det skiftar mellom ca. 9 øre i mai—juni og 16 øre i september—januar. Tilskotet for geitmjølk er 2 øre høgre. For heilmjølk og anna uskuma mjølk som blir levert til detaljutsal, blir det gjevi eit omframtid tilskot på 10 øre pr. liter. I samsvar med brigda i utsalsprisane vart dette tilskotet auka til 17,2 øre pr. liter frå 1. september 1957 og redusert med 9 øre pr. liter frå 1. april 1958. Driftstilskotet vart etter jordbruksavtalen sett til 9 øre pr. kg for inntil 5 000 kg mjølk årleg pr. bruk

og 5 øre pr. kg for inntil 5 000 kg meir enn dette. Elles var det nokr' brigde i tilskotsreglane for Finnmark og visse fjell- og fjordbygder, og for fraktutgiftene for mjølk frå produsent til meieri.

Dei prisane som meieria kan betala til leverandørane, vil òg retta seg etter driftskostnadene ved meieria. Tabell 44 gjev eit oversyn over det økonomiske resultatet for meieridrifta etter meieristatistikken.

Tabell 44. Bruttovinning og nettovinning av meierimjølka.
Øre pr. kg. (Kondenseringsfabrikkane ikkje med.)

År	Brutto-vinning	Drifts-utgifter	Netto-vinning	Til leverandørane		Rest ¹
				Utbetalt	Andre utreisler	
1953	65,41	10,10	55,31	52,30	1,81	1,20
1954	69,66	10,86	58,80	55,78	1,80	1,22
1955	75,03	11,95	63,11	60,20	1,94	0,97
1956	83,91	12,39	71,52	68,35	2,02	1,15
1957	84,80	13,04	71,76	68,82	2,05	0,89

¹ Til andre føremål og overføringer mellom driftsåra.

Oppgåvene i denne tabellen syner avvik frå tilsvarende tidlegare oppgåver. Det skriv seg frå visse brigde i utrekninga av tala. Før vart t. d. vederlag for mjølketransport til meieriet rekna med under «utbetalt», men er no teki med under «andre utreisler» til leverandørane.

Utførla av mjølkeprodukt har auka sterkt dei siste åra. I 1957 vart det utført 7 300 tonn smør, mot 4 300 tonn i 1956 og 1 700 tonn i 1955. Utførla av ost var 6 500 tonn i 1957, mot 3 700 tonn i 1956 og 2 000 tonn i 1955.

Noteringsprisane for norsk ull har lenge vori ubrigda, men dei vart sette noko opp i 1957 med verknad frå 1. april. Noteringa vart då kr. 11,30 pr. kg for klasse A ekstra. Tabell 45 syner sume av prisane i tida sidan 1950.

Tabell 45. Prisnoteringar for norsk ull. Kr. pr. kg.

	Sams heilårs- og haustull	Klasse A I	Klasse A Ekstra
Oktober 1950	6,70	10,50	12,45
Desember 1950	9,30	14,50	17,10
Mai 1951	10,40	16,20	19,10
August 1951	6,40	10,00	11,80
Mars 1952	5,80	9,00	10,60
April 1952	4,00	6,20	7,30
Mai 1952	4,70	7,40	8,70
Oktober 1952	5,10	8,00	9,60
Mai 1953	5,80	9,00	10,80
Oktober 1953	5,75	9,50	10,50
1. april 1954	6,85	9,75	10,50
10. mai 1954	7,35	10,25	11,00
11. oktober 1954	7,35	9,75	10,50
1. april 1957	8,10	10,80	11,30

Det var ei utførsle på 543 tonn råull i 1957, mot 677 tonn i 1956.

I sesongen 1956–57 synte Oslo-auksjonane noko varierande prisutvikling for dei ymse slag pelsskinn. Det var framleis treg avsetnad for sølvrevskinn, og prisane var lægre enn året før. Det var lettare avsetnad og fastare prisar for blårevskinn. Prisane på minkskinn gjekk noko ned i fyrstninga av sesongen. Det hadde i fleire år vori lett avsetnad, og skinnmengda har auka sterkt. Kjøparane var noko varsame då auksjonane 1956–57 tok til. Mot slutten av sesongen var det likevel noko auke i prisane.

Ved dei første auksjonane i sesongen 1957–58 var det stort sett lett avsetnad for pelsskinn. Prisane var faste eller aukande. Prisauken gjorde seg serleg gjeldande for blårev og mink.

Minkskinna har etter kvart fått ein meir og meir dominerande plass innan pelsskinnomsetnaden. Ved januarauksjonane i 1958 vart det bodi fram i alt 190 000 skinn. Av dette var 13 000 reveskinn og 177 000 minkskinn — 40 000 av mørk mink (Standard) og 137 000 av andre typar (mutasjonsmink), mest Pastell.

Samla eksportverde av mink- og reveskinn var 54,7 mill. kroner i 1957, mot 47,6 mill. kroner i 1956.

Tabell 46 gjev eit oversyn over skinnprisane ved Oslo-auksjonane.

Tabell 46. Medelprisar for pelsskinn ved Oslo-auksjonane.
Kr. pr. skinn.

	Sølvrev	Platina-rev	Blårev	Mink (I-II)					
				Mørk mink		Pastell		Silverblue	
				Han-nar	Tis-per	Han-nar	Tis-per	Han-nar	Tis-per
Medel 1955–56	86	126	81	126	76	191	119	173	108
» 1956–57	73	113	81	107	55	143	72	158	88
Desember 1956	67	118	83	133	62	168	94	168	103
Januar 1957 .	75	120	79	108	52	140	72	159	83
Mars 1957 ...	80	118	82	96	53	137	66	128	74
Juni 1957	107	89	107	64	134	74	119	75
Desember 1957	62	107	123	145	82	159	80	125	76
Januar 1958 .	64	..	130	162	89	162	84	124	82
Mars 1958 ...	73	110	138	138	85	144	80	122	78

Etter tingingar vart det i september 1956 semje om tømmerprisane for 1956–57. For Austlandet og Sørlandet vart prisen på toppmålt tømmer kr. 100,50 pr. m³ for gran og kr. 97,50 for furu. Prisen på midtmålt tømmer var kr. 86,00 for gran og kr. 75,00 for furu, og for skurdslip av furu kr. 85,00. Ei investeringsavgift på 10 prosent av bruttoverdet er då rekna med i prisen. Desse prisane låg mellom kr. 2,50 og kr. 6,00 høgre enn i sesongen før. Skipnaden med prisreguleringsavgifter og prisreguleringsstilskot som galdt i 1954–55 og 1955–56 vart ikkje nya oppatt. Treforedlingsindustrien skulle i staden betala ei avgift i 1956–57 for kjøp av granvyrke. Denne var på kr. 3,25 pr. m³ fast mål og kr. 2,50 pr. m³ laust mål og gjekk til eit «Skogtiltaksfond». Samla avgift skulle ikkje vera meir enn 11,05 mill. kr. Fondet har som føremål å yta lån til sams tiltak for å fremja skogbruket, m. a. til framdrift og omsetnad av skogsvyrke. Prisane på skurdlast vart sette opp våren 1957.

Tingingane om tømmerprisane for 1957–58 tok lang tid, og det vart ikkje avgjerd før 2. oktober 1957. Prisane gjekk ned med kr. 1,50—2,00 pr. m³. For Austlandet og Sørlandet vart prisen for toppmålt tømmer kr. 99,00 pr. m³ for gran og kr. 96,00 for furu. Prisen for midtmålt tømmer vart kr. 84,00 pr. m³ for gran og kr. 73,50 for furu, og for skurdslip av furu kr. 83,50. Vidare var det føresetnaden at industrien ikkje skulle betala avgifter for skogsvyrke, men som tidlegare er ei investeringsavgift på 10 prosent rekna med i tømmerprisane.

Noteringsprisane for ved var dei same i 1957 som året før — kr. 113,00 pr. 60 cm famn for bjørk og kr. 86,00 for barved.

Tabell 47 gjev eit oversyn over tømmer- og vedprisane dei siste åra.

Tabell 47. Prisar for tømmer og ved.

	Basisprisar for tømmer, levert vassdrag på Austlandet. Kr. pr. m ³					Vedprisar Kr. pr. famn		
	Skurdtømmer		Slip- og cellulosetømmer			Bjørk	Skogsved	
	Gran	Furu	Gran	Furu	Skurd- slip (furu)	60 cm	60 cm	3 m
1949–50	47,00	46,50	41,50	36,00	39,50	68,00	55,00	211,00
1950–51	73,00	67,50	64,50	54,50	58,00	68,00	55,00	211,00
1951–52	81,50	81,50	70,00	65,00	68,00	90,00	70,00	270,00
1952–53	78,00	78,00	67,00	59,00	65,00	100,00	80,00	310,00
1953–54	78,00	75,00	67,00	55,00	65,00	90,00	72,00	279,00
1954–55	90,60	87,60	79,00	61,00	73,50	90,00	72,00	279,00
1955–56	97,60	94,60	83,50	69,00	80,00	105,00	80,00	310,00
1956–57	100,50	97,50	86,00	75,00	85,00	113,00	86,00	335,00
1957–58	99,00	96,00	84,00	73,50	83,50	113,00	86,00	335,00

Prisane på produksjonsmiddel til landbruket gjekk noko opp i siste halvår av 1956, men det var små brigde i 1957. Landbrukshogskulen sitt indekstal for produksjonsmiddel var 121 for året 1957 mot 115 for 1956. Auken var størst for uvarige produksjonsmiddel, serleg for kraftfôr (vegi medeltal for kraftfôr med og utan pristilskot). Prisnivået for kraftfôr vart auka til 70—75 øre pr. føreining

Tabell 48. Prisar på kunstgjødsel og kraftfôr. Kroner pr. 100 kg.

	Kunstgjødsel			Kraftfôr			
	Kalk- salpeter 15,5 pet. N	Super- fosfat Norsk 7,4–7,9 pet. P	Kalium- gjødsel 31,5–34,9 pet. K	Fôr- blanding (ca. 50 pet. protein)	Maisgrøp	Ruggris	Sildmjøl (salt- fattig)
1949	14,45	11,15	15,80	37,59	32,00	22,50	36,28
1950	14,45	11,15	15,80	60,82	43,83	34,78	64,28
1951	16,00	11,30	19,35	71,69	55,80	41,00	77,20
1952	17,35	11,85	20,60	71,81	55,80	41,00	77,20
1953	17,35	11,85	20,60	70,00	55,80	41,00	77,20
1954	17,40	11,85	20,60	70,00	55,80	40,49	77,20
1955	16,90	12,10	20,70	67,50	55,80	36,90	77,20
1956	17,90	13,70	23,10	86,83	71,07	51,50	99,80
1957	18,50	14,60	24,50	94,17	78,91	58,80	111,90
1958	18,60	14,60	24,50

frå 1. juli 1956 — i samband med den nye kraftførskipnaden. Frå 1. juli 1957 er maksimalprisane for kraftfør ved sal frå grossist tekne bort. Dette førte til nokre prisjusteringar. Det er likevel framleis Statens Kornforretning, i samråd med Landbruksdepartementet, som avgjer kraftførprisane til grossist. Etter kraftførskipnaden frå 1956 vart det gjevi ein prisrabatt på 22 øre pr. kg tilvist kraftfør. Frå 1. august 1957 vart denne satsen brigda til 20 øre.

Kunstgjødselprisane var noko høgre våren 1957 enn våren 1956. Innkjøpsterminen 1957–58 syner små brigde frå året før. Tabell 48 viser kraftførprisane som medeltal for året og kunstgjødselprisane ved levering om våren. Om hausten er prisane på kunstgjødsel noko lægre.

Tabell 49 viser prisane på nokre landbruksmaskinar og reiskapar våren 1955, 1956 og 1957.

Tabell 49. Prisar på maskinar og reiskapar. Kroner pr. stk.

	Plog for traktor $2 \times 10''$	Radså- maskin 13 l.	Slåmaskin for traktor	Arbeids- kjerre	Høyvogn med gummihjul
				med gummihjul	
1955	1 141	1 360	1 325	920	1 300
1956	1 255	1 496	1 325	920	1 300
1957	1 255	1 630	1 425	920	1 333

Prisane på jordbrukseigedomar har auka mykje sidan 1951. I 1956 var medels skyldmarksverde for vanlege jordbrukseigedomar i fri omsetnad vel 11 prosent høgre enn året før og mest 60 prosent høgre enn i åra 1949–1951.

I oktober 1954 vart dei tidlegare prisføresegner for fast eigedom tekne bort. Dei nye føresegnene gjeld sal av eigedomar med 1—5 husvære og inntil 10 dekar tomteareal. Dei gjeld berre i område der mellombels lov om husleigeregulering er gjeldande. Lov av 18. mars 1955 om tilskiping av jordbruk (Jordlova) kjem i staden for den tidlegare jordlova frå 1928. Den nye lova gjev staten utvida forkjøpsrett til jord.

Tabell 50 gjev eit oversyn over driftsresultata i jordbruket etter dei rekneskapane som Norges Landbruksøkonomiske Institutt arbeider med.

I tabellen er driftsresultata no sett opp slik, at verdsetjing for familien sitt arbeid ikkje er teki med i kostnadene. Overskotet skal då nyttast både til kapitalrenter og til betaling for familien sitt arbeid. Lønsemada kan ein elles rekna ut anten som arbeidsforteneste etter frådrag av vanlege rentekrav, eller som kapitalforteneste (forrenting), dersom ein reknar med vanleg arbeidsbetaling for familien. Lønsevna er samla arbeidsforteneste for familien og leigehjelpa rekna under eitt.

Frå og med 1954 blir rekneskapsresultata rekna ut for kalenderåret. Dette er i samsvar med rekneskapsterminen for jordbruk som etter skattelova har rekneskaps- eller noteringsplikt. Jordbrukskapitalen blir frå same tid rekna pr. 31. desember (mot før 31. mars), og verdet av hovudbygninga blir no haldt utanom driftsrekneskapen.

Både inntekter og kostnader har auka sidan 1949–50. Utgiftene til leigehjelp syner heller små brigde, for di denne arbeidshjelpa er redusert, samstundes som timelona har auka. Overskot og arbeidsforteneste auka frå 1949–50 til 1953–54, gjekk attende i 1955, men auka att i 1956.

Tabell 50. Rekneskapsresultat i jordbruket.

År, distrikt og storleiksklassar	Talet på bruks-	Inn- marks- areal. Dekar pr. bruks-	Kroner pr. dekar								
			Jord- bruks- kapi- tal	Pro- duk- sjons- inn- tekter	Kostnader		Over- skot	Av dette		Løns- evne	For- renting
					I alt, utan- om arbeid og renter	Leige- hjelp		Utrekna- rente- krav	Ar- beids- for- teneste til fam.		
1949–50	1 024	118,1	503	197,96	78,24	30,87	88,85	15,09	73,76	104,63	14,48
1950–51	1 023	118,9	529	211,36	84,14	31,73	95,49	15,87	79,62	111,35	16,24
1951–52	1 000	117,2	571	228,75	98,64	31,89	98,22	17,13	81,09	112,98	9,87
1952–53	1 000	118,8	606	244,99	110,86	34,26	99,87	18,18	81,69	115,95	7,84
1953–54	1 002	117,2	660	256,17	117,07	34,55	104,55	19,80	84,75	119,30	11,05
1954	1 004	119,6	605	262,97	129,93	35,07	97,97	18,15	79,82	114,89	6,69
1955	1 016	125,0	612	269,70	145,54	34,35	89,81	21,42	68,39	102,74	— 4,03
1956	1 000	128,0	639	316,16	152,17	38,20	125,79	22,37	103,42	141,62	16,01
<i>1956:</i>											
Flatbygder	391	202,0	588	291,16	139,69	40,43	111,04	20,58	90,46	130,89	31,27
Skogbygder	164	101,0	567	260,73	130,96	34,79	94,98	19,85	75,13	109,92	— 2,82
Dal- og fjellbygder	77	72,0	698	318,64	148,13	37,96	132,55	24,43	108,12	146,08	— 7,43
Agder	51	52,0	762	370,26	183,57	29,33	157,36	26,67	130,69	160,02	9,25
Jæren og Bokn妖..	29	110,0	776	536,55	261,46	38,23	236,86	27,16	209,70	247,93	121,71
Fjord- og innbøgd.	119	79,0	696	369,14	172,81	50,33	146,00	24,36	121,64	171,97	15,40
Kystbygder	69	59,0	727	418,62	203,32	37,29	178,01	25,45	152,56	189,85	15,49
Nord-Noreg	100	72,0	681	277,64	131,32	25,97	120,35	23,84	96,51	122,48	— 20,91
Inntil 50 dekar ..	235	41,0	793	391,42	192,73	30,65	168,04	27,76	140,28	170,93	— 20,81
50,1–100 dekar	359	74,0	647	329,65	159,19	34,05	136,41	22,65	113,76	147,81	13,37
100,1–200 »	228	136,0	584	280,30	133,67	41,03	105,60	20,44	85,16	126,19	33,49
200,1–300 »	95	248,0	475	229,40	107,23	45,59	76,58	16,63	59,95	105,54	41,97
300,1–500 »	59	375,0	517	242,75	108,24	59,42	75,09	18,10	56,99	116,41	53,98
Over 500 »	24	611,0	484	241,97	111,76	65,92	64,29	16,94	47,35	113,27	53,73

Driftsresultata ymsar mykje med bruksstorleiken. Stort sett har dei minste brukna etter måten stor inntekt pr. dekar, men det er likevel for lite til å gjeva vanleg dagløn for arbeidet. Desse brukna har stor lønsevne pr. dekar, men lita lønsevne pr. time. Dei større brukna har mindre inntekt og overskot pr. dekar, men dei har òg færre arbeidstimar å dela overskotet på. Desse brukna har større lønsevne pr. time. Forrentinga aukar òg med bruksstorleiken. Dette har i nokon mon verknad på medeltala for dei einskilde distrikta.

Rekna pr. brukseining svara overskotet av jordbruksdrifta i 1956 til kr. 9 147 mot kr. 6 476 i 1955 og kr. 6 990 i 1954. Dette er medeltal for bruk med over 20 dekar, vegne i samsvar med bruksfordelinga ved jordbrukssteljinga i 1949. Til dette kjem inntektene av skogbruk og andre inntekter utanom jordbruksdrifta. Desse inntektene var noko større enn i 1955. Samla overskot for familien (arbeidsvederlag og forrenting) var kr. 14 934 i 1956. Etter frådrag av gjeldsrenter og kårytingar var nettoinntekta kr. 14 098 i 1956, mot kr. 10 520 året før og kr. 10 159 i 1954.

I samband med tingingane om jordbruksprisane har Budsjettet nemnda for jordbruksdrifta gjort utrekningar over samla inntekter og utgifter for heile jordbruksnæringa. Prinsippa for utrekningane er dei same som dei Byrået nyttar når det set opp nasjonalrekneskapen. Totalrekneskapen skal i fyrste rekke syna kva

verde som er skapt i driftsåret av den arbeidskraft og kapital som er sett inn i jordbrukssektoren. Som kostnader reknar ein med verdet av varer og tenester frå andre næringssektorar og slitasje på varige driftsmiddel, som maskinar, reiskapar og driftsbygningar. Den summen som då er att, kallar ein jordbrukssektoren sitt nettoprodukt. Som tillegg til nettoproduktet reknar ein visse statstilskot for å fremja produksjonen. Etter frådrag av kapitalrenta kjem ein fram til vederlaget for all arbeidskraft som er sett inn i jordbrukssektoren. Hovudresultata ser ein av tabell 51.

Tala er reviderte og kan difor ikkje utan vidare jamførast med dei oppgåvene som er gjevne tidlegare. Inntektene av hagebruksprodukter t. d. er no rekna ut på ein annan måte enn før.

Tabell 51. Totalrekneskap for jordbrukssektoren.¹ Mill. kroner.

	1938–39	1953–54	1954–55	1955–56	1956–57	1957–58 ²
Inntekter av planteprodukt	106,0	419,0	515,0	555,1	612,1	581,6
Inntekter av husdyrprodukt	461,3	1 420,2	1 572,2	1 709,4	1 849,6	1 889,8
Andre inntekter.....	51,5	131,5	148,0	158,0	168,9	173,7
Lagerbrigde	44,5	48,0	48,6	49,8	46,3	4,3
I alt inntekter	663,3	2 018,7	2 283,8	2 372,7	2 676,9	2 640,8
Kostnader	309,7	836,7	912,3	1 054,7	1 109,9	1 181,4
Nettoprodukt.....	353,6	1 182,0	1 371,5	1 318,0	1 567,0	1 459,4
+ statstilskot	11,4	75,6	80,6	92,1	87,5	92,2
— renter av eigen og lånt kapital	97,4	162,6	182,4	239,2	262,3	293,0
Utrekna total arbeidsinntekt ...	267,6	1 095,0	1 269,7	1 170,9	1 392,2	1 258,6
Av inntektene:						
Sal av planteprodukt og husdyrprodukt	417,9	1 422,6	1 648,1	1 820,0	2 012,6	2 011,7
Heimeforbruk av planteprodukt og husdyrprodukt	137,9	369,7	397,2	410,9	408,7	423,3

¹ Pelsdyrnæringa er rekna med. ² Førebels oppgåve.

Inntektene var noko større i 1956–57 enn året før. Det var serleg inntektene frå husdyrhaldet som auka. Kostnadene syntre mindre auke, slik at total arbeidsinntekt gjekk opp. Førebelse oppgåver for driftsåret 1957–58 viser noko mindre inntekter og større utgifter, slik at det er nedgang i total arbeidsinntekt att.

Det har ikkje vori nye etterrøknader over gjeldstilhøva i jordbrukssektoren sidan 1946. Etter likningsoppgåvene pr. 1. januar var gjelda i prosent av brutto-eiga: 45,2 i 1932, 40,3 i 1940 og 20,2 i 1946. Ein har ikkje fullstendige oppgåver over gjeldstilhøva for seinare år, men oppgåvene frå bankar og kreditsamskipnader m. m. syner at utlåna har auka. Utlånsmassen frå desse institusjonar er delt på næringar, men slik at jordbrukssektoren og skogbrukssektoren er sedde under eitt. Tabell 52 gjev eit oversyn over utlåna til jord- og skogbrukssektoren.

Tabell 52. Kjende utlån til jord- og skogbruk. Mill. kroner.

Långjevarar	31. des. 1953	30. juni 1954	31. des. 1954	30. juni 1955	31. des. 1955	30. juni 1956	31. des. 1956	30. juni 1957
Statsbankar	453	476	501	511	526	530	541	551
Forretnings- og spare- bankar	784	812	866	898	941	990	980	995
Kreditsamskipnader .	127	131	135	137	152	149	170	160
Offentlege fond, trygde- lag o.l.	62	60	59	62	66	65	72	..
Sum	1 426	1 479	1 561	1 608	1 685	1 734	1 763	..

Gjelda til private långjevarar og varegjeld til handlarar er ikkje med i tabell 52.

Auknen i utlåna må ein sjá i samband med dei store investeringar i tida etter krigen. Det gjeld både jord- og skogbruk og andre næringar. Tabell 53 gjev eit oversyn over utviklinga (reviderte tal etter nasjonalrekneskapen).

Tabell 53. Investeringar i jordbruket. Mill. kroner.

	1952	1953	1954	1955	1956	1957 ¹
Brutto investering	482	507	552	609	628	667
Kapitalslit	298	311	317	337	357	384
Netto investering	184	196	235	272	271	283
Av dette til:						
Driftsbygningar og grunnforbetringar	120	146	160	158	168	177
Maskinar m.m.	64	50	75	114	103	106

¹ Førebels oppgåve.

Bruttoinvesteringa gjeld øg kapitalslit (vedlikehald og avskriving) som er rekna med som årlege kostnader i totalrekneskapen (tabell 51).

Ein stor del av gjelta i jord- og skogbruk er knytt til visse statsbankar og kreditsamskipnader. Tabell 54 syner samla utlån i mill. kroner frå desse institusjonane.

Tabell 54. Utlån frå statsbankar og kreditsamskipnader.
Mill. kroner.

	1939	1949	1955		1956		1957	
			30. juni	31. des.	30. juni	31. des.	30. juni	31. des.
Hypotekbanken.....	459,9	373,8	449,5	451,3	453,9	454,9	459,8	461,0
Småbruk- og Bustadbanken...	226,9	153,3	549,6	588,2	607,8	644,8	664,5	702,1
Arbeiderbruk- og Boligbanken.	16,5	4,5	1,3	1,2	1,0	0,9	0,8	0,7
Lånekassen for jordbrukere...	30,0	11,0	4,1	3,8	3,6	3,4	3,2	3,0
Driftskredittkassen for jordbr.	0,8	17,4	50,3	51,6	54,5	55,8	59,0	58,5
Norges Kreditforening for Land- og Skogbruk.....	56,6	84,0	124,0	128,9	131,1	135,2	139,0	142,9
Norges Landhypotekforening for 2. prioritet	-	0,8	1,4	1,5	1,9	2,0	2,0	2,1
Centralkassen for Bøndernes Driftskreditt	8,4	12,6	11,2	21,9	15,7	32,6	19,0	29,7

Desse tala gjeld òg utlån utanom jord- og skogbrukssektoren, t. d. lån til bustader utan eigentleg jordbruk.

Gjennom statsbankane gjev staten kreditt på eit rimeleg rentenivå. Utanom dette gjev staten òg direkte stønad til investeringar i jordbruket ved rentefritak og tilskot. Tabell 55 syner tilskota i budsjettåra frå og med 1949–50.

Tabell 55. Statstilskot til bureising, jorddyrkning m.m. 1000 kroner.

	Bureising	Jord-dyrking m. m.	Søkkings- og vass- forsynings- arbeid	Vegar til jordbruks- føremål	Potet- kjellarar, gjodsels- oppsamling m. m.	Maskin- stasjonar
1949–50 ...	2 315	9 815	692	588	3 810	3 000
1950–51 ...	2 175	9 032	2 541	773	4 975	2 213
1951–52 ...	2 208	10 369	2 558	984	5 443	1 966
1952–53 ...	4 953	13 822	4 642	1 144	2 192	3 243
1953–54 ...	4 504	23 652	6 458	1 521	1 600	2 701
1954–55 ...	6 323	22 919	6 288	1 701	1 095	2 386
1955–56 ...	6 132	32 259	7 584	2 106	767	2 280
1956–57 ...	5 220	47 331	5 781	2 700	498	701

Etterat reglane for stønad til jorddyrkning vart brigda i 1952, har tilskota til jorddyrkninga auka sterkt. Frå 1. juli 1956 vart det etter sett midel- og inntektsgrense for ordinære jorddyrkingsstilskot, men med høgre satsar enn dei som galdt før 1952. Dessutan vart det sett ei arealgrense på 200 dekar for ordinære tilskot til nydyrkning, men for tilskot til grøfting av dyrka jord var det framleis inga arealgrense. Til bruk med inntil 75 dekar dyrka jord blir det gjevi høgre tilskot til jorddyrkning. Frå 1. juli 1957 er det sertilskot også for bruk med 75–100 dekar dyrka jord. Elles er det serskilde tilskot til bureising og visse byggjearbeid på eldre bruk. Hjelpetiltak av fondet for driftsbygninga — som var ein lekk i jordbruksavtalen — blir finansierte gjennom kraftførprisane. Administrasjonen av dette er lagt til Noregs Småbruk- og Bustadbank.

Etter jordbruksavtalen i 1956 vart det frå og med 1956–57 løyvt 8 mill. kroner til eit fond for reguleringstiltak for å sikra avsetnaden av smør og ost. Elles er det som produksjonsfremjande tiltak framleis tilskot m. a. til sikring av frøavlen, utnytting av fjellbeiter og til grasfrø m. m. i fjellbygder og i Nord-Noreg. Korn- og potettrygda er nemnd tidlegare.

Lova for fremjing av omsetnaden av jordbruksvarer har vori gjeldande sidan 1936. Føremålet med lova er gjennom samyrke å fremja omsetnaden av jordbruks- og hagebruksprodukt. Lova gjev høve til å leggja på avgifter ved omsetnaden av slike varer — for inntil eit år om gongen. Produsentane skal svara avgiftene når dei sel, leverer eller får oppgjer for varene. Avgiftssatsane og samla avgift for dei avgiftspliktige varene var i 1956:

Mjølk: 0,25 øre pr. liter.....	i alt ca.	2,9	mill. kr.
Flesk, kjøt av storfe, kalv og sau: 10 øre pr. kg.....	— » —	9,4	» »
Egg: 5 øre pr. kg.....	— » —	1,0	» »
Pelsskinn: 3 prosent av salsummen.....	— » —	1,4	» »
Grønsaker, frukt og bær: 1,8 prosent av salsummen (jord- bær 2 prosent)	— » —	1,7	» »

Dette blir i alt ca. 16,4 mill. kr.

Avgiftene blir nytta til opplysningsarbeid, marknadsregulering o. a., og dessutan til stønad ved bygging av lagerhus, foredlingsanlegg o. likn. — etter vedtak av Omsetningsrådet.

Fra 1. februar 1957 er det avgift til Omsetningsrådet også for fjørfeslakt. Avgifta er 10 øre pr. kg.

Omsetningsrådet skal også styra med fondet for sikring av avsetnaden av jordbruksvarer.

I samband med dei økonomiske oppgjer våren 1956 — med ny jordbruksavtale og tariffoppgjer for store grupper av lønsmottakarar — vart omfanget av statstilskota til prisregulering brigda. Mange av tilskota vart då tekne bort eller reduserte. Hausten 1956 og sumaren 1957 vart sume pristilskot auka, men våren 1958 vart tilskota reduserte att, m. a. for mjølk. Tabell 56 gjev eit oversyn over tilskota til prisregulering.

Tabell 56. Tilskot til prisregulering. Mill. kr.

	Over statsrekneskapen (kap. 1166)							Over Pris-direktoratet sine fond ¹
	Brød-mjøl	Mjølk	Kjøt og flesk	Kraft-før og matfeitt	Kunst-gjødsel	Anna	I alt	
1952-53	138	205	5	80	34	13	475	192
1953-54	120	254	5	69	40	7	495	101
1954-55	104	266	6	115	40	1	532	136
1955-56	113	322	20	101	35	2	593	2112
1956-57	120	369	17	51	26	1	584	2188

¹ M. a. til kaffi, sukker og tekstilråvarer. ² Prisregularisefondet for tømmer og kubb er ikkje med.

Arbeidstilhøve og tekniske hjelpperåder for kvinnene i jordbruket.

I samband med den representative jordbruksteljinga i 1957 vart det innhenta ein del oppgåver som i fyrste rekke gjeld arbeidstilhøva for kvinnene. Det var kvinnegruppene innan Norsk Bonde- og Småbrukarlag og Norges Bondelag som oppmoda Byrået til å setja i verk ein slik etterrøknad.

Vedlegg 1 bak i boka syner spørsmåla som var med på teljingskjemaet.

Etterrøknaden gjeld bruk med over 5 dekar jordbruksareal. Det kom inn oppgåver frå 21 388 bruk. Dette svarar til 10 prosent av dei 213 441 brukna med over 5 dekar i 1949. Resultata frå teljingsbruka er gjorde gjeldande for alle bruk med over 5 dekar. Det er då rekna med same brukstal og bruksstruktur som ved den fullstendige jordbruksteljinga i 1949. Ein har ikkje oppgåver som syner kva brigde det har vori seinare. Dette gjer dei utrekna totaltala noko usikre. Det er relativttala — prosenttala — som gjev det sikraste biletet av tilhøva.

Dei opplysingane som er innhenta fell i tre avdelingar: Bygningane, tekniske hjelpperåder og husmora og hennar arbeid.

Oppgåvene over bygningar og tekniske hjelpperåder gjeld alle bruk med over 5 dekar jordbruksareal, medan oppgåvene over husmora og hennar arbeid berre gjeld dei brukna som er drivne av ektepar.

Dei fleste resultata frå etterrøknaden er gjevne klassevis for heile landet under eitt som utrekna totaltal i tabell XI og som relativttal i tabell XII. Tilsvarende tal for dei einskilde fylke er tekne inn i tabellane XIII og XIV. I tabell

XV er det gjevi relativtal for bruk av ymse storleik i dei einskilde fylke. Ymse taloppgåver som ikkje er med i desse tabellane er gjevne under omtalen av dei einskilde teljingsobjekt.

Bygningane.

Innlagt vatn. I 1957 var det innlagt vatn i våningshuset på 78,6 prosent av bruken over 5 dekar. Det har vori sterk auke sidan 1949, då det var 48,8 prosent. I 1939 var det 36,5 prosent. Det er tydeleg skilnad mellom bruk av ymse storleik. Det er berre få bruk over 100 dekar som er utan innlagt vatn. I klassen 5,1—20 dekar er knapt tredjeparten av bruken utan vatn i våningshuset. No som tidlegare er det relativt flest som har innlagt vatn i Vestfold, men Møre og Romsdal og Trøndelag ligg ikkje langt etter. Det er minst vanleg i Finnmark. Men der som elles i Nord-Noreg har det vori sers stor auke sidan 1949.

Det var innlagt vatn i fjøset ved 71,2 prosent av bruken i 1957. Tilsvarande tal for 1949 var 51,8 prosent og for 1939 48,8 prosent. Auken sidan 1949 har ikkje vori så sterk som for innlagt vatn i våningshuset. Ein må elles vera merksam på at ein del bruk, serleg i den lengste bruksklassen, er utan fjøs. Mellom anna av den grunn skal bruken mellom 5 og 20 dekar seg sterke ut når det gjeld innlagt vatn i fjøset enn i våningshuset. Ved bruk over 50 dekar er vatn i fjøset vel så vanleg som i våningshuset. Rekkjefylgia mellom fylka er stort sett den same som for innlagt vatn i våningshuset.

Frå dei bruken der det ikkje var innlagt vatn, skulle ein ha oppgåve over kor lang veg det er etter vatnet. I tabell 57 er resultatet gjevi klassevis for heile landet under eitt.

Tabell 57. Bruk utan innlagt vatn, fordelt etter kor langt det er etter vatn.

	Utrekna totaltal Bruk med jordbruksareal					Relative tal Bruk med jordbruksareal				
	5,1— 20 dekar	20,1— 50 dekar	50,1— 100 dekar	Over 100 dekar	I alt	5,1— 20 dekar	20,1— 50 dekar	50,1— 100 dekar	Over 100 dekar	I alt
Til våningshuset:										
Inntil 25 m ...	8 964	6 826	1 787	290	17 867	41,0	38,4	34,9	34,6	39,2
26— 50 » ...	6 953	6 008	1 880	244	15 085	31,8	33,8	36,7	29,1	33,1
51—100 » ...	3 935	3 342	835	137	8 249	18,0	18,8	16,3	16,3	18,1
101—200 » ...	1 224	1 120	420	76	2 840	5,6	6,3	8,2	9,0	6,2
Over 200 » ...	787	480	200	92	1 559	3,6	2,7	3,9	11,0	3,4
I alt	21 863	17 776	5 122	839	45 600	100	100	100	100	100
Til fjøset:										
Inntil 25 m ...	17 269	8 281	1 534	139	27 223	45,6	42,7	41,3	23,7	44,2
26— 50 » ...	12 535	6 613	1 241	201	20 590	33,1	34,1	33,4	34,3	33,4
51—100 » ...	5 680	3 122	639	87	9 528	15,0	16,1	17,2	14,9	15,5
101—200 » ...	1 401	970	204	65	2 640	3,7	5,0	5,5	11,1	4,3
Over 200 » ...	985	407	97	93	1 582	2,6	2,1	2,6	16,0	2,6
I alt	37 870	19 393	3 715	585	61 563	100	100	100	100	100

Det er rekna med at det vantar innlagt vatn både på dei bruka der det er svara nei og der det ikkje er gjevi svar på spørsmålet.

Inntil 50 meter veg etter vatn er mest vanleg, men det er heller ikkje så få med 51—100 meter.

Elektrisitet. I 1957 var det innlagt elektrisitet i våningshuset på 91,2 prosent av bruka med over 5 dekar jordbruksareal. Det har vori sterk auke sidan 1949, då det vart opplyst at 65,6 prosent hadde elektrisk lys. I 1939 var det 48,9 prosent og i 1929 44,3 prosent.

Auken er serleg stor på Vestlandet, i Trøndelag og i Nord-Noreg, der det har vori relativt færrest bruk med elektrisitet. Skilnaden mellom distrikta har såleis blitt mindre. I 1957 var det elektrisitet i våningshuset på over 90 prosent av bruka i dei fleste fylka på Austlandet, i Agder, på Vestlandet og i Trøndelag. I Nordland og Troms var det ca. 80 prosent som hadde elektrisitet og i Finnmark knapt 70 prosent.

Det er relativt fleire som har elektrisitet i våningshuset di større bruka er, men skilnaden mellom bruksklassane er liten.

Det var innlagt elektrisitet i driftsbygningen ved 78,2 prosent av alle bruka i 1957. Ein har ikkje tilsvarande oppgåver frå tidlegare år. Skilnaden mellom bruksklassane er større enn for elektrisitet i våningshuset. Dei distriktsvise variasjonane er òg større. Berre i Vestfold er det meir enn 90 prosent som har innlagt elektrisitet i driftsbygningen. Elles er det mellom 80 og 90 prosent i Agder, Trøndelag, dei fleste fylka på Austlandet, i Rogaland og Møre og Romsdal. Færrest er det i Nord-Noreg, med 60—70 prosent i Nordland og Troms og 43 prosent i Finnmark.

Ved etterrøknaden var det med eit spørsmål om bruk av elektrisitet til oppvarming — heilt eller delvis.

Det var ikkje meir enn 1,2 prosent av bruka som nytta berre elektrisitet til oppvarming, medan 56,2 prosent delvis nytta elektrisitet til oppvarming. I 1949 vart elektrisitet nytta til varme på 14,3 prosent av bruka og i 1939 og 1929 på ca. 5 prosent.

Elektrisitet til oppvarming er ikkje fullt så vanleg ved bruka over 100 dekar som ved dei andre bruka. Dei distriktsvise variasjonane er store. Medan det var 25 prosent av bruka i Østfold som nytta elektrisk oppvarming, var det 85 prosent i Rogaland. Elektrisk oppvarming er i det heile relativt minst vanleg på Austlandet og mest vanleg på Vestlandet. Tilgangen på brennerefang har sjølv sagt sitt å seia.

Alderan på våningshuset og kjøkeninnreiinga. Vel 92 prosent av bruka over 5 dekar gav opplysningar om alderen på våningshuset og 89 prosent om alderen på kjøkeninnreiinga. Tabell 58 viser korleis dei bruka ein har oppgåver frå, fordeler seg etter alderen på våningshuset.

Finnmark og Troms skil seg ut med relativt mange nye våningshus. Dette skriv seg frå nybygginga etter krigen. Hus som er meir enn 100 år gamle, finn ein relativt mest av på Austlandet og i Agder, og dernest i Trøndelag. Dette har i nokon mon samanheng med bruksstrukturen. Gamle hus er relativt meir vanleg di større bruka er. Meir enn fjerdeparten av bruka over 100 dekar hadde våningshus som var eldre enn 100 år. Ved 67 prosent av bruka var våningen

Tabell 58. Bruka prosentvis fordelt etter alderen på våningshuset.

	Inn-til 5 år	6–10 år	11–20 år	21–30 år	31–50 år	51–100 år	Over 100 år	I alt
Bygdene i alt	6,1	7,4	9,1	10,4	22,8	34,6	9,6	100
Østfold	4,3	2,9	4,9	6,8	19,4	42,3	19,4	100
Akershus	3,6	4,4	5,1	5,9	26,4	39,3	15,3	100
Hedmark	5,1	5,1	10,2	12,6	27,9	27,7	11,4	100
Oppland	7,0	6,3	11,0	10,1	20,2	29,8	15,6	100
Buskerud	6,0	5,2	7,6	7,8	23,6	35,0	14,8	100
Vestfold	3,6	3,0	5,3	5,6	17,2	45,6	19,7	100
Telemark	4,3	5,2	7,1	8,4	20,1	38,3	16,6	100
Aust-Agder	2,0	3,7	6,2	11,4	19,7	40,7	16,3	100
Vest-Agder	3,0	4,3	5,9	8,5	18,1	43,3	16,9	100
Rogaland	4,1	5,4	7,6	11,9	27,3	35,8	7,9	100
Hordaland	4,2	4,8	6,3	10,1	25,8	43,4	5,4	100
Sogn og Fjordane	4,5	5,2	8,5	10,6	27,7	39,5	4,0	100
Møre og Romsdal	5,6	4,1	7,6	12,7	24,2	40,1	5,7	100
Sør-Trøndelag	3,8	5,3	8,7	8,4	22,3	41,9	9,6	100
Nord-Trøndelag	6,0	6,0	12,7	10,4	19,5	36,3	9,1	100
Nordland	8,1	8,5	14,2	13,6	23,2	29,1	3,3	100
Troms	13,9	20,8	13,4	12,5	21,6	16,4	1,4	100
Finnmark	23,6	52,6	9,1	5,9	5,2	3,6	—	100
Bygdene klassevis:								
5,1–20 dekar	5,9	10,0	11,3	12,2	26,2	28,9	5,5	100
20,1–50 »	6,7	7,7	9,5	11,2	23,1	34,3	7,5	100
50,1–100 »	6,0	4,8	7,0	8,1	20,3	41,8	12,0	100
Over 100 »	4,6	3,1	4,3	5,6	15,6	40,3	26,5	100

over 50 år. I bruksklassen 5,1–20 dekar var våningshuset over 100 år berre ved vel tjuandekvart bruk, og vel tredjeparten av bruka hadde våningshus som var over 50 år.

Det er ofte store distriktsvise variasjonar innan dei einskilde fylke. I Hedmark var det såleis meir enn 100 år gammal våning ved 23 prosent av bruka i silurbygdene, men berre ved 8 prosent i dal- og fjellbygdene. I Vest-Agder ymsa det mellom 20 prosent i kystbygdene og 5 prosent i dal- og fjellbygdene.

Tabell 59 syner bruka fordelt på grupper etter alderen på kjøkeninnreiinga.

Ved å samanlikna tabellane 58 og 59 ser ein at kjøkeninnreiinga sers ofte er modernisert. Knapt halvparten av bruka har kjøkeninnreiing som er inntil 10 år gammal. Dei distriktsvise variasjonane er heller små. Det er heller ikkje nemnande skilnad mellom bruk av ymse storleik. Retteleg ny innreiing — inntil 5 år — er likevel noko vanlegare ved dei større bruka enn ved dei mindre.

Planlegginga av kjøkeninnreiinga. Ved etterøknaden vart det spurt om ein ved planlegginga av kjøkeninnreiinga hadde hatt hjelp av arkitekt, husstell-konsulent eller snikkar, eller om det var gjort bruk av typeteikningar. For 77 prosent av bruka var det gjevi svar på dette spørsmålet. Resten er slike som ikkje har hatt slik hjelp og dei som av ein eller annan grunn ikkje har svara. Tabell 60 gjev eit oversyn.

Tabell 59. Bruka prosentvis fordelte etter alderen på kjøkeninnreiinga.

	Inn-til 5 år	6–10 år	11–20 år	21–30 år	31–50 år	51–100 år	Over 100 år	I alt
Bygdene i alt	25,7	23,0	21,1	12,0	12,2	5,3	0,7	100
Østfold	24,6	19,4	23,2	8,8	14,6	8,0	1,4	100
Akershus	21,0	24,4	25,1	11,3	11,5	6,5	0,2	100
Hedmark	25,5	20,4	21,8	13,5	13,4	4,2	1,2	100
Oppland	22,2	20,7	24,0	13,3	13,8	4,9	1,1	100
Buskerud	24,1	19,1	25,0	11,1	15,0	4,8	0,9	100
Vestfold	27,2	25,1	22,5	9,1	9,9	6,0	0,2	100
Telemark	25,3	20,5	21,4	11,0	12,5	7,9	1,4	100
Aust-Agder	21,9	26,1	18,6	13,2	11,7	6,9	1,6	100
Vest-Agder	23,8	22,4	17,1	13,5	12,2	9,2	1,8	100
Rogaland	25,1	23,2	19,2	12,2	13,6	5,8	0,9	100
Hordaland	26,0	23,3	19,7	12,6	11,9	6,0	0,5	100
Sogn og Fjordane	26,8	21,6	20,6	13,2	11,7	5,6	0,5	100
Møre og Romsdal	31,4	22,1	19,1	12,3	11,2	3,8	0,1	100
Sør-Trøndelag	27,4	21,6	19,9	12,0	13,8	5,0	0,3	100
Nord-Trøndelag	27,7	21,8	22,6	11,7	12,5	3,4	0,3	100
Nordland	24,9	20,1	23,8	14,0	12,1	4,9	0,2	100
Troms	26,6	31,3	18,6	9,6	10,0	3,8	0,1	100
Finnmark	27,8	53,4	10,3	3,6	3,9	1,0	—	100
Bygdene klassevis:								
5,1– 20 dekar	22,5	23,4	21,7	13,1	13,7	5,1	0,5	100
20,1– 50 »	25,6	22,6	20,5	12,9	12,4	5,4	0,6	100
50,1–100 »	28,6	23,1	21,0	10,3	10,7	5,5	0,8	100
Over 100 »	30,0	23,4	21,9	8,9	10,1	4,8	0,9	100

I dei fleste tilfelle er det snikkar som har hjelpt til med planlegginga. I Finnmark, der det er relativt flest nye hus, er hjelpe av arkitekt og planlegging på grunnlag av typeteikningar etter måten vanleg. Også i Troms er dette meir vanleg enn elles i landet. Sett i høve til dei andre fylka er det relativt mange som har nytta husstellkonsulent i Nord-Trøndelag. Arkitekt og husstellkonsulent har vori etter måten meir nytta ved brukha over 100 dekar enn ved mindre bruk. Elles er det liten skilnad mellom bruksklassane.

Hushaldskjellar. I 1957 var det hushaldskjellar ved 73,9 prosent av brukha. Prosentalet aukar med aukande bruksstorleik, men sjølv ved dei minste brukha er hushaldskjellar heller vanleg. Hushaldskjellar er noko vanlegare på Austlandet og i Agder enn elles i landet. Fylkesvis skifta det mellom 92 prosent i Oppland og Buskerud og 56 prosent i Nordland. På Vestlandet og i Trøndelag er slik kjellar ein god del vanlegare i dei indre bygdene enn i ytre bygder.

Vaskekjellar eller anna spesielt vaskerom. 47,2 prosent av brukha hadde slike rom. Prosentalet aukar med bruksstorleiken, men skilnaden mellom dei ulike bruksklassar er ikkje serleg stor. Distriktsvis skil Vestlandet seg sterkt ut. Rogaland kjem på toppen med 72 prosent. Spesielt vaskerom er minst vanleg på Austlandet — i Hedmark såleis berre på 30 prosent av brukha.

Tørkeloft eller anna rom til tørking av kledevask. Etter oppgåvene i 1957 var det slike rom ved 21,1 prosent av brukha. Det er heller stor skilnad mellom bruk

Tabell 60. Bruka prosentvis fordelte etter kva for planleggjar som er nytt til kjøkeninnreiinga.

	Arkitekt	Husstell-konsulent	Snikkar	Type-teikningiar	Andre og utan oppgåve	Bruk i alt
Bygdene i alt	2,4	0,7	71,2	2,7	23,0	100
Østfold	1,8	1,5	70,2	0,8	25,7	100
Akershus.....	3,5	0,6	66,1	4,6	25,2	100
Hedmark	3,0	0,4	75,8	1,7	19,1	100
Oppland	2,7	0,3	68,2	1,9	26,9	100
Buskerud	4,0	0,6	68,2	2,2	25,0	100
Vestfold	2,3	0,7	80,6	2,9	13,5	100
Telemark	1,9	1,1	62,5	2,3	32,2	100
Aust-Agder.....	1,9	1,3	72,4	2,8	21,6	100
Vest-Agder	1,1	0,6	76,4	0,7	21,2	100
Rogaland	1,7	0,5	80,0	1,7	16,1	100
Hordaland	2,3	0,1	78,2	1,8	17,6	100
Sogn og Fjordane .	2,0	0,3	73,8	1,2	22,7	100
Møre og Romsdal .	1,4	0,6	73,8	2,1	22,1	100
Sør-Trøndelag	1,8	0,8	68,7	1,9	26,8	100
Nord-Trøndelag ..	0,9	5,2	66,4	1,8	25,7	100
Nordland	0,9	—	70,6	2,6	25,9	100
Troms	4,1	0,1	63,5	7,3	25,0	100
Finnmark	13,0	—	53,5	17,1	16,4	100
Bygdene klassevis:						
5,1– 20 dekar ...	2,3	0,3	72,4	2,6	22,4	100
20,1– 50 » ...	1,6	0,4	71,7	2,9	23,4	100
50,1–100 » ...	2,1	1,0	71,1	2,3	23,5	100
Over 100 » ...	6,5	3,0	65,3	2,9	22,3	100

av ymse storleik. Tørkerom er relativt vanlegare di større bruka er, og bruksklassen over 100 dekar skil seg serleg sterkt ut. Distriktsvariasjonane er store. Det skiftar sterkt frå fylke til fylke og mellom dei ymse strok innan dei einskilde fylke. I Vestfold var det tørkeloft eller anna tørkerom ved knapt halvparten av bruka, men i Troms berre ved tiandekvart bruk.

Bad. Det er heller få bruk som har bad. I 1957 var det berre 13,8 prosent. Bruka med over 100 dekar jordbruksareal skil seg sterkt ut. Meir enn tredjeparten av desse bruka hadde bad. I bruksklassen 50,1–100 dekar var det bad ved sjuandeparten av bruka, og ved tiandeparten av dei bruka som er mindre. Relativt fleist bruk med bad var det i Finnmark, truleg på grunn av at der er så mange nye våningshus. Der var det bad på fjerdekvart bruk. Dernest følger Vestfold med bad på femtekvart bruk. Relativt mange bruk med bad var det òg i Buskerud, Nord-Trøndelag og Akershus. Relativt færrest var det i Nordland, der kvart tolvt bruk hadde bad. Elles er ikkje skilnaden mellom fylka serleg stor, og det er ingen landslut som skil seg nemnande ut, men i mange høve er det heller stor skilnad mellom dei ymse distrikt innan dei einskilde fylke. Bad er såleis heller vanleg i dei beste jordbruksbygdene, medan det er få som har bad i dei ytre bygdene på Vestlandet og i Trøndelag.

Vassklosett. I 1957 var det berre 7,8 prosent av bruka over 5 dekar som hadde vassklosett. Bruka over 100 dekar skil seg sers sterkt ut frå dei mindre

bruk. Det var vassklosett ved 23,1 prosent av bruka over 100 dekar, men berre ved 5—7 prosent i dei lægre bruksklassar. Relativt færrast var det i klassen 20,1—50 dekar. Vassklosett er meir vanleg på Austlandet enn elles i landet. I Akershus, Buskerud og Vestfold var det knapt 13 prosent som hadde vassklosett. Minst vanleg er det i Trøndelag med ca. 5 prosent.

Utslagsvask på kjøkenet. Det var utslagsvask på 74,9 prosent av bruka i 1957. I 1949 var det 45,9 prosent. Det har vori sterk auke over heile landet.

I bruksklassen 5,1—20 dekar var det utslagsvask ved to tredjepartar av bruka i 1957. Det er jamn auke med aukande bruksstorleik — til 93 prosent i klassen over 100 dekar. Skilnaden mellom bruksklassane er den same som for innlagt vatn i våningshuset. Utslagsvask er serleg vanleg i Vestfold — ved knapt 92 prosent av bruka. Dernest fylgjer Trøndelag og Møre og Romsdal med 82 prosent. Relativt færrast er det i Finnmark med 61 prosent. Det er liten skilnad mellom dei ymse område innan dei einskilde fylke.

Oppvaskkum på kjøkenet. Oppvaskkum var det på 30,1 prosent av bruka. Om lag fjerdeparten av bruka mellom 5 og 50 dekar hadde oppvaskkum, vel tredjeparten av bruka mellom 50 og 100 dekar og noko over halvparten av bruka over 100 dekar. I Vestfold, i Agder, på Vestlandet og i Trøndelag er det stort sett 35—40 prosent av bruka som har oppvaskkum. I Nord-Noreg er det ca. 20 prosent og på Austlandet (unnateki Vestfold) er det 22—30 prosent.

Stativ for lufttørking av oppvask. Det var berre 6,6 prosent av bruka som hadde slikt tørkestativ i 1957. I bruksklassen over 100 dekar var det tørkestativ på knapt femtekvert bruk, men i dei lægre bruksklassar berre på 4—8 prosent av bruka. Tørkestativ er meir vanleg i Nord-Trøndelag enn i dei andre fylka. Minst vanleg er det i Nord-Noreg. Elles er det ikkje stor skilnad mellom fylka.

Ventilert matskåp på kjøkenet. 22,2 prosent av bruka hadde ventilert matskåp. Det er mest vanleg ved bruka over 100 dekar — på vel tredjeparten av bruka. I dei lægre klassar er det ca. 20 prosent. Stort sett er ventilert matskåp mest vanleg på Austlandet, i Vestfold såleis ved knapt to femtepartar av bruka. Elles er det relativt vanleg i Finnmark òg.

Kjellarheis for matvarer. Kjellarheis er lite vanleg over alt. Medeltalet for heile landet var 1,3 prosent. Det er berre Oppland som skil seg ut med noko høgre prosenttal (7,2). Det er serleg i visse bygder innan mellom- og skogbygdene og dal- og fjellbygdene i dette fylket det er etter måten vanleg med kjellarheis.

Bordplass for måltida på kjøkenet. Etter oppgåvane i 1957 var det plass til å ta måltida på kjøkenet ved tre fjerdepartar av bruka. Det er liten skilnad mellom bruk av ymse storleik, men det er ikkje fullt så vanleg ved bruka mellom 5 og 20 dekar som ved større bruk. Fylkesvis varierer det ikkje så reint lite. Relativt mest vanleg er det i Agder og på Vestlandet. Stort sett er det minst vanleg på Austlandet, men der skil Oppland og Telemark seg ut med knapt 85 prosent, medan det på andre sida er under 60 prosent i Hedmark og Buskerud.

Tekniske hjeloperåder.

Elektrisk kjøleskåp. Tiandekvart bruk over 5 dekar hadde kjøleskåp i 1957. Bruka over 100 dekar skil seg sterkt ut. Der var det kjøleskåp på vel tredjekvart bruk. I dei lægre bruksklassar var det berre 6—10 prosent som hadde kjøleskåp, relativt minst ved bruka mellom 20 og 50 dekar.

Kjøleskåp er langt vanlegare på Austlandet og i Agder enn i dei andre landslutene. Serleg vanleg var det i Østfold (35 prosent) og Vestfold (31 prosent). I Nord-Noreg var det mindre enn 2 prosent av bruka som hadde kjøleskåp og på Vestlandet 3—7 prosent.

Fryseboks. Det var berre 2 prosent av bruka som hadde elektrisk fryseboks i heimen. Av bruka over 100 dekar var det 9,3 prosent, men ikkje meir enn 1—2 prosent i dei lægre bruksklassar. I Østfold hadde 8,0 prosent av bruka fryseboks, men for resten av fylka var 4 prosent det meste. Fryseboks i heimen er noko meir vanleg på Austlandet enn elles i landet.

Det vart òg spurt om det var høve til å leiga fryseboks og om dette høvet i så fall vart nytta. Etterøknaden syntte at 64,1 prosent hadde slikt høve og at 44,0 prosent gjorde seg nytte av det. Prosenttala aukar med aukande bruksstorlek, og dei distriktsvise variasjonane er store. Mest vanleg er det på Austlandet. Det er ikkje stor skilnad mellom fylka der, og heller ikkje nemnande skilnad mellom områda innan dei einskilde fylke. I dei fleste fylka der var det 88—96 prosent av bruka som hadde høve til å leiga fryseboks. Tabellane XI—XV viser kor mange det var som leigde fryseboks. I Trøndelag var det ca. 80 prosent som hadde høve til å leiga fryseboks. I dei andre landslutene var det langt færre, men det var store variasjonar mellom dei ymse strok innan dei einskilde fylke. I Agder var det vel 55 prosent som hadde høve til å leiga fryseboks. Prosenttalet for Hordaland var 35 og for Rogaland og Sogn og Fjordane bortimot 50 prosent. Møre og Romsdal skil seg ut med 73 prosent. I Nordland og Troms hadde om lag tredjekvart bruk høve til å leiga fryseboks, men i Finnmark berre vel 4 prosent.

Elektrisk mixmaster. I 1957 var det mixmaster på 3,6 prosent av alle bruka over 5 dekar. Medan det berre var 2—4 prosent i bruksklassane under 100 dekar, var det 14 prosent ved dei bruka som er større. Mixmaster er lite vanleg i alle fylke. Mest var det i Østfold og Akershus, men sjølv der var det berre 8 prosent som hadde mixmaster. Elles skifta det mellom 6 og 1 prosent, relativt færrest i Finnmark. Av dei einskilde jordbruksområda skil dei søraustlege slettebygdene i Buskerud seg ut med knapt 15 prosent.

Elektrisk komfyr. Det var elektrisk komfyr på 82,1 prosent av bruka over 5 dekar i 1957. Av alle som hadde innlagt elektrisitet i våningshuset, var det 90 prosent som hadde komfyr.

Det var elektrisk komfyr på 77 prosent av bruka mellom 5 og 20 dekar, Prosenttalet aukar til 95 for bruka over 100 dekar, men innlagt elektrisitet er òg meir vanleg di større bruka er.

Elektrisk komfyr er ikkje så vanleg i Nord-Noreg som i resten av landet. I Finnmark var det komfyr på 43 prosent av bruka og i Nordland og Troms på 67 prosent. For resten av fylka skiftar det mellom 93 prosent i Møre og Romsdal og 80 prosent i Hedmark og Nord-Trøndelag. I Hedmark er det dal- og fjellbygdene som dreg ned prosenttalet, i Nord-Trøndelag er det dal- og fjellbygdene og kystbygdene. Elles er det liten skilnad mellom dei ymse strok innan dei einskilde fylke.

Trykkokar. Det var trykkokar på 9,5 prosent av bruka. I bruksklassen over 100 dekar var det 24 prosent, medan det var berre 6—7 prosent ved bruka under 50 dekar. I Nord-Noreg var det knapt 4 prosent som hadde trykkokar og i Telemark og Agder 6—8 prosent. I resten av fylka var det stort sett 10—14 prosent.

Elektrisk varmvasskolbe. 26,7 prosent av bruka hadde varmvasskolbe i 1957. Dei største bruka skil seg ut med 63 prosent. I bruksklassen 50,1—100 dekar var det varmvasskolbe på tredjeparten av bruka, i klassen 20,1—50 dekar på vel femteparten og i klassen 5,1—20 dekar på knapt femteparten av bruka.

Skilnaden mellom fylka er stor. Varmvasskolbe er mest vanleg i Rogaland — på 44 prosent av bruka. Jæren står i ei stode for seg med 60 prosent. Elles er elektrisk varmvasskolbe mest vanleg i Trøndelag og på Austlandet. Det er relativt sett langt færre som har varmvasskolbe i Nord-Noreg enn elles i landet.

Elektrisk vaskemaskin. Vaskemaskin er no ei heller vanleg hjelperåd i bygdene. Etter teljinga i 1957 var det vaskemaskin på 45,6 prosent av alle bruka over 5 dekar. Rekna etter same brukstal som i 1949, skulle det i 1957 vera vel 97 000 bruk med vaskemaskin. Om lag tre fjerdepartar av bruka over 100 dekar hadde vaskemaskin, over halvparten av bruka mellom 50 og 100 dekar, vel to femtepartar i bruksklassen 20,1—50 dekar og over tredjeparten av bruka mellom 5 og 20 dekar.

Vaskemaskin er relativt mest vanleg på Austlandet. I alle fylka der, med unntak av Oppland, var det vaskemaskin på 54—57 prosent av bruka. I Oppland var det 49 prosent. I Rogaland og Nord-Trøndelag var det også knapt halvparten av bruka som hadde vaskemaskin. Elles skifta det sterkt frå fylke til fylke, men ikkje i noko fylke var det mindre enn fjerdeparten av bruka som hadde vaskemaskin.

Ved etterroknaden vart det spurt om det var høve til å nytta sams vaskeri og om dette eventuelt vart nytta. Det var berre 7,8 prosent av bruka som hadde slike høve, og ikkje meir enn 1,3 prosent som gjorde seg nytte av det. Tabellane XI—XV viser kor mange det var som nytta sams vaskeri. Det meste var 6,0 prosent i Buskerud.

Vel 20 prosent av bruka over 100 dekar hadde høve til å nytta sams vaskeri, men berre vel 5 prosent gjorde seg nytte av det. Det var berre 6—9 prosent av bruka i dei lægre bruksklassane som hadde høve til å nytta sams vaskeri. Relativt sett er det langt fleire som har tilgjenge til sams vaskeri på Austlandet enn elles i landet, men det er få som nyttar det. I Trøndelag og Møre og Romsdal er det etter måten mange av dei som har høve til å nytta sams vaskeri som gjer bruk av det, men det er sers få som i det heile har høve til sams vaskeri i desse fylka.

Elektrisk strykemaskin eller varmrulle. Dette er lite vanlege hjelperåder som fanst på berre 1,5 prosent av bruka i 1957. Sjølv ved dei største bruka var det ikkje meir enn vel 4 prosent og ved bruka under 100 dekar berre vel 1 prosent. Fylkesvis ymsar det mellom 0,8 og 2,4 prosent.

Kleederulle for handkraft. I medel for heile landet var det 35,7 prosent som hadde slik kleederulle. Klassen over 100 dekar skil seg ut med kleederulle ved bortimot tre fjerdepartar av bruka. For bruka under 100 dekar aukar det frå 25 prosent i klassen 5,1—20 dekar til 46 prosent i klassen 50,1—100 dekar.

Det var store variasjonar fylkesvis. Det skiftar mellom 58 prosent i Vestfold og 11 prosent i Troms og Finnmark. Stort sett er det slik at kleederulle er mest vanleg på Austlandet, medan Nord-Noreg skil seg ut med relativt få bruk der det er kleederulle. Rogaland er mellom dei fylka der kleederulle er mest vanleg.

Elektrisk strykejern. Strykejern er ei av dei mest vanlege hjelperådene det var spurnad etter ved denne etterroknaden. Det var strykejern på 86,6 prosent av alle bruka over 5 dekar. Heile 95 prosent av dei bruka som hadde elektrisitet i våningshuset, hadde også strykejern.

Skilnaden mellom bruk av ymse storleik er liten. Sjølv ved dei minste brukna var det elektrisk strykejern på 93 prosent av dei brukna som hadde innlagt elektrisitet. Det er litt større skilnad mellom bruksklassane, når ein ser bruk med strykejern i prosent av alle bruk i klassen. Det er for di det relativt sett er nok fleire bruk som har elektrisitet di større brukna er.

I Nord-Noreg er det etter måten færre bruk med strykejern enn elles i landet. Tek ein omsyn til at det er færre bruk med elektrisitet der, skal denne landsluten seg lite ut frå dei andre.

Symaskin. Dette er den mest vanlege av alle dei hjelpearåder etterrøknaden femnde over. I alt var det 89,8 prosent av brukna som hadde symaskin. Skilnaden mellom bruksklassane er liten, men det er litt meir ålment med symaskin med aukande bruksstorleik. 87 prosent av dei minste brukna hadde symaskin og 95 prosent av dei største. Det er ikkje stor skilnad mellom fylka heller. I Finnmark var det symaskin på 75 prosent av brukna, men for resten av fylka ymsar det berre mellom 94 og 87 prosent. Det er heller ikkje nokon nemnande skilnad mellom dei ulike distrikta innan fylka.

Ved etterrøknaden vart det spurt om kva slag symaskin dei hadde på bruket — om det var elektrisk maskin, trømaskin eller handsymaskin. På dette omkvervet er det større skilnad både etter bruksstorleik og distriktsvis. Som medeltal for heile landet var det handsymaskin på 72,8 prosent av brukna, 13,6 prosent hadde trøsymaskin, og 6,9 prosent hadde elektrisk maskin. Sume bruk hadde meir enn ein maskintype. Tabell 61 syner kor mange det var som hadde dei ymse symaskinane.

Tabell 61. Bruk som har dei ymse typar av symaskinar.

	Utrekna totaltal			I prosent av alle bruk		
	Elektrisk symaskin	Trø- symaskin	Hand- symaskin	Elektrisk symaskin	Trø- symaskin	Hand- symaskin
Bygdene i alt	14 786	28 928	155 472	6,9	13,6	72,8
Østfold	1 171	2 163	4 297	14,9	27,5	54,5
Akershus.....	1 160	1 793	6 465	11,8	18,3	65,9
Hedmark	1 399	4 005	12 576	7,4	21,2	66,4
Oppland	1 073	2 559	10 876	6,8	16,2	68,8
Buskerud	1 178	1 541	6 598	12,0	15,7	67,1
Vestfold	979	763	4 626	15,1	11,8	71,3
Telemark	819	2 007	5 288	9,4	23,1	60,8
Aust-Agder.....	325	1 125	4 063	5,3	18,4	66,6
Vest-Agder	571	700	6 623	6,5	7,9	74,9
Rogaland	1 252	795	9 307	10,3	6,6	76,7
Hordaland	846	1 281	13 086	5,2	7,9	80,6
Sogn og Fjordane .	565	959	9 461	4,8	8,2	80,9
Møre og Romsdal .	1 005	3 487	10 787	6,3	21,9	67,7
Sør-Trøndelag	710	1 078	10 348	5,5	8,4	80,9
Nord-Trøndelag ..	849	1 129	8 652	7,7	10,2	78,0
Nordland	363	1 686	18 743	1,6	7,3	81,0
Troms	363	1 360	10 556	2,8	10,3	80,2
Finnmark	158	497	3 120	3,3	10,2	64,2
Bygdene klassevis:						
5,1– 20 dekar ...	3 158	7 425	51 537	4,5	10,6	73,6
20,1– 50 » ...	4 096	10 631	59 798	5,1	13,3	74,6
50,1–100 » ...	3 377	6 519	31 397	7,9	15,3	73,8
Over 100 » ...	4 155	4 353	12 740	20,0	20,9	61,3

Handsymaskin var relativt mindre vanleg ved bruken over 100 dekar enn ved dei mindre bruk, og mindre vanleg på Austlandet enn elles i landet.

Trøsymaskin er relativt meir vanleg di større bruken er, og meir vanleg på Austlandet enn i dei andre landslutene. På Vestlandet skil Møre og Romsdal seg ut. Der er trømaskin etter måten like vanleg som i dei fleste fylka på Austlandet. I dei andre fylka på Vestlandet er trømaskin lite nytta.

Elektrisk symaskin er langt meir vanleg på bruken over 100 dekar enn på dei mindre brukna. Ved dei største brukna er det elektrisk maskin på femtekvarthundre bruk og såleis like vanleg som trømaskin. Ved bruken under 50 dekar var det derimot berre 5 prosent som hadde elektrisk maskin, medan det var trømaskin på 11–13 prosent. Elektrisk symaskin er også meir vanleg på Austlandet enn i dei andre landslutene. I Vestfold og Rogaland er elektrisk maskin vanlegare enn trømaskin. Minst vanleg er elektrisk symaskin i Nord-Noreg, der det berre var 2–3 prosent av bruken som hadde slik maskin.

Elektrisk støvsugar. 22,1 prosent av bruken over 5 dekar hadde støvsugar i 1957. Det er stor skilnad etter bruksstorleik. Halvparten av bruken over 100 dekar hadde støvsugar, fjerdeparten av bruken mellom 50 og 100 dekar og noko mindre enn femteparten av bruken under 50 dekar.

Det er store variasjonar fylkesvis. I Vestfold var det støvsugar på 41 prosent av bruken og i Østfold, Akershus og Rogaland på 34–38 prosent. I Nord-Noreg og Sogn og Fjordane var det derimot berre 9–11 prosent. Stort sett kan ein seia at støvsugar er mest vanleg i Agder og på Austlandet. Dei distriktsviser variasjonane innan fylka er også store. Støvsugar er mest ålmenn i dei beste jordbruksbygder. På Jæren var det såleis støvsugar på over halvparten av bruken.

Mjølkemaskin. Det er sers vanleg at kvinnene på bruken har fjøsstellet. Mjølkemaskin har difor like mykje å seia for å letta kvinnearbeidet, som mange av dei hjelperåder som hører husstellet til.

Det var mjølkemaskin på 18,1 prosent av bruken over 5 dekar i 1957. Rekna etter same brukstalet som i 1949 skulle det såleis vera mjølkemaskin på 38 700 bruk. Utviklinga sidan 1949 har vori sers sterkt. Den gongen var det 6 400 bruk som hadde mjølkemaskin. I 1939 var det 1 200.

Det er sers sterkt samanheng mellom bruksstorleik og bruken av mjølkemaskin. Når ein ser heile landet under eitt, var det berre vel 1 prosent av bruken i klassen 5,1–20 dekar som hadde mjølkemaskin. I bruksklassen 20,1–50 dekar var det 8 prosent. Så er det sterkt auke til klassen 50,1–100 dekar, der knapt 38 prosent hadde mjølkemaskin, og til bruksklassen over 100 dekar, der det var 73 prosent.

Skilnaden mellom bruksklassane er stor, men etterrøknaden syner at mjølkemaskin held på å vinna seg ein plass på dei mindre brukna også. I 1949 var det berre knapt 1 100 eller 16,6 prosent av dei 6 400 brukna med mjølkemaskin som hadde mindre enn 100 dekar jordbruksareal. Mindre enn 100 av desse brukna var på under 50 dekar. I 1957 var det under 100 dekar jordbruksareal ved 23 500 eller 60,8 prosent av dei 38 700 brukna med mjølkemaskin, og 7 500 eller 19,5 prosent hadde under 50 dekar.

Skilnaden mellom fylka er også stor. I Østfold, Vestfold, Rogaland og Nord-Trøndelag var det mjølkemaskin ved tredjeparten av bruken. I fylka i Nord-Noreg var det berre 3–6 prosent. Mjølkemaskin er relativt mest vanleg i dei beste jordbruksbygder. På Jæren var det såleis mjølkemaskin ved meir enn halvparten av bruken over 5 dekar.

Husmora og hennar arbeid.

Ved denne etterrøknaden er det rekna med husmor på bruket berre i dei høve der bruket er drivi av ektepar. Der det vantar husmor, kan det vera mor, syster, annan kvinneleg slektning eller kvinneleg leigehjelp som steller huset, men desse blir ikkje rekna som husmor i dette høvet.

Etter denne definisjonen var det husmor på ca. 165 000 av dei vel 213 000 brukta med over 5 dekar jordbruksareal.

Tabellane XII, XIV og XV syner kor stor prosent av husmødrene det er som har svara ja på dei ymse spørsmål ved etterrøknaden. Tabellane XI og XIII gjev utrekna totaltal.

Husmorskule. Knapt femteparten (18,6 prosent) av husmødrene hadde gått husmorskule. At husmora har husmorskule er meir vanleg di større bruka er. I bruksklassen 5,1—20 dekar hadde niandeparten av husmødrene gått husmorskule. Det aukar til sjuandeparten i klassen 20,1—50 dekar, knapt fjerdeparten i klassen 50,1—100 dekar og bortimot halvparten ved bruka over 100 dekar.

Det er heller stor skilnad mellom dei ymse landsluter. Husmorskule er mest vanleg på Austlandet. Så fylgjer Agder, Vestlandet og Trøndelag, og til sist Nord-Noreg. Akershus kjem først av fylka. Der hadde meir enn tredjeparten av husmødrene gått husmorskule. I dei andre fylka på Austlandet var det mellom 24 og 30 prosent. Serleg vanleg er husmorskule i dal- og fjellbygdene i Hedmark og Buskerud, der 40 prosent hadde husmorskule.

Dagleg husdyrstell. 81,4 prosent av husmødrene var med i det daglege husdyrstellet i 1957. Ved dei fullstendige jordbrukssteljingane i 1939 og 1949 vart det spurt om kona hadde fjssstellet. I 1939 var det 70,7 prosent som svara ja på dette spørsmålet, og i 1949 var det 76,3 prosent.

Oppgåvene frå 1957 synter at det var mest vanleg at husmora var med i husdyrstellet på bruka mellom 20 og 100 dekar. Det var minst vanleg på bruka over 100 dekar, men sjølv der var ca. 70 prosent av husmødrene med i dette arbeidet.

At husmora er med i husdyrstellet, er sers vanleg på Vestlandet, i Trøndelag og Nord-Noreg. Mellom 81 og 89 prosent av husmødrene i dei einskilde fylka innan desse landslutene var med i husdyrstellet. Minst vanleg var det i Vestfold med 66 prosent. Elles var det ikkje noko fylke som kom under 70 prosent. Dei distriktsvise variasjonane innan dei einskilde fylke var som regel ikkje store, men det er noko mindre vanleg at husmora er med i husdyrstellet i dei beste jordbruksbygder enn i dei andre stroka. I Buskerud t. d. er dette tydeleg. Der var knapt 60 prosent av husmødrene i dei sør austlege slettebygder med i husdyrstellet, medan over 85 prosent var med i dal- og fjellbygdene.

Separering. Husmora hadde arbeid med separering på 16,8 prosent av dei bruka der det var husmor. Det er mest vanleg ved bruka under 50 dekar og blir mindre vanleg di større bruka er. Det er stor skilnad fylkesvis, og enda større distriktsvise variasjonar innan sume av fylka. Dette er rimeleg nok, då det er mest aktuelt med separering i strok der mjelka ikkje blir levert til meieri. Det er i Telemark det er relativt flest husmødre som har arbeid med separering. Der hadde 30 prosent av husmødrene slikt arbeid. Meir enn 20 prosent var det elles i Buskerud, Aust-Agder, Sogn og Fjordane, Sør-Trøndelag og Nordland. Relativt minst vanleg var separering i Rogaland, Vestfold og Møre og Romsdal, der berre ca. 6 prosent av husmødrene hadde dette arbeidet.

Fylkestala fortel elles ikkje så svært mykje, for di variasjonane innan fylka kan vera så store. Separering er lite vanleg i dei beste jordbruksbygder, men sers vanleg i visse dal- og fjellbygder og kystbygder. Som døme på store variasjonar innan eit fylke kan ein nemna Sør-Trøndelag. Der var det berre 9 prosent av husmødrene som separerte i bygdene ved Trondheimsfjorden, medan det var 67 prosent i kystbygdene. Andre jordbruksområde der separering var serleg vanleg, er dal- og fjellbygdene i Telemark, Aust-Agder og Vest-Agder. I desse stroka hadde over halvparten av husmødrene arbeid med separering.

Ved etterrøknaden var det teki med eit spørsmål om kor mange ganger i veka husmora separerte. I tabell 62 er det gjevi eit oversyn som viser fordeling etter tal separeringar pr. veke.

Tabell 62. Bruk der husmora separerer, prosentvis fordelte etter separeringar pr. veke.

	1 eller 2 gonger	3 eller 4 gonger	5 eller 6 gonger	7 eller 8 gonger	9 eller 10 gonger	11 eller 12 gonger	13 eller 14 gonger	I alt
Bygdene i alt	14,4	7,9	8,7	28,1	2,1	2,8	36,0	100
Østfold	23,7	3,1	2,6	25,0	2,6	2,6	40,4	100
Akershus.....	29,6	9,7	10,1	20,9	—	3,3	26,4	100
Hedmark	14,6	3,7	11,1	22,7	0,5	1,5	45,9	100
Oppland	18,7	11,5	6,2	39,3	0,7	0,8	22,8	100
Buskerud	32,8	8,1	4,8	21,6	4,1	2,2	26,4	100
Vestfold	40,7	7,6	—	22,1	3,8	—	25,8	100
Telemark	12,3	6,1	4,3	29,8	1,9	—	45,6	100
Aust-Agder.....	9,0	9,7	1,0	25,4	3,0	3,2	48,7	100
Vest-Agder	10,4	2,6	3,5	13,7	—	—	69,8	100
Rogaland	6,6	8,9	2,9	25,7	—	2,3	53,6	100
Hordaland	31,5	9,0	9,6	20,0	0,6	4,6	24,7	100
Sogn og Fjordane	2,6	1,8	6,8	46,9	4,4	5,1	32,4	100
Møre og Romsdal	10,6	8,8	22,9	35,4	1,4	—	20,9	100
Sør-Trøndelag	11,1	1,8	1,9	10,4	0,8	7,3	66,7	100
Nord-Trøndelag	27,2	4,1	4,1	25,9	4,9	2,8	31,0	100
Nordland	7,1	11,3	14,6	35,0	2,6	2,1	27,3	100
Troms	6,8	13,5	17,2	36,4	1,0	3,8	21,3	100
Finnmark	14,1	42,4	18,1	13,9	5,0	—	6,5	100
Bygdene klassevis:								
5,1– 20 dekar	8,9	9,0	10,5	33,2	2,3	2,9	33,2	100
20,1– 50 »	12,5	7,1	8,3	27,5	2,0	2,8	39,8	100
50,1–100 »	23,2	6,7	7,1	22,1	1,6	2,2	37,1	100
Over 100 »	58,5	9,9	2,1	8,7	2,9	3,3	14,6	100

Separering 13 eller 14 gonger i veka er det vanlegaste når ein ser heile landet under eitt. Det er dei som separerer kvar dag, både morgon og kveld, som kjem i denne gruppa. Den nest største gruppa er dei som separerer 7 eller 8 gonger i veka. Dette er i fyrste rekke dei som separerer kvar dag, men berre ein gong om dagen. Så følgjer dei som separerer 1 eller 2 gonger i veka. Dette er for ein stor del bruk der det blir levert mjølk til meieri, men mjølka frå vekeskiftet blir nytta heime.

Ser ein på tala for dei einskilde bruksklassar, finn ein at dagleg separering er etter måten langt meir vanleg ved bruk under 100 dekar enn ved dei større bruk. Ved bruk over 100 dekar er det derimot separering 1 eller 2 gonger i veka som er det mest vanlege. Ein ser òg at det er stor skilnad mellom fylka. Meir enn to tredjepartar av dei husmødrrene som hadde arbeid med separering i Vest-Agder og Sør-Trøndelag, separerte 13 eller 14 gonger i veka. I Sogn og Fjordane var 7 eller 8 separeringar serleg vanleg, medan 1 eller 2 gonger var relativt vanleg i Vestfold.

Ein må elles vera merksam på at oppgåvene over separering ikkje gjev beinveges svar på kor mange bruk det blir separert ved. I etterrøknaden var det berre spørsmål om husmora har arbeid med separering. På ein del bruk kan det vera andre som i større eller mindre grad gjer dette arbeidet, sjølv om det er husmor på bruket.

Kinning. 14,9 prosent av husmødrrene hadde arbeid med kinning. Også på dette omkvervet er det sterkt samanheng med bruksstorleiken. Kinning blir mindre vanleg med aukande bruksstorleik. 19 prosent av husmødrrene hadde arbeid med kinning i klassen 5,1—20 dekar, men berre vel 3 prosent i klassen over 100 dekar. Variasjonane distriktsvis er store og syner same biletet som oppgåvene over separering. Der separering er vanleg, er det òg vanleg å kinna.

Ysting. At husmora har arbeid med ysting, er langt mindre vanleg enn separering og kinning, men rekkjefylgja mellom dei ymse bruksklassar og distrikt er stort sett den same. For heile landet under eitt var det berre 3,6 prosent av husmødrrene som hadde arbeid med ysting i 1957. Relativt flest var det i Sør-Trøndelag og Troms med 8 prosent.

Hagestellet. Det vart opplyst at 56,8 prosent av husmødrrene hadde hagestellet. Det er ikkje serleg stor skilnad mellom bruk av ymse storleik. Bruka over 100 dekar skil seg rett nok ut med 69 prosent, men for dei lægre bruksklassar skiftar det berre mellom 53 og 58 prosent. At husmora har hagestellet, er relativt mest ålment på Austlandet, serleg i Vestfold, Østfold og Akershus. Minst vanleg er det i Nord-Noreg. Ein må vera merksam på at det i sume strok er lite vanleg med hage i det heile. Når det i Finnmark såleis er berre vel 10 prosent av husmødrrene som har hagestellet, er ikkje dette eit prov på at andre gjer arbeidet. I stor mon skriv det seg frå at det ikkje er hage på brukta. Noko av det same gjer seg gjeldande i fjellbygdene.

Jordbruksarbeidet. Oppgåvene frå 1957 syner at 83,2 prosent av husmødrrene var med i det vanlege jordbruksarbeidet. Etter oppgåver til dei fullstendige jordbrukssteljingane var det 71,7 prosent av konene som var med i utearbeidet i 1949 og 66,7 prosent i 1939.

22,2 prosent av husmødrrene var dagleg med i det vanlege jordbruksarbeidet i 1957, 21,5 prosent var med stundom og 39,5 prosent i onnene.

At husmora er med i jordbruksarbeidet, er mest vanleg ved bruk mellom 20 og 100 dekar, minst vanleg ved bruk over 100 dekar. Det er dagleg jordbruksarbeid og arbeid i onnene som er etter måten mindre vanleg ved dei største brukta enn ved brukta under 100 dekar. Dagleg jordbruksarbeid er serleg vanleg i bruksklassen 20,1—50 dekar.

Det er i Nord-Noreg og på Vestlandet at husmora mest ålment er med i jordbruksarbeidet. Ikring 90 prosent av dei er med i arbeidet i desse landslutene. Jordbruksarbeid for husmora er minst vanleg på Austlandet og dernest i Trøndel-

lag. Men sjølv i dei fylka der det er relativt færrast — Akershus, Hedmark og Oppland — var over 70 prosent av husmødrene meir eller mindre med i jordbruksarbeidet.

Tabell 63 syner i kor stor mon husmora er med i jordbruksarbeidet i dei ymse fylka.

Tabell 63. Bruk der husmora er med i det vanlege jordbruksarbeidet.

	Utrekna totaltal				I prosent av alle bruk med husmor			
	Dagleg	Stun-dom	I onnene	I alt	Dagleg	Stun-dom	I onnene	I alt
Bygdene i alt	36 737	35 511	65 223	137 471	22,2	21,5	39,5	83,2
Østfold	1 136	1 581	2 604	5 321	17,3	24,1	39,7	81,1
Akershus.....	1 142	1 977	2 336	5 455	15,0	25,9	30,6	71,5
Hedmark	1 009	3 606	5 474	10 089	7,0	25,1	38,1	70,2
Oppland	736	3 414	4 654	8 804	6,0	27,9	38,1	72,0
Buskerud	1 167	1 876	2 610	5 653	15,8	25,3	35,3	76,4
Vestfold	933	1 430	1 557	3 920	18,2	27,9	30,4	76,5
Telemark	1 100	1 693	2 589	5 382	17,2	26,5	40,5	84,2
Aust-Agder.....	870	1 586	1 543	3 999	19,1	34,8	33,9	87,8
Vest-Agder	1 856	1 234	2 142	5 232	30,5	20,3	35,2	86,0
Rogaland	2 587	2 243	3 282	8 112	27,4	23,8	34,8	86,0
Hordaland	5 244	1 457	4 520	11 221	42,1	11,7	36,3	90,1
Sogn og Fjordane	3 684	1 123	3 346	8 153	41,7	12,7	37,9	92,3
Møre og Romsdal	3 637	2 375	5 410	11 422	28,8	18,8	42,8	90,4
Sør-Trøndelag	1 208	2 509	4 202	7 919	12,3	25,5	42,6	80,4
Nord-Trøndelag	1 176	2 381	3 723	7 280	12,8	26,0	40,6	79,4
Nordland	5 890	2 742	7 868	16 500	32,1	14,9	42,9	89,9
Troms	2 556	1 636	5 796	9 988	24,0	15,3	54,3	93,6
Finnmark	806	648	1 567	3 021	23,2	18,7	45,2	87,1
Bygdene klasveis:								
5,1– 20 dekar	11 437	11 491	19 661	42 589	21,9	22,0	37,7	81,6
20,1– 50 »	15 921	12 486	26 198	54 605	25,7	20,1	42,2	88,0
50,1–100 »	7 633	7 285	13 814	28 732	22,7	21,6	41,0	85,3
Over 100 »	1 746	4 249	5 550	11 545	10,1	24,6	32,2	66,9

Skilnaden mellom fylka er serleg stor når det gjeld dagleg jordbruksarbeid. I dei fleste fylka er det arbeid i onnene som er mest vanleg, men i Hordaland og Sogn og Fjordane er det dagleg jordbruksarbeid som er det vanlegaste. Om lag 42 prosent av husmødrene er dagleg med i jordbruksarbeidet i desse fylka. Elles er 32 prosent det meste — i Nordland. I Oppland og Hedmark er det berre 6—7 prosent som dagleg er med.

Kvinneleg arbeidshjelp ved sida av husmora. Ved etterrøknaden i 1957 vart det spurt om det var kvinneleg arbeidshjelp på bruket ved sida av husmora, og om det i så fall var fast eller tilfelleleg hjelp — av framande eller familiemedlemmer. Det vart ikkje spurt om kor mykje hjelp dei hadde.

Av bruka med husmor var det i alt 44,0 prosent som hadde kvinneleg arbeidshjelp. 18,7 prosent hadde fast hjelp. I dei fleste tilfelle er det familiemedlemmer dei har til hjelp. Det er relativt fleire som har hjelp di større bruka er, og skil-

naden klassevis er størst når det gjeld framand hjelp, og serleg fast framand hjelp.

Tabell 64 gjev eit oversyn over oppgåvene frå etterøknaden.

Tabell 64. Prosent bruk med kvinneleg arbeidshjelp ved sida av husmora.

	Med fast hjelp		Med tilfelleleg hjelp		I alt med hjelp	I alt med fast hjelp
	Framande	Familie-medl.	Framande	Familie-medl.		
Bygdene i alt	2,7	16,9	11,9	23,3	44,0	18,7
Østfold	4,0	14,1	14,1	20,7	43,3	17,3
Akershus	3,0	9,0	12,9	18,1	36,2	11,5
Hedmark	3,5	13,7	16,6	21,5	42,3	15,8
Oppland	4,2	15,8	18,9	18,6	45,0	18,5
Buskerud	3,3	12,2	14,0	18,2	38,2	14,6
Vestfold	2,1	10,9	15,7	23,2	39,8	12,0
Telemark	2,2	12,4	6,4	20,2	35,6	14,0
Aust-Agder	1,5	14,6	11,0	18,4	37,7	15,7
Vest-Agder	1,0	10,5	8,9	19,7	34,8	11,5
Rogaland	2,4	15,1	11,3	21,6	38,7	17,0
Hordaland	2,0	18,1	5,4	25,0	44,0	19,4
Sogn og Fjordane .	4,0	29,2	7,0	24,8	53,1	32,2
Møre og Romsdal .	2,1	16,4	7,4	27,8	44,8	17,9
Sør-Trøndelag	2,7	23,2	16,1	23,9	50,1	25,5
Nord-Trøndelag ..	2,8	16,9	15,1	20,5	42,9	19,0
Nordland	1,9	17,8	8,5	25,4	45,1	19,2
Troms	2,1	21,5	13,9	33,7	55,3	22,8
Finnmark	2,0	30,0	12,1	32,6	56,0	31,3
Bygdene klassevis:						
5,1- 20 dekar ...	1,2	12,8	6,1	19,7	33,1	13,7
20,1- 50 » ...	1,7	16,6	9,9	24,8	43,8	17,7
50,1-100 » ...	2,8	22,3	16,4	26,7	53,9	24,1
Over 100 » ...	10,4	19,5	27,7	21,8	58,4	27,3

For heile landet sett under eitt var det fast framand hjelp på 2,7 prosent av bruken med husmor. 16,9 prosent hadde fast familiehjelp. Det var tilfelleleg framand hjelp på 11,9 prosent av bruken og tilfelleleg familiehjelp på 23,3 prosent. Ein del bruk har meir enn ein kategori av arbeidshjelp.

Sort sett er det relativt flest med hjelp på Vestlandet, i Trøndelag og Nord-Noreg. Det er i fyrste rekke familiehjelpa som er så vanleg i desse landslutene. Det er på Austlandet ein finn relativt flest bruk med framand hjelp, men det er etter måten mange i Trøndelag og Nord-Noreg også. Storparten av den framande hjelpana er tilfelleleg. Ikkje i noko fylke var det nemnande over 4 prosent av bruken som hadde fast framand hjelp ved sida av husmora.

Middagskvild. Etter oppgåvene i 1957 var det to tredjepartar (66,0 prosent) av husmødrane som kvilte middag. Det var heller få, 13,9 prosent, som kvilte dagleg. Resten, 52,1 prosent, kvilte berre stundom.

Det er liten skilnad mellom bruksklassane når det gjeld middagskvild. Dagleg middagskvild er litt vanlegare ved dei større bruk enn ved dei mindre,

medan det relativt sett er litt vanlegare at husmora stundom kviler middag ved bruken inntil 50 dekar enn i dei høgre bruksklassar. Dei distriktsvise variasjonane er store. Middagskvild er ein god del vanlegare i Hordaland, Sogn og Fjordane, Nordland og Troms enn elles i landet. Om lag fire femtepartar av husmødrene i desse fylka kviler middag. Relativt færrest er det i Oppland og Hedmark, der ca. halvparten av husmødrene kviler. Skilnaden mellom fylka er særleg stor når det gjeld dagleg middagskvild. I Vestfold, Hordaland og Sogn og Fjordane var det mellom fjerdeparten og femteparten av husmødrene som kvilte dagleg i 1957. I Oppland var det ikkje stort meir enn tjuandekvar husmor som kvilte dagleg. Det var sers få i Hedmark òg.

Ferie. På grunnlag av oppgåvene frå 1957 er det rekna ut at vel 19 600 eller 11,9 prosent av dei 165 000 husmødrene med over 5 dekar jordbruksareal hadde hatt minst 1 veke ferie siste året. Ved bruken over 100 dekar var det knapt 19 prosent, medan det var 10—12 prosent i dei lægre bruksklassar. Relativt færrest var det i klassen 20,1—50 dekar.

Relativt flest husmødrer med ferie var det i Akershus, Vestfold og Rogaland, 17—19 prosent. Færrest var det i Sør-Trøndelag med vel 8 prosent og dernest i Møre og Romsdal, Nordland og Troms med ca. 10 prosent. Det er elles store variasjonar innan dei einskilde fylke, men ikkje i noko jordbruksområde var det nemnande meir enn 20 prosent av husmødrene som hadde hatt ferie.

Ved etterrøknaden vart det òg spurt om kor mange feriedagar husmora hadde hatt siste året og kva slag ferie det var — privat ferie eller sams husmørferie. Tabell 65 syner talet på husmødrer med ferie prosentvis fordelt etter lengda på ferien og etter ferieform. Tabellen viser òg talet på feriedagar i medel for dei som har gjevi oppgåver.

8—14 feriedagar er det vanlegaste og dernest 6 og 7 dagar (1 veke). Det var relativt få, berre 8 prosent, av husmødrene med ferie som hadde hatt meir enn 14 dagar.

Skilnaden mellom bruksklassane er liten. Det er større skilnad distriktsvis. Stort sett er 8—14 dagar relativt meir vanleg på Austlandet og i Trøndelag enn elles i landet. Meir enn 14 dagar er etter måten mest vanleg i Nord-Noreg.

I medel for alle husmødrer med ferie var ferietida 10,2 dagar. Medeltalet går noko ned med aukande bruksstorleik, men ymsar berre mellom 10,8 og 9,4 dagar. Fylkesvis varierer det mellom 13,1 dagar i Finnmark og 8,9 i Buskerud. Talet på feriedagar er i det heile litt større i Nord-Noreg enn elles i landet.

Heile 93,0 prosent av dei som har svara på spørsmålet hadde privat ferie. Sams husmørferie er relativt mest vanleg ved bruken mellom 50 og 100 dekar, men sjølv der var det berre 10 prosent av husmødrene med ferie som hadde vori med på sams ferie. Ved bruken mellom 20 og 50 dekar var det 7 prosent, medan det var 5 prosent i klassane over 100 og under 20 dekar. Sams husmørferie var relativt mest vanleg i Finnmark, Hedmark og Akershus. I desse fylka hadde 12—16 prosent av husmødrene med ferie vori med på sams husmørferie.

Arbeidsdagen. I samband med den representative jordbrukssteljinga i 1956 var det ein etterrøknad over arbeidsdagen i jordbruket.

Medeltala frå denne teljinga syntetiserte at i sumartida tok den vanlege arbeidsdagen til kl. 6.51 og slutta kl. 19.34. Brutto arbeidstid var 12 timar og 43 minuttar. Til opphold mellom øktene gjekk det med 2 timar og 20 minuttar. Netto arbeidstid var 10 timar og 23 minuttar.

Tabell 65. Husmødrer med ferie prosentvis fordelt etter ferielengd og ferieform.

	Etter lengda på ferien					Tal ferie- dagar i medel	Etter ferieform			
	6 og 7 dagar	8–14 dagar	15–21 dagar	Over 21 dagar	I alt		Privat ferie	Sams hus- mor- ferie	Både privat ferie og sams hus- mor- ferie	I alt
Bygdene i alt ...	33,8	58,0	5,5	2,7	100	10,2	93,0	6,5	0,5	100
Østfold	17,9	72,9	7,4	1,8	100	9,8	98,5	1,5	—	100
Akershus	28,6	64,7	3,5	3,2	100	10,4	86,5	11,9	1,6	100
Hedmark	37,3	60,1	1,4	1,2	100	9,4	86,4	13,6	—	100
Oppland	25,7	69,0	5,3	—	100	9,7	90,3	8,5	1,2	100
Buskerud	33,9	62,4	3,7	—	100	8,9	93,8	6,2	—	100
Vestfold	36,7	56,1	6,0	1,2	100	9,6	97,7	1,2	1,1	100
Telemark	36,9	59,8	1,7	1,6	100	9,1	95,9	4,1	—	100
Aust-Agder	30,6	61,9	7,5	—	100	10,7	94,1	5,9	—	100
Vest-Agder	40,6	54,6	4,8	—	100	9,4	98,6	1,4	—	100
Rogaland	42,2	48,4	5,1	4,3	100	10,6	95,6	4,4	—	100
Hordaland	38,9	56,4	4,0	0,7	100	9,5	96,5	3,5	—	100
Sogn og Fjordane	26,1	66,3	5,7	1,9	100	10,0	94,9	3,2	1,9	100
Møre og Romsdal	45,9	48,0	4,2	1,9	100	9,4	95,3	4,7	—	100
Sør-Trøndelag ..	37,3	52,7	8,4	1,6	100	10,3	90,6	9,4	—	100
Nord-Trøndelag .	33,4	59,0	4,4	3,2	100	10,2	90,2	9,8	—	100
Nordland	24,6	57,4	11,7	6,3	100	12,3	96,2	3,8	—	100
Troms	37,2	49,2	6,2	7,4	100	11,9	89,5	8,2	2,3	100
Finnmark	33,4	45,4	10,6	10,6	100	13,1	83,8	16,2	—	100
Bygdene kl.vis:										
5,1– 20 dekar	31,1	59,3	6,4	3,2	100	10,8	95,1	4,9	—	100
20,1– 50 »	36,5	55,6	4,2	3,7	100	10,4	92,5	7,0	0,5	100
50,1–100 »	35,2	57,0	6,1	1,7	100	9,8	89,4	9,7	0,9	100
Over 100 »	32,5	61,2	5,3	1,0	100	9,4	94,5	4,8	0,7	100

I vintertida tok arbeidet til kl. 7.14 og varde til kl. 18.27. Brutto arbeidstid var 11 timer og 13 minuttar og opphalda mellom øktene 2 timer og 19 minuttar. Netto arbeidstid var 8 timer og 54 minuttar.

Ved sida av oppgåvane over den ålmenne arbeidsdagen vart det òg henta inn oppgåver over nettoarbeidsdagen for m. a. husmora. Nettø arbeidstid for husmora var 10 timer og 57 minuttar om sumaren og 9 timer og 33 minuttar om vinteren.

Ein viser elles til «Jordbruksstatistikk 1956» (NOS XI. 276).

Tabell I. Jordbruksarealet

	Øst-fold	Akers-hus	Hed-mark	Opp-land	Buske-rud	Vest-fold	Tele-mark	Aust-Agder
Haustkveite	8 029	1 789	3 054	539	1 879	512	2 799	349
Vårkveite	18 067	17 716	19 850	10 056	12 446	21 685	12 140	783
Haustrug	1 520	144	28	-	54	1 395	100	-
Vårrug	157	556	427	264	49	659	145	75
Bygg	145 353	162 240	251 898	195 753	86 477	118 317	25 762	10 756
Havre	127 785	160 151	73 041	31 304	54 085	62 640	17 620	6 085
Blandkorn	2 990	3 348	1 530	7 598	1 506	908	30	-
Erter	271	109	1 560	127	103	449	150	292
Korn og erter i alt....	304 172	346 053	351 388	245 641	156 599	206 565	58 746	18 340
Grønför	1 569	2 203	17 198	15 089	6 340	817	3 239	2 575
Poteter	35 461	40 493	61 424	60 299	22 378	35 185	18 741	11 891
Førnepe	882	1 016	4 075	1 244	488	373	290	131
Kålrot	11 004	9 703	8 213	4 955	5 058	8 924	3 393	1 404
Fôrbete	618	333	110	38	598	1 824	564	1 615
Fôrmergkål	2 007	3 052	4 185	925	275	756	473	66
Grønsaker	7 903	5 740	2 377	2 695	7 688	6 875	4 189	2 717
Andre vokstrar på åker og i hage ¹	15 757	33 338	14 047	11 107	23 172	17 467	13 090	7 569
Brakk	12 538	6 748	10 579	4 845	3 878	3 868	3 423	1 690
I alt i åker og hage....	391 911	448 679	473 596	346 838	226 474	282 654	106 148	47 998
Eng til slått:								
Eng på dyrka jord	256 842	283 957	357 836	313 236	191 794	138 281	159 848	93 650
Natureng på innmark	2 303	7 816	48 706	63 299	25 207	7 260	20 781	6 923
Sæterlykkjer	-	64	15 717	57 971	14 976	-	2 437	505
Utslætter	8	2 214	3 550	4 709	962	82	1 585	3 301
Eng til { på dyrka jord	42 278	46 347	19 953	12 884	10 410	25 964	17 746	6 210
beite { på natureng	5 535	19 215	56 460	56 039	11 079	1 775	7 918	2 715
Kultur- { på dyrka jord	42 332	43 682	20 559	4 065	16 171	31 625	12 475	4 953
beite { på overflatedyrka jord	26 545	30 860	38 712	73 589	20 116	6 761	22 996	7 133
I alt jordbruksareal...	767 754	882 834	1035089	932 630	517 189	494 402	351 934	173 388
Av dette: Dyrka jord	733 363	822 665	871 944	677 023	444 849	478 524	296 217	152 811
Innmark	767 746	880 556	1015822	869 950	501 251	494 320	347 912	169 582

¹ Jordbær og bringebær rekna med.

1957. Dekar.

Vest-Agder	Rogaland	Hordaland	Sogn og Fjordane	Møre og Romsdal	Sør-Trøndelag	Nord-Trøndelag	Nordland	Troms	Finnmark	Bygdene i alt
-	-	-	-	-	-	55	-	-	-	19 005
428	1 415	89	-	66	2 020	4 865	31	-	-	121 657
42	56	-	-	-	-	-	-	-	-	3 339
